




NOREGS BANK



# 2015 ÅRSMELDING OG REKNESKAP

# VI MARKERER 200 ÅRS HISTORIE



I 2016 er det 200 år sidan det to år gamle norske stortinget vedtok å opprette ein eigen bank for den nye nasjonen. Lova blei sanksjonert av Kongen 14. juni 1816.

Gjennom jubileumsmarkeringa ønskjer vi å opne opp, invitere inn og reise ut i landet for å tilby folk meir innsikt i historia og det særeigne samfunnsoppdraget til banken.

## SYMPOSIUM

I høve 200-årsjubileet til Noregs Bank arrangerer vi eit symposium: «Samspillet mellom pengepolitikk og finansiell stabilitet: Veien videre».


Programmet omfattar mellom anna kva lærdom ein kan trekkje frå finanskrisa – om samspelet mellom pengepolitikk og finansiell stabilitet, erfaringar og forventingar til makropolitikk, og om høvet til å finjustere finanssektoren.

## KUNNSKAPSENTERET

Noregs Bank opnar eit interaktivt kunnskapssenter for skuleelevar. Gjennom spelet «Horisont» blir elevane utfordra til å byggje opp ein økonomi frå bytesamfunn til moderne pengeøkonomi.

## JUBILEUMSMYNT

I jubileumsåret lanserer vi ein jubileumsmynt. Det er ein 20-krone sirkulasjonsmynt med spesialpreg.



## AKTIVITETAR I JUBILEUMSÅRET 2016

### 5. januar

Lansering av JubileumsWeb:  
[www.norges-bank.no/200-år](http://www.norges-bank.no/200-år)

### 18. februar

**Årstalen**  
Noregs Bank, Oslo

### 2. mars

**Årstalen for studentar**  
Med casekonkurranse  
Universitetet i Oslo

### 7. april

**Tale til det diplomatiske korps**  
Noregs Bank, Oslo

### 12. april

**Besøk i Kongsberg**  
Regionalt næringslivsforedrag og bedriftsbesøk. Norsk Bergverksmuseum opnar utstillinga «Kongen og elgen: Formgivning av mynter og medaljer i 200 år».

### 12. april

**Tale i Det Norske Videnskaps-Akademi**  
Oslo

### 2. mai

**Besøk i Molde**  
Foredrag for regionalt nettverk og besøk på Molde videregående skole

### 3. mai

**Besøk i Bodø**  
Vi deltek på næringslivskonferansen «Opplyst!» og møter studentar.

### 18.-19. mai

**Besøk i Stavanger**  
Foredrag for regionalt nettverk. Norsk Oljemuseum opnar utstillinga «Fra oljeformue til finansformue», bedriftsbesøk og casekonkurranse for studentar.

### 10. juni

**Boklansering**  
• *Norges Bank 1816-2016*  
• *Norges Bank 1816-2016: En historie i bilder*

### 14. juni

**Offisiell jubileumsmarkering, Trondheim**  
Den offisielle jubileumsmarkeringa er lagd til Trondheim, som var hovudsetet til Noregs Bank frå 1816 til 1897.

### 16. juni

**Internasjonalt symposium**  
«Samspillet mellom pengepolitikk og finansiell stabilitet: Veien videre»  
Noregs Bank, Oslo

### 19. juni

**Open dag**  
Vi inviterer til jubileumsmarkering på Bankplassen og i Noregs Bank.

Vi inviterer publikum til å delta på eit av dei fire foredraga våre eller ein guida tur i banken, og byr på kunnskap om bankens historie og samfunnsoppdrag. På Bankplassen blir det enkel servering og aktivitetar for store og små.

I dei gamle bankbygga våre blir det denne dagen opna to temporære utstillingar:

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design opnar utstillinga «Lås opp! – Norges Bank 200 år». Utstillinga blir vist i sjølve kvelvet!

Samtidskunstmuseet opnar ei utstilling som viser alle dei innsende arbeida frå konkurransen om designet for jubileumsmynten.

Vinnardesignet er utstilt saman med alle dei innsende forslaga.

### 31. august

**Besøk i Kristiansand**  
I Kristiansand deltek Noregs Bank på ein regional bankkonferanse.

### 28. september

**Besøk i Bergen**  
Foredrag for regionalt nettverk og casekonkurranse for studentar. Opning av utstillinga «Sølvskatten» – ei temporær utstilling som er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetsmuseet, Bergen Bymuseum og KODE.

### 11. oktober

**Besøk i Trondheim**  
Foredrag for regionalt nettverk og studentar og casekonkurranse for studentar

### 12. oktober

**Besøk i Lillehammer**  
Regional nettverkskonferanse for næringsliv og studentar

### 27. oktober

**Finale – casekonkurranse**  
Noregs Bank, Oslo

### 16. desember

**Foredrag for regionalt nettverk**  
Noregs Bank, Oslo

## JUBILEET PÅ SOSIALE MEDIUM

[www.norges-bank.no/200-ar/](http://www.norges-bank.no/200-ar/)

[www.norges-bank.no/en/200th-anniversary/](http://www.norges-bank.no/en/200th-anniversary/)



Norges Bank 200 år



Norges Bank

# 2015

## ÅRSMELDING OG REKNESKAP



NOREGS BANK

# INNHALD

<b>DEL I</b>		
<b>ÅRSMELDING FRÅ HOVDSTYRET 2015</b>	<b>5</b>	
<b>Hovudstyret til Noregs Bank</b>	<b>6</b>	
<b>Oppgaver og styringsstruktur</b>	<b>8</b>	
<b>Samansetjing og arbeid i hovudstyret i 2015</b>	<b>10</b>	
<b>Nokre nøkkeltall</b>	<b>12</b>	
<b>Årsmelding frå hovudstyret for 2015</b>	<b>15</b>	
Mål og verdiar	15	
Vidareutvikling av styringsstrukturen	15	
Pengepolitikk	16	
Finansiell stabilitet	17	
Kapitalforvaltning i Noregs Bank	18	
Valutareservane	18	
Statens pensjonsfond utland	18	
Verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll	20	
Nærmare om balansesamansetjing og finansiell risiko	21	
Utgreiing om rekneskapen	21	
Disponering av totalresultatet	22	
Samfunnsansvar	23	
Ein open sentralbank	23	
Ansvarleg forvaltning	23	
Etisk forretningsåtfærd	25	
Medarbeidarar og arbeidsmiljø	26	
<b>DEL II</b>		
<b>ÅRSREGNSKAP 2015</b>		<b>29</b>
<b>Resultatregnskap</b>		<b>33</b>
<b>Balanse</b>		<b>34</b>
<b>Kontantstrømoppstilling</b>		<b>36</b>
<b>Oppstilling over endringer i egenkapital</b>		<b>37</b>
<b>Noter</b>		<b>38</b>
<b>Revisors beretning</b>		<b>133</b>
<b>Representantskapets vedtak om fastsettelse av årsregnskapet for 2015</b>		<b>135</b>
<b>Representantskapets uttalelse om hovudstyrets protokoller og tilsynet med banken</b>		<b>135</b>
<b>DEL III</b>		
<b>VERKSEMMA TIL NOREGS BANK</b>		<b>137</b>
<b>Kapittel 1</b>		
<b>Pengepolitikk</b>		<b>139</b>
Vekst som venta, men noko svakare utsikter fram mot rentemøtet i mars		139
Utviklinga om lag som anslått fram til rentemøtet i mai		140
Svakare vekstutsikter fram mot rentemøtet i juni		141
Fall i oljeprisen og svakare vekstutsikter fram mot rentemøtet i september		142
Litt svakare utvikling enn venta og svakare krone fram mot rentemøtet i november		143
Vidare fall i oljeprisen og noko svakare vekstutsikter fram mot rentemøtet i desember		144

## Noregs Bank Oslo 2016

Hovudkontoret: Bankplassen 2  
Postadresse: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo  
Telefon: 22 31 60 00  
Telefaks: 22 41 31 05  
Reg.nr.: 0629/7  
E-post: central.bank@norges-bank.no  
Internett: <http://www.norges-bank.no>

Sentralbanksjef: Øystein Olsen  
Visesentralbanksjef: Jon Nicolaisen

Design: Brandlab  
Layout og trykk: 07 Media AS  
Teksten er sett med 9 pkt. Azo Sans og trykt i offset på Galerie Art Matt – 150 g papir. Omslag er trykt på Galerie Art Silk – 300 g papir.

Foto: Nils Stian Aasheim, Ole Walter Jacobsen, Espen Schive, Charlotte Jakset, Colourbox.com, Istock  
Nynorsk omsetjing: Språkverkstaden

<b>Kapittel 2</b>			
<b>Finansiell stabilitet</b>	<b>151</b>		
God lønnsemd og auka kapitaldekning	151		
Nye krav til likviditet	153		
Råd om motsyklisk kapitalbuffer	153		
<b>Kapittel 3</b>			
<b>Marknader og kapitalforvaltning</b>	<b>158</b>		
Styring av likviditeten i banksystemet	158		
Utviklinga i kronelikviditeten til bankane og marknadsoperasjonane til Noregs Bank i 2015	160		
Rentepåslag i pengemarknaden	160		
Sikkerheit for lån i Noregs Bank	161		
Kapitalforvaltninga	162		
Valutareservane	162		
Krav på IMF	163		
Statens pensjonsfond utland	164		
Oppgåver for staten	164		
Statsgjeld i 2015	164		
Kontohald for staten	166		
Overføringar til SPU	166		
<b>Kapittel 4</b>			
<b>Betalingsystem, setlar og myntar</b>	<b>167</b>		
Overvaking av finansiell infrastruktur	167		
Oppgjerssystemet til Noregs Bank	168		
Setlar og myntar	169		
Falske norske setlar	169		
Organisering av kontantforsyninga	170		
Utgiving av minnemyntar	171		
Arbeidet med ny setelserie	172		
<b>Kapittel 5</b>			
<b>Internasjonalt samarbeid</b>	<b>173</b>		
Auka kvotar og kredittavtalar med Det internasjonale valutafondet (IMF)	173		
Løpande kontakt og samarbeid med andre sentralbankar og internasjonale organisasjonar	174		
Fagleg bistand til sentralbankane i Malawi og Zambia	176		
<b>Kapittel 6</b>			
<b>Forsking</b>	<b>177</b>		
Forskningsaktivitet	177		
Konferansar, kurs og seminar	177		
Støtte til økonomisk forsking og utdanning	178		
Bokprosjekt i samband med 200-årsjubileet i 2016	179		
<b>Kapittel 7</b>			
<b>Kommunikasjon</b>	<b>180</b>		
Pressekonferansar	180		
Talar og foredrag	180		
Nettsidene og sosiale medium	181		
Publikasjonar	181		
Etablering av Noregs Bank Kunnskapssenter	182		
<b>Vedlegg</b>	<b>183</b>		
Styrande organ, leiing og organisasjon 2016	183		







# ÅRSMELDING FRÅ HOVUDSTYRET 2015

# HOVUDSTYRET TIL NOREGS BANK

Samansetjinga av hovudstyret blei endra frå årsskiftet 2016. Liselott Kilaas tredde ut som medlem etter tolv år. Kathryn Moore Baker og Steinar Juel blei oppnemnde som nye medlemmer. Egil Matsen gjekk inn i ny funksjon som visesentralbanksjef. Jan Erik Martinsen tredde ut som representant for dei tilsette 31. desember 2015, og Mona Helen Sørensen er ny representant for dei tilsette.



## Øystein Olsen

F. 1952. Utnemnd som sentralbanksjef og leiar for hovudstyret frå 1. januar 2011 for eit tidsrom på inntil seks år.

Olsen har erfaring mellom anna som administrerande direktør for Statistisk sentralbyrå og ekspedisjonssjef i Finansdepartementet. Han har òg vore leiar eller medlem av fleire utval oppnemnde av regjeringa. Olsen har sosialøkonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo.



## Jon Nicolaisen

F. 1959. Utnemnd som visesentralbanksjef og første nestleiar for hovudstyret frå 1. april 2014 for eit tidsrom på inntil seks år.

Nicolaisen har erfaring mellom anna som avdelingsdirektør og nestleiar i økonomiavdelinga i Finansdepartementet, seksjonsleiar i OECD-sekretariatet og direktør for Noregs Bank Pengepolitikk. Han leier i perioden 30. juni 2015 til 30. juni 2017 Regional Consultative Group for Europe under Financial Stability Board (FSB) saman med Anne Le Lorier, visesentralbanksjef i Frankrike. Nicolaisen har sosialøkonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo.



## Egil Matsen

F. 1968. Utnemnd som visesentralbanksjef og andre nestleiar for hovudstyret frå 18. januar 2016 for eit tidsrom på inntil seks år. Leiar av eigarskapsutvalet og risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Matsen har erfaring mellom anna som professor og instituttleiar ved Institutt for samfunnsøkonomi, NTNU, Fulbright-stipendiat ved Harvard University og forskar i Noregs Bank. Matsen er dr.oecon. frå Noregs Handelshøgskole.



## Hilde Myrberg

F. 1957. Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Leiar av kompensasjonsutvalet i hovudstyret.

Myrberg har fleire styreverv og er mellom anna nestleiar i styret i Petoro. Ho har brei erfaring frå næringslivet og har mellom anna vore konserndirektør i Orkla. Myrberg har juridisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo og MBA frå INSEAD.



## Kjetil Storesletten

F. 1967. Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Storesletten er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo, og gjesteprofessor ved Universitat Zurich. Han har vore tilknytt Stockholms universitet og Federal Reserve Bank of Minneapolis. Han har òg ei rekkje verv og er mellom anna styreleiar i Review of Economic Studies. Storesletten er siviløkonom frå Noregs Handelshøgskole og har PhD i samfunnsøkonomi frå Carnegie Mellon University.



**Karen Helene Ulltveit-Moe**

F. 1967. Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2014–31. desember 2017. Leiar av revisjonsutvalet og medlem av risiko- og investeringsutvalet i hovudstyret.

Ulltveit-Moe er professor ved Økonomisk institutt, Universitetet i Oslo, og Research Fellow ved Centre for Economic Policy Research (CEPR) og CESifo. Ho var tidlegare tilknytt Noregs Handelshøgskole. Ulltveit-Moe har hatt ei rekkje verv, har styreefaring frå fleire føretak og har vore leiar eller medlem av fleire utval oppnemnde av regjeringa. Ulltveit-Moe er siviløkonom frå Universitæt Mannheim og dr.oecon. frå Noregs Handelshøgskole.



**Kathryn Moore Baker**

F. 1964. Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2016–31. desember 2019. Medlem av revisjonsutvalet og eigarskapsutvalet i hovudstyret.

Baker har brei styreefaring og er mellom anna styremedlem i Akastor. Ho har tidlegare vore partner i private equity-selskapet Reiten & Co og konsulent i McKinsey & Company. Baker har bachelorgrad i samfunnsøkonomi frå Wellesley College og MBA frå Tuck School of Business at Dartmouth College.



**Steinar Juel**

F. 1950. Oppnemnd som styremedlem for perioden 1. januar 2016–31. desember 2019. Medlem av revisjonsutvalet i hovudstyret.

Juel er samfunnsøkonom i Civita. Han har lang erfaring frå Kreditkassen/ Nordea, det meste av tida som sjeføkonom. Tidlegare har han arbeidd i Noregs Bank, Finansdepartementet, Bankforeningen og EFTA-sekretariatet i Genève, og han var personleg rådgivar for finansministrane Rolf Presthus og Arne Skauge. Juel har sosialøkonomisk embetseksamen frå Universitetet i Oslo.

**VARAMEDLEMMER:**

Vil bli oppnemnd.

**REPRESENTANTAR FOR DEI TILSETTE:**



**Gøril Bjerkhol Havro**

F. 1980. Representant for dei tilsette for perioden 1. januar 2011–31. desember 2016. Tilsett i Noregs Bank i 2008.

Har bachelorgrad frå universitetet i Oxford, mastergrad i utviklingsstudium frå Nelson Mandela Metropolitan University i Sør-Afrika og er siviløkonom frå HEC Paris.

Henrik Borchgrevink er varamedlem for Gøril Bjerkhol Havro.




**Mona Helen Sørensen**

F. 1963. Representant for dei tilsette for perioden 1. januar 2016–31. desember 2016. Tilsett i Noregs Bank i 1991. Leiar og hovduttillitsvald i Finansforbundet i Noregs Bank frå 1. januar 2016.

Har ein bachelor i økonomi og administrasjon og ein Executive Master of Management med spesialisering i bruksretta organisasjonspsykologi frå Handelshøyskolen BI.

# OPPGÅVER OG STYRINGSSTRUKTURAR



Verksemda til Noregs Bank er regulert i lov om Noregs Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) av 24. mai 1985. Lova slår fast at Noregs Bank skal vere eit utøvande og rådgivande organ for penge-, kreditt- og valutapolitikken. Regjeringa har fastsett eit inflasjonsmål for pengepolitikken gjennom ei forskrift til sentralbanklova. Banken skal skrive ut penge-setlar og myntar, fremje eit effektivt betalings-system innanlands og overfor utlandet og overvake penge-, kreditt- og valutamarknadene. Lova gir banken høve til å setje i verk tiltak som er vanlege eller naturlege for ein sentralbank.

Oppgåva Noregs Bank har med å forvalte Statens pensjonsfond utland, er regulert gjennom lov om Statens pensjonsfond og mandat for forvaltninga av Statens pensjonsfond utland (SPU) fastsett av Finansdepartementet.

Dei øvste organa i Noregs Bank er hovudstyret og representantskapet.


Hovudstyret har ansvar for den utøvande og rådgivande verksemda i Noregs Bank og forvaltar midlane til banken. Hovudstyret består frå 1. januar 2016 av åtte medlemmer – alle oppnemnde av Kongen i statsråd. Sentralbanksjefen er leiari og visesentralbanksjefane er høvesvis første og andre nestleiar. Dei fem andre medlemmene er ikkje tilsette i banken. Det blir òg oppnemnt to varamedlemmer for dei eksterne medlemmene som møter fast med talerett i styret. Dei tilsette har to medlemmer som deltek ved behandling av saker som gjeld den interne drifta i banken og tilhøva for dei tilsette. I slike saker deltek òg dei to eksterne varamedlemmene, slik at hovudstyret då har tolv medlemmer.

Hovudstyret har fire underutval: revisjonsutvalet, kompensasjonsutvalet, risiko- og investeringsutvalet og eigarskapsutvalet. Alle utvala er saksførebuande, og formålet er å styrkje og effektivisere drøftinga i hovudstyret. Noregs Bank er pålagt å ha revisjonsutval og kompensasjonsutval etter § 10 i forskrift om risikostyring og internkontroll i Norges Bank og § 3 i forskrift om godtgjørelsesordninger i finansinstitusjoner, verdipapirforetak og forvaltningsselskap for verdipapirfond. Opprettinga av eit eigarskapsutval og eit risiko- og investeringsutval i 2015 var knytt til behovet for styrkt oppfølging av kapitalforvaltninga, sjå nærmare omtale i meldinga frå hovudstyret på side 15.

Hovudstyret nyttar internrevisjonen for uavhengig vurdering av risikostyring og internkontroll. Internrevisjonen rapporterer fagleg til Revisjonsutvalet.

Representantskapet består av femten medlemmer som Stortinget har oppnemnt. Gjennom verksemd og rapportering skal representantskapet forvise Stortinget om at Noregs Bank, medrekna forvaltninga av Statens pensjonsfond utland, er forsvarleg og formålstenleg driven, og at lover og føresegner er følgde.

Etter sentralbanklova skal sentralbanksjefen stå for den daglege leiinga av banken med vise-sentralbanksjefane som høvesvis første og andre nestleiar. For Norges Bank Investment Management (NBIM) har hovudstyret delegert ansvaret for den daglege leiinga direkte til leiaren for NBIM gjennom stillingsinstruks.



# SAMANSETJING OG ARBEID I HOVDUSTYRET I 2015


Hovudstyret hadde følgjande samansetjing i 2015:

Samansetjinga av hovudstyret i 2015			
Medlemmer	Funksjon	Endring	Utval
Øystein Olsen	Leiar		
Jon Nicolaisen	Nestleiar		Leiar av eigarskapsutvalet Leiar av risiko- og investeringsutvalet
Liselott Kilaas	Medlem	Tredde ut 31. desember 2015	Medlem av revisjonsutvalet Medlem av eigarskapsutvalet
Egil Matsen	Medlem	Ny funksjon som visesentral-banksjef frå 18. januar 2016	Leiar av revisjonsutvalet Medlem av risiko- og investeringsutvalet
Hilde Myrberg	Medlem		Leiar av kompensasjonsutvalet
Kjetil Storesletten	Medlem		Medlem av kompensasjonsutvalet
Karen Helene Ulltveit-Moe	Medlem		Medlem av revisjonsutvalet Medlem av risiko- og investeringsutvalet
Espen R. Moen	Vara	Tredde ut 29. februar 2016	Medlem av eigarskapsutvalet
Hege Sjø	Vara	Tredde ut 1. februar 2015	
Kathryn M. Baker	Vara	Oppnemnd som vara frå 19. juni 2015 og som fast medlem frå 1. januar 2016	
Jan Erik Martinsen	Representant for dei tilsette	Tredde ut 31. desember 2015	
Gøril Bjerkhol Havro	Representant for dei tilsette		


Hovudstyret hadde 16 møte i 2015 i tillegg til møte i dei fire underutvala. Dessutan nyttar hovudstyret seminarforma til å førebu saker og tema.

Møte med hovudstyret	2015	2014
Styremøte	16	14
Seminar	9	8
Samla tid i styremøte og seminar	103 timar	78 timar
Saker i styremøte	218	179
Førebuande utvalsmøte:		
- Revisjonsutvalet	7	5
- Kompensasjonsutvalet	2	4
- Eigarskapsutvalet	7	-
- Risiko- og investeringsutvalet	7	-
Samla tid i utvalsmøte	44 timar	25 timar

Tidsbruk for hovudstyret 2015  
(møte og seminar)



Tidsbruk for hovudstyret 2014  
(møte og seminar)



# NOKRE NØKKELTAL

---

## STYRINGSRENTA

0,75 %

Styringsrenta blei sett ned frå 1,25 til 1 prosent i juni, og vidare ned til 0,75 prosent i september.

---

## INFLASJON

2,1 %

Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent.

---

## MOTSYKLISK KAPITALBUFFER

1 %

Kravet til motsyklisk kapitalbuffer er fastsett til 1 prosent og gjeld frå 30. juni 2015. Frå 30. juni 2016 aukar kravet til 1,5 prosent.

---

## VALUTARESERVANE

468  
milliardar

Marknadsverdien av valuta-reservane auka i 2015 med 19 milliardar til totalt 468 milliardar kroner.

---

## TILSETTE

856  
tilsette

Noregs Bank fekk 93 fleire tilsette i 2015, i all hovudsak knytt til kapitalforvaltinga.

---

## OVERFØRING TIL STATEN

26,6  
milliardar

Som følgje av disponering av årets og tidligare resultat vil det bli overført 26,6 milliardar kroner til staten i 2016 frå Noregs Banks overføringsfond.



---

#### STATENS PENSJONSFOND UTLAND

# 7 475 milliardar

Marknadsverdien til SPU auka i 2015 med 1 044 milliardar kroner til totalt 7 475 milliardar kroner ved utgangen av året.

---

#### STATENS PENSJONSFOND UTLAND

# 2,7 %

Avkastinga i 2015 var på 2,7 prosent. Av dette var aksjeinvesteringane på 3,8 prosent, renteinvesteringane på 0,3 prosent og eigedomsinvesteringane på 10,0 prosent.



# ÅRSMELDING FRÅ HOVUDSTYRET FOR 2015

## MÅL OG VERDIAR

Noregs Bank utfører samfunnsoppgåver og forvaltar verdiar på vegner av fellesskapet. Gjennom sentralbankverksemda skal Noregs Bank fremje stabilitet i økonomien. Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegner av Finansdepartementet. Målet for kapitalforvaltninga er å få så høg avkastning som mogleg på midlane i SPU innanfor rammene som dei politiske myndigheitene har fastsett.

Noregs Bank skal fremje effektive marknader og eit robust og veldrive betalingssystem. Banken skal vere ein pådrivar i arbeidet med å betre effektiviteten i den norske pengemarknaden, utføre oppgjerstenester i betalingssystemet og utferde kontante betalingsmidlar i samsvar med beste internasjonale praksis.

Noregs Bank skal vere ein open og veldriven sentralbank. Banken skal kommunisere ope, etterretteleg og attkjennande. Ressursbruken skal vere nøktern og forsvarleg og tilpassa oppgåvene til banken. Banken skal ha ein kultur som er prega av prestasjon og lagånd. Medarbeidarane skal motiverast til kompetanseutvikling og kunnskapsdeling, og ein skal stimulere til endring og fornying og til rekruttering av medarbeidarar frå leiande fagmiljø.

For å realisere måla og verdiane til banken set hovudstyret rammer og prinsipp for verksemda og ser til at risikostyringa og internkontrollen til banken er god nok i alle delar av verksemda. Hovudstyret fastset treårige strategiplanar som beskriv status, utfordringar og prioriteringar.

I strategien for 2014–2016 blir det trekt fram at Noregs Bank vil fornye og vidareutvikle arbeidet med kjerneoppgåvene til banken. Banken skal bidra til å setje standarden internasjonalt for utøvinga av pengepolitikken, for overvaking og analyse av stabiliteten i det finansielle systemet og for internasjonal kapitalforvaltning.

## VIDAREUTVIKLING AV STYRINGS- STRUKTUREN

Hovudstyret arbeidde i 2015 vidare med å tilpasse styringsstrukturen til utviklinga i oppgåvene til banken. Særleg har eigeomsorganisasjonen innanfor NBIM vakse kraftig, i takt med mange nye investeringar i eigeom. Hovudstyret vedtok at NBIM-leiaren skal delegere aktivitetane knytte til styringa av den unoterte eigeomsporteføljen til leiaren av Norges Bank Real Estate Management (NBREM), og det blei tilsett ein dagleg leiar for NBREM. Det samla ansvaret for SPU ligg framleis hos NBIM-leiaren.

Det blei òg oppretta eit risiko- og investeringsutval under hovudstyret. Det skal vere eit saksførebuande og rådgivande utval som skal styrkje og effektivisere styret sitt arbeid med saker knytte til investeringsstrategi, risikorammer og vedtak om eigeomsinvesteringar av særleg storleik.

Finansdepartementets reviderte retningslinjer for arbeidet med utestengingar frå SPU tok til å gjelde frå januar 2015. Kriteria for observasjon og utestenging frå fondet ligg fast, men Etikkrådet gir no råda sine til Noregs Bank i staden for til Finansdepartementet. Noregs Bank avgjer om råda skal takast til følgje. I den samanheng oppretta hovudstyret Eigarskapsutvalet i januar 2015. Det skal vere eit saksførebuande og rådgivande utval for saker som gjeld ansvarleg forvaltingsverksemd og vedtak om observasjon og utestenging av selskap frå SPU.

I juni 2015 vedtok Stortinget endringar i sentralbanklova som mellom anna inneber ein auke frå éin til to visesentralbanksjefar som begge skal vere med i hovudstyret. Formålet er å styrkje kapasiteten til hovudstyret mellom anna når det gjeld kapitalforvaltninga. Saman med dei fem eksterne styremedlemmene vil hovudstyret dermed ha åtte medlemmer. Endringa tok til å gjelde 1. januar 2016. Samtidig blei det sett i verk visse organisatoriske justeringar som understøttar endringane. Mellom anna blei det oppretta ein sentral stab for hovudstyret og leiinga i Noregs Bank.

## PENGEPOLITIKK

Pengepolitikken i Noreg var i 2015 prega av låge renter ute, eit kraftig oljeprisfall og lågare vekst i norsk økonomi. Styringsrenta blei i løpet av året redusert frå 1,25 prosent til 0,75 prosent. Rentenedsetjingane bidreg til å lette omstillinga i norsk økonomi, mellom anna gjennom å understøtte svekkinga av kronekursen.

Den moderate veksten i verdsøkonomien heldt fram i 2015, men med store forskjellar mellom landa. Det var ei gradvis betring i mange industriland, mens veksten minka i dei framveksande økonomiane. Veksten i konsumprisane var nær null hos dei viktigaste handelspartnarane våre. Den låge inflasjonen skreiv seg mellom anna frå fall i energiprisane. I tillegg var kostnadspresset svakt etter fleire år med låg lønnsvekst.

Den låge inflasjonen bidrog til at fleire sentralbankar gjennomførte ytterlegare lettingar i pengepolitikken gjennom 2015. Samla for handelspartnarane fall rentene. Styringsrentene var negative i fleire land. I tillegg nytta fleire sentralbankar andre verkemiddel for å motverke faren for deflasjon og stimulere aktiviteten. I euroområdet blei verdipapirkjøpa utvida ved at Den europeiske sentralbanken (ESB) begynte å kjøpe statsobligasjonar. Sveriges riksbank introduserte i februar eit program for statsobligasjonskjøp. I desember heva den amerikanske sentralbanken renta for første gong sidan 2006.

Dei langsiktige rentene ute fall i første del av 2015, men ved utgangen av året var dei på om lag same nivå som i byrjinga av året. Påslaga i penge- og kredittmarknadene auka noko gjennom hausten.

Oljeprisen fall vidare gjennom 2015. Ved utgangen av året var prisen i underkant av 40 dollar per fat, rundt ein tredjedel av det han hadde vore før fallet begynte, halvtanna år tidlegare. Også prisane på leveransar fram i tid gjekk ned gjennom 2015. Nedgangen i oljeprisen hang saman med store overskot i tilbodet av olje. Lågare vekst i framveksande økonomiar, særleg i Kina, dempa dessutan oppgangen i etterspurnaden etter olje.

Fallet i oljeprisen bidrog til ei kraftig svekking av krona. Målt ved den importvegne valutakursen (I-44) var krona 8 prosent svakare ved utgangen av 2015 enn på same tid året før.

Verknadene på norsk økonomi av oljeprisfallet kom gradvis til syne gjennom 2015. Verknadene har særleg vore tydelege i regionar og næringar med nær tilknytning til oljeverksemda. Tillitsindikatorar tyda på at norske hushald blei meir uroa for utviklinga i økonomien i landet. Veksten i hushalda sitt forbruk heldt seg likevel nokså godt oppe.

Føretaksinvesteringane fall, drive av svake vekstutsikter og usikkerheit om den økonomiske utviklinga. Bustadinvesteringane heldt fram med å auke, sjølv om oljeprisfallet dempa veksten i enkelte område av landet. Oljeinvesteringane minka, og nedgangen i den globale petroleumsindustrien dempa eksporten frå norske oljeleverandørar. På den andre sida betra ei svakare krone konkurranseevna til bedriftene og bidrog til å løfte den samla eksporten. Veksten i offentleg forbruk og investeringar bidrog til å halde veksten oppe. Samla sett minka veksten i norsk økonomi i 2015.

Arbeidsløysa auka noko i 2015, hovudsakleg i regionar med nær tilknytning til oljeverksemda. Kapasitetsutnyttinga minka gjennom året og blei vurdert til å vere lågare enn normalt. Årslønnsveksten har minka dei siste åra, og lønnsveksten gjekk ytterlegare ned i 2015. Den moderate lønnsveksten må sjåast i samheng med eit høgt kostnadsnivå, oljeprisfallet og lågare kapasitetsutnytting i norsk økonomi.

Svekkinga av krona over lengre tid løfta prisveksten i 2015. Ved utgangen av året var tolv månadersveksten i konsumprisindeksen justert for avgiftsendringar og utan energivarer (KPI-JAE) 3,0 prosent. Tolv månadersveksten i konsumprisindeksen (KPI) var 2,3 prosent ved utgangen av året.

Vekstutsiktene for norsk økonomi blei gradvis svekte gjennom 2015. Anslaga på oljeinvesteringane i åra som kjem, blei nedjusterte. Det vil gi ringverknader til fastlandsøkonomien elles. På

den andre sida bidrog ei svakare krone til å halde aktiviteten i økonomien oppe. Arbeidsløysa blei venta å auke ytterlegare noko, og prognosane for lønnsveksten dei neste åra blei justerte ned. Kronesvekkinga vil truleg bidra til at konsumprisveksten vil halde seg oppe gjennom 2016. Lenger fram kan prisveksten dempast av nedgangen i lønnsveksten og av at verknadene av ei svakare krone etter kvart blir fasa ut.

I lys av at vekstutsiktene og drivkreftene for inflasjonen lenger fram var svekte, reduserte Noregs Bank styringsrenta to gonger i 2015, i juni og september, med til saman 0,5 prosent-einingar. Styringsrenta var 0,75 prosent ved utgangen av 2015.

Slik hovudstyret vurderte utsiktene på møtet 16. desember 2015, kunne styringsrenta bli sett ned i løpet av første halvår 2016.

## FINANSIELL STABILITET

Bankane hadde god lønnsemd og låge utlånstap i 2015. Tilbakehalde overskot og eigenkapital-emisjonar har gitt bankane betre kapitaldekning. Alle store norske bankar oppfyller kravet til rein kjernekapitaldekning med god margin. Nokre av dei største bankane har offentleggjort mål om å auke den reine kjernekapitaldekninga innan utgangen av 2016. Meir kapital gjer bankane meir robuste og i stand til å tole eit framtidig tilbakeslag. Samtidig har Noregs Bank i rapporten om finansiell stabilitet peikt på at høg gjeld i hushalda, vedvarande vekst i eigeomsprisane og bankane si kortsiktige finansiering i valuta kan setje det finansielle systemet i ei utsett stilling.

I tråd med forskrift om motsyklisk kapitalbuffer har Noregs Bank utarbeidd avgjerdsgrunnlag og gitt Finansdepartementet kvartalsvise råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen i bankane. Kravet til motsyklisk kapitalbuffer inngår som ein del av det samla kravet til kjernekapitaldekninga i bankane.

Utgangspunktet for vurderinga til Noregs Bank er at bankane bør byggje opp og halde på ein motsyklisk kapitalbuffer når finansielle ubalansar

byggjer seg opp eller har bygd seg opp. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen blei i desember 2013 fastsett til 1 prosent av risikovekta eigedelar med verknad frå 30. juni 2015.

Den vedvarande oppgangen i gjeldsbelastinga til hushalda og høg prisvekst på eigedom dei siste åra er teikn på at finansielle ubalansar heldt fram med å byggje seg opp i tida etter at kravet til motsyklisk kapitalbuffer blei fastsett første gong i slutten av 2013. Basert på dette gav Noregs Bank i juni 2015 råd om å auke bufferkravet til 1,5 prosent av risikovekta eigedelar. Finansdepartementet vedtok å fastsetje bufferkravet i tråd med rådet frå Noregs Bank til 1,5 prosent med verknad frå 30. juni 2016.

Bustadprisane heldt fram med å stige i 2015, men veksten blei svakare gjennom hausten. Dei regionale forskjellane er store, og i område med nær tilknytning til oljeverksemda steig bustadprisane lite, eller dei fall. Kreditten til hushalda heldt fram med å vekse noko raskare enn inntektene deira.

Bankane sine utlansrenter på bustadlån blei sette ned gjennom året. Forskjellen mellom utlansrentene og pengemarknadsrentene blei noko mindre.

Risikopåslaget på den langsiktige marknadsfinansieringa til bankane har falle dei siste åra, men auka noko i 2015. Tilgangen på marknadsfinansiering har vore god. Bankane har forbetra finansieringsstrukturen og redusert likviditetsrisikoen sidan finanskrisa. Samtidig har norske bankar omfattande kortsiktig finansiering i utlandsk valuta. Erfaring tilseier at kortsiktig finansiering brått kan falle bort og vise seg å vere vanskeleg å erstatte. Noregs Bank gav i 2015 høyrings svar om krav til likviditetsreservar (LCR). Likviditetskrava blei fastsette av Finansdepartementet i forskrift og gjeld frå 31. desember 2015.

Den finansielle infrastrukturen i Noreg er i hovudsak robust og effektiv. Det var få avvik i interbanksystema og oppgjerssystema for verdipapir i 2015. Dei norske betalings- og oppgjerssystema oppfyller dei fleste internasjonale prinsippa som gjeld for slike system.

Drifta av oppgjerssystemet til Noregs Bank var i all hovudsak stabil i 2015. I oppgjerssystemet blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 219 milliardar kroner dagleg. Ved utgangen av 2015 hadde bankane folio- og reserveinnskott på i alt 35,2 milliardar kroner i Noregs Bank.

Frå november 2015 har Noregs Bank hatt tilgang til ei forsterka beredskapsløysing for oppgjerssystemet i tillegg til dei drifts- og reserveløysingane som alt er i bruk. Vidare har Noregs Bank gjennom 2015 arbeidd med å førebu drifta av eit nytt IT-system for å berekne og halde oversikt over låneverdien av bankane si pantsetjing for lån. Løysinga blei teken i bruk i januar 2016.

Arbeidet med å utvikle ein ny seteserie blei sett i gang tidleg i 2013. Noregs Bank har planlagt at den nye seteserien vil bli sett i sirkulasjon i tre omgangar frå andre kvartal 2017 til utgangen av 2019.

## KAPITALFORVALTING I NOREGS BANK

### VALUTARESERVANE

Valutareservane er delte inn i ein pengemarknadsportefølje og ein langsiktig portefølje. I tillegg er det ein petrobufferportefølje. Formålet med petrobufferporteføljen er å sørge for overføringar mellom statens kontantstraum og SPU og ei formålstenleg handtering av statens behov for å veksle mellom utanlandsk valuta og norske kroner.

Valutareservane skal kunne nyttast til transaksjonar i valutamarknaden som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken eller ut frå omsynet til finansiell stabilitet, og for å møte dei internasjonale pliktene til Noregs Bank.

Marknadsverdien av valutareservane var 468,2 milliardar kroner ved utgangen av fjerde kvartal 2015. Aksjar og langsiktige renteinvesteringar utgjorde til saman 411,1 milliardar kroner, mens pengemarknadsinvesteringane og petrobufferporteføljen var på høvesvis 50,3 og 6,8 milliardar kroner. Reservane auka med 19,6 milliardar kroner gjennom 2015. Avkastning i internasjonal

valuta bidrog til å auke reservane med om lag 12,8 milliardar kroner, og svekt kronekurs auka verdien av reservane med 53,7 milliardar kroner. Kronekurs har elles ikkje noko å seie for den internasjonale kjøpekrafta til reservane. Noregs Bank har gjennom 2015 gradvis redusert storleiken på petrobufferporteføljen ved å selje valuta i marknaden.

Avkastinga på valutareservane, eksklusiv petrobufferporteføljen og målt i internasjonal valuta, svarte til 1,67 prosent i 2015.

### STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Marknadsverdien på investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland var på 7 475 milliardar kroner ved utgangen av 2015. Det var ein auke på i overkant av 1 000 milliardar kroner frå året før.

Avkastinga for 2015 var på 2,7 prosent målt i internasjonal valuta. Etter eit sterkt første kvartal var det to kvartal med negativ avkastning for aksjeinvesteringane. I siste del av året tok marknadene seg opp igjen. Aksjeinvesteringane til fondet fekk ei avkastning på 3,8 prosent, mens renteinvesteringane fekk ei avkastning på 0,3 prosent. Avkastinga på eigedomsinvesteringane var 10,0 prosent.

Fondet si samla eksponering mot ulike marknader, kjelder til risiko og avkastning må tilpassast jamleg. Målet om høgast mogleg avkastning til akseptabel risiko kan ein best nå ved å vere breitt investert i den globale produksjonen av varer og tenester. Fondet skal vere investert i dei fleste marknader, land og valutaer for å få ei brei eksponering mot veksten i verdsøkonomien.

Avkastinga på aksje- og renteinvesteringane til fondet blir samanlikna med avkastinga til globale referanseindeksar for aksjar og obligasjonar. Referanseindeksen til fondet blir fastsett av Finansdepartementet med utgangspunkt i indeksar frå FTSE Group og Barclays. Finansdepartementet og hovudstyret i Noregs Bank har fastsett grenser for kor store avvik frå refe-



ranseindeksane fondet kan ha i forvaltninga av aksje- og renteinvesteringane.

I 2015 var fondet si samla avkastning på aksje- og renteinvesteringane 0,5 prosentpoeng høgare enn avkastinga på referanseindeksane. Resultatet blei påverka av ei høg relativ avkastning for aksjeinvesteringane, men blei noko redusert av ei negativ relativ avkastning for renteinvesteringane. Den relative avkastinga til fondet sidan opprettinga har vore 0,26 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen, og dei siste ti åra har ho vore 0,06 prosentpoeng høgare.

Fondet fekk den første kapitaltilførselen frå den norske staten i mai 1996. Ved utgangen av 2015 var den samla brutto tilførselen sidan starten på 3 499 milliardar kroner, mens fondet si samla avkastning var på 2 676 milliardar kroner. Norges Bank Investment Management blei etablert 1. januar 1998 for å forvalte midlane til fondet. Fram til utgangen av 2015 har fondet hatt ei årleg avkastning på 5,6 prosent. Etter frådrag for forvaltingskostnader og prisvekst har avkastinga vore 3,7 prosent.

Marknadsverdien til fondet blir påverka av avkastninga, kapitaltilførselar og endringar i valutakursane. I 2015 utgjorde netto tilførsel frå staten 42 milliardar kroner, mens avkastinga på porteføljen var 334 milliardar kroner. Gevinstar og tap som skriv seg frå endra kronekurs, verkar ikkje inn på den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Kronekursen svekte seg gjennom 2015 mot fleire av valutaene som fondet blir investert i, og det auka isolert sett marknadsverdien med 668 milliardar kroner.

Ved utgangen av året var investeringane til fondet fordelte med 61,2 prosent i aksjar og 35,7 prosent i rentepapir.

Noregs Bank fekk i mars 2010 mandat til gradvis å investere inntil 5 prosent av midlane i porteføljen i eigedom. Gjennom 2015 har banken gjort fleire nye eigedomsinvesteringar. Investeringane i eigedom svarte til 3,1 prosent av fondet ved utgangen av året, mot 2,2 prosent året før.

## VERKSEMDSSTYRING, RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Verksemdsstyringa, inkludert risikostyring og internkontroll, tek utgangspunkt i styringsmodellen som beskriv den faste organiseringa, styringsprinsipp og roller og ansvar for den øvste leiinga. Det er fastsett styringsmodellar for kapitalforvaltinga og sentralbankverksemda med meir detaljerte styringsprinsipp for dei to einingane.

Finansdepartementet har vedteke ei eiga forskrift for risikostyring og internkontroll i Noregs Bank. Forskrifta samsvarer med forskrift om risikostyring og internkontroll (risikostyringsforskrifta), som Finanstilsynet har fastsett.

Hovudstyret har vedteke hovudprinsipp for risikostyring i Noregs Bank. Verksemdsområda har etablert sine eigne separate funksjonar som koordinerer og følgjer opp risikostyring i eiga eining. Dei har òg kvar sin etterlevingsfunksjon som følgjer opp at lover, forskrifter og internt regelverk blir etterlevde.

Rapportering av operasjonell risiko er ein integrert del av verksemdsstyringa. Sentralbank-sjefen vurderer kvart år om internkontrollen har vore godt nok gjennomført. Uavhengig og effektiv revisjon skal bidra til formålstenleg verksemdsstyring, risikostyring og internkontroll og til påliteleg finansiell rapportering. I samsvar med sentralbanklova § 30a skal Noregs Bank ha ein internrevisjon som rapporterer til hovudstyret. Internrevisjonen har instruks frå hovudstyret, som òg godkjenner dei årlege planane og budsjetta til revisjonen. Internrevisjonen gir ein årleg uavhengig rapport om internkontrollen i banken.



Basert på rapportering frå administrasjonen og internrevisjonen gir hovudstyret representantskapet ei årleg vurdering av risikosituasjonen i banken.

Det er ikkje avdekt vesentlege manglar i styrings- og kontrollregimet, og hovudstyret vurderer kontrollmiljøet og kontrollsystema i Noregs Bank som gode.

## NÆRMARE OM BALANSESAMANSETJING OG FINANSIELL RISIKO

Den totale balansen for Noregs Bank ved utgangen av 2015 var på 8 013,1 milliardar kroner, inkludert investeringsporteføljen til SPU på 7 471,2 milliardar kroner. Finansdepartementet har plassert fondsmidlar til forvaltning i SPU som eit kapitalinnskott på konto i Noregs Bank (kronekontoen). Banken vidareplasserer kronekontoen i eige namn i ein investeringsportefølje som består av aksjar, rentepapir og fast eigedom. Nettoverdien av investeringsporteføljen blir presentert på eiga linje som ein eigedel i balansen til Noregs Bank, og kronekontoen blir tilsvarende presentert som ei gjeld til Finansdepartementet. Desse to balansepostane er alltid identiske i storleik og avkastning. Noregs Bank ber ingen finansiell risiko knytt til forvaltning av SPU.

Forutan SPU er valutareservane den største eigedelen i balansen. Valutareservane består primært av aksjar, statsobligasjonar og statskassevekslar. I tillegg blir finansielle derivat brukte i risikostyring. Valutareservane blir rapporterte og følgde opp samla. Hovudstyret får kvartalsvis rapport om forvaltninga av valutareservane, og ein forenkla versjon av denne rapporten blir offentleggjort.

Den største gjeldsposten i balansen er innskott frå staten, sett bort frå kronekontoen. Per 31. desember utgjorde denne 100,6 milliardar kroner mot 115,6 milliardar kroner i 2014. Denne posten svingar mykje gjennom året som følgje av inn- og utbetalingar over kontoane til staten. Døme på det er innbetaling av skattar og avgifter, utbetalingar av lønningar og trygder og kjøp av varer og tenester. Setlar og myntar i omløp

og innskott frå norske bankar er andre store gjeldspostar i balansen. Setlar og myntar i omløp har dei siste åra lege relativt stabilt rundt 50 milliardar kroner. Bankreservane, som er sette saman av folioinnskott og reserveinnskott, er styrte av Noregs Bank gjennom likviditetspolitikken, der ein normalt siktar mot eit nivå på 35 milliardar kroner. Per 31. desember utgjorde bankreservane 35,2 milliardar kroner, mot 34,3 milliardar kroner i 2014.

Eigedelane til banken er hovudsakleg plasserte i valuta, mens gjelda primært er i norske kroner. Det fører til at årsresultatet blir påverka av valutakurssvingingar, utan at det påverkar evna til å kunne oppfylle pliktene i internasjonal valuta. Balansesamansetjinga medfører venta positiv avkastning på lang sikt, sett bort frå valutaeffektar. Det er ei følgje av forventning om høgare avkastning på plasseringar i aksjar og obligasjonar enn på rentekostnadene på innskott frå staten og bankane og utferding av setlar og myntar.

Noregs Bank legg stor vekt på å styre og kontrollere risiko og har fastsett prinsipp for å måle og styre dei ulike risikotypene. Samansetjinga av porteføljane til valutareservane og den tilhøyrande risikoen blir i hovudsak bestemte av prinsippa, referanseindeksen og retningslinjene som hovudstyret og sentralbanksjefen har fastsett.

Verdivurdering, avkastingsmåling, styring og kontroll av risiko i forvaltninga skal følgje internasjonalt godkjende standardar og metodar. I forvaltninga av valutareservane er Noregs Bank i hovudsak eksponert mot ulike typar finansiell risiko: marknadsrisiko, kredittrisiko og motpartsrisiko. I tillegg er banken eksponert mot kredittisiko knytt til utlån til bankar. Noregs Bank er ikkje eksponert for likviditetsrisiko i norske kroner.

## UTGREIING OM REKNESKAPEN

I all hovudsak er kontantstraumane i Noregs Bank av operasjonell karakter. Inntektene til Noregs Bank består i hovudsak av netto inntekt frå finansielle instrument frå banken si eiga

kapitalforvaltning, i hovudsak valutaeservane til Noregs Bank. Gevinstar og tap består av valutakursendringar, aksjekursendringar og renteendringar som påverkar obligasjonskursane. Dette er usikre og uføreseielege inntekter. Resultatet for Noregs Bank er avhengig av korleis desse parametrane utviklar seg, og det kan gi store årlege svingingar i resultatet.

For 2015 viser det samla resultatet for Noregs Bank eit overskot på 66,5 milliardar kroner, mot eit overskot på 89,2 milliardar kroner i 2014. Netto inntekt frå finansielle instrument i dei internasjonale verdipapirmarknadene gav ein gevinst på 67,0 milliardar kroner i 2015, mot 90,3 milliardar i 2014. Den norske krona svekte seg vidare mot dei fleste hovudvalutaene i valutaeservane, som – omrekna til norske kroner – førte til ein valutagevinst på 54,7 milliardar kroner i 2015. I 2014 gav svekkinga av den norske krona ein valutagevinst på 58,8 milliardar kroner. Gevinstar og tap som skriv seg frå endra kronekurs, verkar ikkje inn på den internasjonale kjøpekrafta for valutaeservane.

Andre inntekter består av godtgjersle frå Finansdepartementet for SPU-forvaltninga, inntekter for tenester til bankar og staten og husleige frå eksterne leigetakarar. Andre inntekter utgjorde 4,1 milliardar kroner i 2015, mot 3,3 milliardar kroner i 2014. I samsvar med mandat for forvaltninga av SPU § 5-1 får Noregs Bank godtgjersle for kostnaden for SPU-forvaltning innanfor ei øvre grense, og banken får denne refundert som inntekt frå Finansdepartementet. Forvaltingshonoraret frå SPU var 3,9 milliardar kroner, som utgjør 5,7 basispunkt rekna av gjennomsnittleg forvalta kapital for 2015.

Totalresultatet i SPU på 998,0 milliardar kroner består av eit porteføljeresultat på 1 001,9 milliardar kroner minus forvaltingskostnader på

3,9 milliardar kroner. Totalresultatet er lagt til statens kapitalinnskot i SPU per 31. desember 2015. Heile den oppnådde avkastinga ved forvaltninga, etter frådrag for godtgjersle til Noregs Bank, blir knytt til kronekontoen til SPU og påverkar derfor ikkje totalresultatet eller eigenkapitalen til Noregs Bank.

Eigenkapitalen til Noregs Bank var på 245,4 milliardar kroner per 31. desember 2015, mot 205,5 milliardar kroner per 31. desember 2014. Eigenkapitalen består av kursreguleringsfond og overføringsfond. Ved utgangen av 2015 var kursreguleringsfondet på 192,2 milliardar kroner og overføringsfondet på 53,2 milliardar kroner. Eigenkapitalen samanlikna med balansen til Noregs Bank, eksklusiv SPU, svarer til ein eigenkapitaldel på 45,3 prosent. Fluktuasjonar i eigenkapitalen til Noregs Bank blir dominerte av fluktuasjonar i marknadsværdien til valutaeservane.

## DISPONERING AV TOTALRESULTATET

Disponeringa av totalresultatet i Noregs Bank følgjer egne retningslinjer, fastsette ved kongeleg resolusjon 6. desember 2002.

I tråd med retningslinjene blir det gjennomført følgjande overføringar og disponeringar: Totalresultatet på 66,5 milliardar kroner blir overført med 7,6 milliardar kroner til kursreguleringsfondet og 58,9 milliardar kroner til overføringsfondet. Frå overføringsfondet blir det overført 26,6 milliardar kroner til statskassen.

## SAMFUNNSANSVAR

Formålet til Noregs Bank er å vareta viktige samfunnsoppgåver. Banken har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken og skal bidra til robuste og effektive betalingssystem og finansmarknader. Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegner av staten. Banken utøver samfunnsansvar gjennom arbeidet med desse oppgåvene.

Noregs Bank skal i verksemda si halde ein høg etisk standard, respektere menneskerettane, opptre samfunnsansvarleg og etterleve gjeldande lover og reglar. Noregs Bank aksepterer ingen former for diskriminering eller korrupsjon.

Samfunnsansvaret til Noregs Bank inneber òg arbeid med og tilnærming til ansvarleg investeringsverksemd, open og tydeleg kommunikasjon, forskning og kunnskapsdeling, etisk forretningsåtfærd og tilrettelegging for likestilling og eit godt arbeidsmiljø.

Noregs Bank-bygget i Kvadraturen er eit monumentalbygg av høg kulturhistorisk verdi. I samarbeid med offentlege myndigheiter og andre grunneigarar blir det lagt til rette for ei trygg og positiv byutvikling som bidreg til auka aktivitet i Kvadraturen.

### EIN OPEN SENTRALBANK

Noregs Bank legg vekt på open kommunikasjon rundt verkemiddelbruken til banken og på at verkemiddelbruken blir forstått og er føreseieleg for hushald, bedrifter og aktørar i finansmarknadene. Noregs Bank offentleggjer analysane sine og grunnlaget for avgjerdene og råda til banken. Banken kommuniserer i form av publikasjonar, rapportar, foredrag, pressekonferansar og seminar. Banken legg fram hovudstyret sine vurderingar i rapportane om pengepolitikken og finansiell stabilitet. Det blir lagt vekt på å besøkje alle landsdelar kvart år med talar og foredrag, og i enkelte tilfelle òg bedriftsbesøk. Noregs Bank har dessutan utstrekt kontakt med academia og offentlege myndigheiter. Organisasjonane i arbeidslivet er òg ei målgruppe for talar og foredrag.

Openheit er òg viktig i kapitalforvaltninga. I tillegg til kvartals- og årsrapportar blir det mellom anna utarbeidd offentlege rapportar om avkastning og risiko i fondet, eigdomsinvesteringar og ansvarleg forvaltning.

## ANSVARLEG FORVALTING

Noregs Bank forvaltar Statens pensjonsfond utland ansvarleg for å støtte opp under fondet sitt formål om høgast mogleg avkastning innanfor eit akseptabelt risikonivå. Ansvarleg forvaltingsverksemd er derfor ein integrert del av investeringsprosessen.

Finansdepartementet har fastsett retningslinjer for observasjon og utestenging av selskap frå fondet. Finansdepartementet har oppretta Etikkrådet som eit uavhengig organ som skal gi råd om observasjon og utestenging av selskap frå porteføljen til fondet. Frå og med 1. januar 2015 har Noregs Bank fått i oppgåve å treffe avgjerder om observasjon eller utestenging av selskap etter tilrådingar frå Etikkrådet.

I mars 2015 innførte hovudstyret nye prinsipp for ansvarleg forvaltingsverksemd i Statens pensjonsfond utland. Norges Bank Investment Management forvaltar fondet ut frå eit mål om å få så høg avkastning som mogleg innanfor rammene i forvaltingsmandatet. Ansvarleg investeringsverksemd skal støtte opp om målsetjinga til fondet ved å fremje den langsiktige økonomiske avkastinga av investeringane våre og ved å redusere den økonomiske risikoen knytt til selskapsstyring og miljø- og samfunnsforhold ved selskapa vi er investerte i. Arbeidet er integrert i investeringsprosessane og skjer innanfor hovudkategoriane standardsetjing, eigarskap og risikostyring. Målet er å fremje god selskapsstyring og velfungerande, legitime og effektive marknader.

Noregs Bank er ein stor, global investor med langsiktig investeringshorisont, og banken søker å utnytte særtrekka til fondet. Fondet er investert i dei fleste marknader, sektorar og land for å ta del i den globale verdiskapinga og for å spreie risikoen best mogleg.

<b>Sum sikkerheter mottatt i form av verdipapirer knyttet til overførte finansielle eiendeler</b>	<b>437 332</b>	<b>164 975</b>

Ingen verdipapirer mottatt som sikkerhet er reinvestert ved årsslutt 2015 eller 2014. Verdipapirene er derfor ikke innregnet i balansen.

## SPU NOTE 12 SIKKERHETSSTILLELSE OG MOTREGNING



### REGNSKAPSPRINSIPP

#### *Kontantsikkerhet*

Kontantsikkerhet avgitt i forbindelse med ikke-børsnoterte derivattransaksjoner er fraregnet og en tilsvarende fordring på kontantbeløpet som skal returneres er innregnet som en eiendel i form av *Avgitt kontantsikkerhet*. Kontantsikkerhet mottatt i forbindelse med ikke-børsnoterte derivattransaksjoner innregnes i balansen som *Innskudd i banker* med en tilhørende forpliktelse, *Mottatt kontantsikkerhet*. Både *Avgitt kontantsikkerhet* og *Mottatt kontantsikkerhet* er utpekt ved førstegangsinngregning som finansielle eiendeler/forpliktelser målt til *virkelig verdi over resultatet*.

#### *Motregning*

Finansielle eiendeler og finansielle forpliktelser motregnes og presenteres netto i balansen dersom det foreligger en juridisk håndhevbar rett til å motregne, samt hensikt for å gjøre opp på netto grunnlag eller å realisere eiendelen og gjøre opp forpliktelsen samtidig, i samsvar med IAS 32 *Finansielle instrumenter: Presentasjon*. Finansielle eiendeler og forpliktelser motregnes ikke fordi de nevnte kriteriene ikke er oppfylt. Dette innebærer at ingen beløp er motregnet og presentert netto i balansen. Av denne grunn inneholder tabell 12.1 ikke en kolonne for beløp motregnet/nettoført i balansen.

### SIKKERHETSSTILLELSE

For flere motparter og transaksjonstyper vil det både avgis og mottas kontantsikkerhet til og fra samme motpart. Derfor vil mottatt kontantsikkerhet kunne nettes mot avgitt kontantsikkerhet, og omvendt, som vises i tabell 12.1. *Avgitt kontantsikkerhet* og *Mottatt kontantsikkerhet* er utelukkende knyttet til ikke-børsnoterte derivattransaksjoner.

### MOTREGNING

Tabell 12.1 viser en oversikt over finansielle eiendeler og forpliktelser, effekten av juridisk bindende nettingavtaler og relaterte sikkerheter for å redusere kredittrisiko. Kolonnen *Eiendeler/Forpliktelser i balansen som er gjenstand for netting* viser balanseført beløp av finansielle eiendeler og -forpliktelser som er underlagt juridisk bindende nettingavtaler. Disse beløpene er justert for effekten av potensiell netting, mot samme motpart, av balanseførte finansielle eiendeler og

gjeld, samt avgitte eller mottatte sikkerheter, som resulterer i en netto eksponering i kolonnen *Eiendeler/Forpliktelser etter netting og sikkerheter*.

Enkelte nettingavtaler er vurdert som potensielt ikke juridisk bindende. Transaksjoner under slike avtaler vises sammen med uoppgjorte handler i kolonnen *Uoppgjorte handler og eiendeler/forpliktelser som ikke er underlagt bindende nettingavtale*. Uoppgjorte handler kan kanselleres dersom motparten går konkurs før eiendelene som omfattes av handelen er overført.

Ved motparts konkurs vil samlet oppgjør mellom Norges Bank og konkursboet kunne gjennomføres for enkelte grupper av instrumenter, uavhengig av om instrumentene tilhører SPU eller Norges Banks valutareserver. Slik kryssmotregning vil gjøres opp mellom disse porteføljene og er ikke justert for i tabellen.

Tabell 12.1 Eiendeler og forpliktelser som er gjenstand for nettingavtaler

Beløp i millioner kroner

31.12.2015							
Beløp som er underlagt bindende nettingavtale							
Beskrivelse	Eiendeler i balansen som er gjenstand for netting	Finansielle forpliktelser knyttet til samme motpart	Mottatt kontantsikkerhet (innregnet som gjeld)	Mottatt sikkerhet i verdipapirer (ikke innregnet)	Eiendeler etter netting og sikkerheter	Uoppgjorte handler og eiendeler som ikke er underlagt bindende nettingavtale	Brutto balanseførte finansielle eiendeler
<b>EIENDELER</b>							
Utlån med sikkerhetsstillelse	102 486	-	74 972	27 514	-	20 899	123 385
Avgitt kontantsikkerhet	2 231	2 227	-	-	4	-	2 231
Finansielle derivater	5 535	2 918	2 528	-	89	3 294	8 829
<b>Totalt</b>	<b>110 252</b>	<b>5 145</b>	<b>77 500</b>	<b>27 514</b>	<b>93</b>	<b>24 193</b>	<b>134 445</b>

Beløp i millioner kroner

31.12.2015							
Beløp som er underlagt bindende nettingavtale							
Beskrivelse	Forpliktelser i balansen som er gjenstand for netting	Finansielle eiendeler knyttet til samme motpart	Avgitt kontantsikkerhet (innregnet som eiendel)	Avgitt sikkerhet i verdipapirer (ikke fraregnet)	Forpliktelser etter netting og sikkerheter	Uoppgjorte handler og forpliktelser som ikke er underlagt bindende nettingavtale	Brutto balanseførte finansielle forpliktelser
<b>GJELD</b>							
Innlån med sikkerhetsstillelse	131 499	-	74 972	56 450	77	18 236	149 735
Mottatt kontantsikkerhet	2 570	2 528	-	-	42	-	2 570
Finansielle derivater	5 400	2 918	2 229	-	253	-134	5 266
<b>Totalt</b>	<b>139 469</b>	<b>5 446</b>	<b>77 201</b>	<b>56 450</b>	<b>372</b>	<b>18 102</b>	<b>157 571</b>

Beløp i millioner kroner

31.12.2014							
Beløp som er underlagt bindende nettingavtale							
Beskrivelse	Eiendeler i balansen som er gjenstand for netting	Finansielle forpliktelser knyttet til samme motpart	Mottatt kontantsikkerhet (innregnet som gjeld)	Mottatt sikkerhet i verdipapirer (ikke innregnet)	Eiendeler etter netting og sikkerheter	Uoppgjorte handler og eiendeler som ikke er underlagt bindende nettingavtale	Brutto balanseførte finansielle eiendeler
<b>EIENDELER</b>							
Utlån med sikkerhetsstillelse	45 536	-	22 093	23 428	15	-	45 536
Avgitt kontantsikkerhet	1 289	1 289	-	-	-	-	1 289
Finansielle derivater	5 387	4 581	807	-	-	390	5 777
<b>Totalt</b>	<b>52 212</b>	<b>5 870</b>	<b>22 900</b>	<b>23 428</b>	<b>15</b>	<b>390</b>	<b>52 602</b>

Beløp i millioner kroner

Beskrivelse	Beløp som er underlagt bindende nettingavtale					31.12.2014	
	Forpliktelser i balansen som er gjenstand for netting	Finansielle eiendeler knyttet til samme motpart	Avgitt kontant-sikkerhet (innregnet som eiendel)	Avgitt sikkerhet i verdipapirer (ikke fraregnet)	Forpliktelser etter netting og sikkerheter	Uoppgjorte handler og forpliktelser som ikke er underlagt bindende nettingavtale	Brutto balanseførte finansielle forpliktelser
<b>GJELD</b>							
Innlån med sikkerhetsstillelse	39 975	-	22 093	17 834	48	-	39 975
Mottatt kontantsikkerhet	543	135	-	-	409	-	543
Finansielle derivater	7 895	4 581	1 289	-	2 025	-	7 895
<b>Totalt</b>	<b>48 413</b>	<b>4 716</b>	<b>23 382</b>	<b>17 834</b>	<b>2 482</b>	<b>-</b>	<b>48 413</b>

## SPU NOTE 13 ANDRE EIENDELER OG ANNEN GJELD

Tabell 13.1 Andre eiendeler

Beløp i millioner kroner

	31.12.2015	31.12.2014
Fordring kildeskatt	1 546	2 744
Opptjent inntekt/kostnad fra utlån med sikkerhetsstillelse	235	176
Annet	484	926
<b>Sum andre eiendeler</b>	<b>2 265</b>	<b>3 847</b>

Tabell 13.2 Annen gjeld

Beløp i millioner kroner

	31.12.2015	31.12.2014
Mellomværende separate porteføljer til forvaltning*	810	60
Betalbar skatt	1	68
Annet	220	190
<b>Sum annen gjeld</b>	<b>1 031</b>	<b>318</b>

\* Mellomværende separate porteføljer til forvaltning er netto verdi av innskudd og utlån i pengemarkedet og gjenkjøps- og gjensalgsvtaler mot andre porteføljer som forvaltes av Norges Bank. Transaksjonene er gjennomført til markedsvilkår.

## SPU NOTE 14 NÆRSTÅENDE PARTER



### REGNSKAPSPRINSIPP

Norges Bank er eiet av staten og benytter seg av unntaksregelen i IAS 24.25 vedrørende opplysninger om transaksjoner og mellomværende, inkludert forpliktelser, med staten som nærstående part. Dette inkluderer transaksjoner med andre enheter som er nærstående parter, fordi staten har kontroll over, felles kontroll over, eller betydelig innflytelse over både Norges Bank og de andre enhetene.

Norges Bank, inkludert SPU, er et eget rettssubjekt som er heleid av staten ved Finansdepartementet. Se note 1 *Generell informasjon* for informasjon om forholdet mellom Finansdepartementet, Norges Bank og SPU. SPU gjennomfører alle transaksjoner til markedsvilkår.

### INNSKUDD FRA STATEN

Norges Bank mottar innskudd fra Finansdepartementet i form av et kroneinnskudd på en konto i Norges Bank. Kroneinnskuddet plasseres videre til forvaltning hos Norges Bank Investment Management. Se ytterligere informasjon om periodens tilførsel i *Oppstilling av endringer i eiers kapital*.

### TRANSAKSJONER MED NORGES BANK

Kostnader til forvaltning av SPU trekkes fra Finansdepartementets særskilte konto i Norges Bank. For ytterligere informasjon om forvalt-

ningskostnader, se note 20.10 *Forvaltningskostnader*.

Interne handler i form av pengemarkedsutlån eller innlån og gjenkjøpsavtaler mellom SPU og de langsiktige reservene i Norges Bank presenteres som en netto mellomværende mellom de to rapporteringsenhetene, på balanselinjene *Andre eiendeler* og *Annen gjeld*. Tilhørende resultatposter presenteres netto i resultatregnskapet, som *Renteinntekter/kostnader*.

### TRANSAKSJONER MED DATTERSELSKAPER

Datterselskaper finansieres med egenkapital og langsiktig lån. Kontanter generert i datterselskapene blir distribuert i form av utbytter og renter. For mer informasjon om transaksjoner med datterselskapene, se note 20.6 *Unotert eiendom*.

## SPU NOTE 15 INTERESSER I ANDRE FORETAK

Investeringer i unotert eiendom utføres gjennom datterselskaper av Norges Bank, utelukkende etablert som en del av forvaltningen av SPU. Datterselskapene investerer, gjennom holdingselskaper, i enheter som investerer i eiendom. Disse selskapene kan være datterselskaper eller tilknyttede selskaper.

Det overordnede målet med eierskapsstrukturene benyttet for de unoterte eiendomsinvesteringene er å ivareta de finansielle verdiene under forvaltning og å sikre høyest mulig avkastning etter kostnader

i henhold til mandatet fra Finansdepartementet. Viktige kriterier i beslutningen av eierskapsstruktur har vært juridisk beskyttelse, eierskapsstyring og operasjonell effektivitet. Skattekostnader kan representere en vesentlig kostnad for de unoterte eiendomsinvesteringene. Forventet skattekostnad har derfor vært en av faktorene som har inngått i vurderingen av eierskapsstruktur.

Strukturene pålegger ingen signifikante restriksjoner på distribusjon av utbytter eller renter til SPU.

Tabell 15.1 viser de sentrale selskapene som drifter og eier eiendommene, i tillegg til de konsoliderte datterselskapene.

Tabell 15.1 Eiendomsselskaper

Selskap	Forretnings- adresse	Eiendomsadresse	Eierandel og stemme- andel i prosent	Innregnet fra
<b>Ikke-konsoliderte selskaper</b>				
<b>Storbritannia</b>				
NBIM George Partners LP	London	London	100,00	2011
MSC Property Intermediate Holdings Limited	London	Sheffield	50,00	2012
NBIM Charlotte Partners LP	London	London	57,75	2014
NBIM Edward BT	London	London	100,00	2014
NBIM Caroline Partners LP	London	London	100,00	2015
NBIM James Partners LP	London	London	100,00	2015
<b>Luxembourg</b>				
NBIM S.à r.l.	Luxembourg	I/A	100,00	2011
NBIM Monte S.à r.l.	Luxembourg	I/A	100,00	2013
<b>Frankrike</b>				
NBIM Louis SAS	Paris	Paris	100,00	2011
SCI 16 Matignon	Paris	Paris	50,00	2011
Champs Elysées Rond-Point SCI	Paris	Paris	50,00	2011
SCI PB 12	Paris	Paris	50,00	2011
SCI Malesherbes	Paris	Paris	50,00	2012
SCI 15 Scribe	Paris	Paris	50,00	2012
SAS 100 CE	Paris	Paris	50,00	2012
SCI Daumesnil	Paris	Paris	50,00	2012
SCI 9 Messine	Paris	Paris	50,00	2012
SCI Pasquier	Paris	Paris	50,00	2013
NBIM Marcel SPPICAV	Paris	Paris	100,00	2014
<b>Tyskland</b>				
Die Welle 1 Frankfurt Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Frankfurt	50,00	2012
Die Welle 3 Frankfurt Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Frankfurt	50,00	2012
NKE Neues Kranzler Eck Berlin Immobilien GmbH & Co. KG	Köln	Berlin	50,00	2012
Tower SZ Munich GmbH & Co. KG	Hamburg	München	50,00	2013
STEG LBG 2 S.C.S	Luxembourg	München	94,90	2014
STEG LBG 3 S.C.S	Luxembourg	München	94,90	2014
<b>Sveits</b>				
NBIM Antoine CHF S.à r.l.	Luxembourg	Zürich	100,00	2012
<b>Europa</b>				
Prologis European Logistics Partners S.à r.l.	Luxembourg	Flere europeiske byer	50,00	2013

Selskap	Forretnings- adresse	Eiendomsadresse	Eierandel og stemme- andel i prosent	Innregnet fra
<b>USA</b>				
T-C 1101 Pennsylvania Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2013
T-C Franklin Square Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2013
T-C 33 Arch Street Venture LLC	Wilmington, DE	Boston	49,90	2013
T-C 470 Park Avenue South Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2013
T-C 475 Fifth Avenue Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2013
No. 1 Times Square Development LLC	Wilmington, DE	New York	45,00	2013
OFC Boston LLC	Wilmington, DE	Boston	47,50	2013
425 MKT LLC	Wilmington, DE	San Francisco	47,50	2013
555 12th LLC	Wilmington, DE	Washington	47,50	2013
Prologis U.S. Logistics Venture LLC	Wilmington, DE	Flere amerikanske byer	46,30	2014
OBS Boston LLC	Wilmington, DE	Boston	47,50	2014
100 Federal JV LLC	Wilmington, DE	Boston	45,00	2014
Atlantic Wharf JV LLC	Wilmington, DE	Boston	45,00	2014
BP/CGCenter MM LLC	Wilmington, DE	New York	45,00	2014
T-C 2 Herald Square Venture LLC	Wilmington, DE	New York	49,90	2014
T-C 800 17th Street Venture NW LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2014
T-C Foundry Sq II Venture LLC	Wilmington, DE	San Francisco	49,90	2014
T-C Hall of States Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2014
SJP TS JV, LLC	Wilmington, DE	New York	45,00	2015
T-C Republic Square Venture LLC	Wilmington, DE	Washington	49,90	2015
T-C 888 Brannan Venture LLC	Wilmington, DE	San Francisco	49,90	2015
Hudson Square Properties, LLC	Wilmington, DE	New York	44,00	2015
<b>Konsoliderte eiendomsselskaper</b>				
<b>Singapore</b>				
NBRE Management Singapore Pte. Ltd.	Singapore	I/A	100,00	2015
<b>Japan</b>				
NBRE Management Japan Advisors K.K.	Tokyo	I/A	100,00	2015

Aktiviteten i de konsoliderte datterselskapene består av å yte investeringsrelaterte tjenester til SPU. Aktiviteten presenteres i resultatregnskapet som *Andre kostnader* og inngår i balanselinjene *Andre eiendeler* og *Annen gjeld*.

I tillegg til selskapene vist i tabell 15.1 har Norges Bank heleide holdingselskaper etablert som en del av investeringene i unotert eiendom. Disse holdingselskapene har ingen drift og eier ingen eiendommer direkte. Holdingselskapene har forretningsadresse i samme land som eiendommen, eller i tilknytning til NBIM S.à r.l. i Luxembourg.



# REVISORS BERETNING

Til Norges Banks representantskap

## UTTALELSE OM ÅRSREGNSKAPET

Vi har revidert årsregnskapet for Norges Bank, som består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap, totalresultat, oppstilling over endringer i egenkapital og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og av en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

### HOVEDSTYRET OG SENTRALBANKSJEFENS ANSVAR FOR ÅRSREGNSKAPET

Hovedstyret og sentralbanksjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Forskriften krever at Norges Banks regnskap utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, men fastsetter særskilte krav til presentasjon av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland og datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av investeringsporteføljen. Hovedstyret og sentralbanksjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll som er nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

### REVISORS OPPGAVER OG PLIKTER

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjons handlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### KONKLUSJON

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Norges Bank per 31. desember 2015 og av resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med forskrift om årsregnskap m.m. for Norges Bank. Forskriften krever at Norges Banks regnskap utarbeides i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsatt av EU, men fastsetter særskilte krav til presentasjon av investeringsporteføljen til Statens pensjonsfond utland og datterselskaper som utelukkende utgjør investeringer som ledd i forvaltningen av investeringsporteføljen.

## UTTALELSE OM ØVRIGE FORHOLD


### KONKLUSJON OM ÅRSBERETNINGEN OG OM REDEGJØRELSEN OM SAMFUNNSANSVAR

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene om årsregnskapet i årsberetningen, redegjørelsen om samfunnsansvar og forslaget til anvendelse av totalresultat er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

### KONKLUSJON OM REGISTRERING OG DOKUMENTASJON

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Oslo, 10. februar 2016  
Deloitte AS



Aase Aa. Lundgaard  
statsautorisert revisor

# REPRESENTANTSKAPETS VEDTAK OM FASTSETTELSE AV ÅRSREGNSKAPET FOR 2015

Norges Banks representantskap fattet følgende vedtak i møte den 3. mars 2016:

- Representantskapet tar hovedstyrets årsmelding for 2015 til etterretning.
- Representantskapet tar revisors beretning til etterretning og fastsetter Norges Banks årsregnskap for 2015.
- I tråd med retningslinjene blir totalresultatet på 66,5 milliarder kroner overført med 7,6 milliarder kroner til kursreguleringsfondet og 58,9 milliarder kroner til overføringsfondet. Fra overføringsfondet overføres en tredjedel – 26,6 milliarder kroner – til statskassen.

# REPRESENTANTSKAPETS UTTALELSE OM HOVEDSTYRETS PROTOKOLLER OG TILSYNET MED BANKEN

Representantskapet utarbeider i henhold til sentralbankloven en årlig rapport til Stortinget om tilsynet med Norges Bank. Rapporten for 2015 vedtas i møte den 17. mars 2016 og offentliggjøres ved oversendelse til Stortinget.





VERKSEMMA TIL  
NOREGS BANK



## KAPITTEL 1

# PENGEPOLITIKK

Noregs Bank har utøvande og rådgivande oppgåver i pengepolitikken. Den operative gjennomføringa av pengepolitikken skal rettast inn mot låg og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken er ein årsvekst i konsumprisane som over tid er nær 2,5 prosent. Pengepolitikken skal òg bidra til å jamne ut svingingar i produksjon og sysselsetjing, sjå eigen boks om pengepolitikken i Noreg.

Konsumprisindeksen (KPI) auka med 2,1 prosent frå 2014 til 2015, mens KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer (KPI-JAE) steig med 2,7 prosent i den same perioden. Verknadene på norsk økonomi av oljeprisfallet og nedgangen i oljeinvesteringane kom gradvis til syne gjennom 2015. Veksten minka og blei svakare enn åra før. Arbeidsløysa auka noko i 2015, hovudsakleg i regionar med nær tilknytning til oljeverksemda. Fallet i oljeprisen bidrog til at krona blei betydeleg svekt. Kronesvekkinga blei understøtta av pengepolitikken. Prognosen for styringsrenta blei justert ned i mars, september og desember. I juni blei renteprognosen justert ned på kort sikt, men mot slutten av prognoseperioden låg han litt høgare enn i mars. På rentemøta i juni og september blei styringsrenta sett ned med 0,25 prosentteiningar til høvesvis 1,0 prosent og 0,75 prosent.

### **VEKST SOM VENTA, MEN NOKO SVAKARE UTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I MARS**

Utsiktene for norsk økonomi svekte seg gjennom hausten 2014. Oljeprisen fall kraftig, og aktiviteten i petroleumsnæringa såg ut til å bli lågare enn det som tidlegare var lagt til grunn. Samtidig bidrog ei svakare krone til å halde inflasjonen oppe og til å dempe verknadene på norsk økonomi av ein lågare oljepris. På rentemøtet i desember 2014 blei det lagt særleg vekt på å redusere risikoen for ein markert

nedgang i norsk økonomi. Styringsrenta blei derfor sett ned med 0,25 prosentteiningar til 1,25 prosent. Analysen i Pengepolitisk rapport 4/14 tilsa ei styringsrente på dette nivået eller noko lågare fram mot slutten av 2016.

Ved rentemøtet i mars 2015 var veksten hos handelspartnarane våre moderat, og om lag som anslått i Pengepolitisk rapport 4/14. Veksten i dei framveksande økonomiane hadde minka, men det var teikn til ei gradvis betring i industrilanda. Veksten i konsumprisane var nær null hos mange av handelspartnarane våre.

Kjerneinflasjonen var noko høgare, men spesielt i euroområdet og Sverige var den underliggjande prisveksten òg låg.

Marknadsaktørane sine forventningar til styringsrentene ute var lågare enn i desember. Fleire sentralbankar hadde gjennomført ytterlegare lettjar i pengepolitikken. I Sverige hadde Riksbanken sett ned styringsrenta til -0,1 prosent. Det blei samtidig annonsert kjøp av statsobligasjonar. Den europeiske sentralbanken (ESB) hadde utvida aktivkjøpsprogrammet sitt. I Danmark hadde Nationalbanken sett ned renta på innskotsbevis til -0,75 prosent.

I januar 2015 fall oljeprisen til det lågaste nivået sidan 2008, men han tok seg opp dei neste månadene og låg i mars på rundt 55 dollar per fat. Det var om lag 15 dollar lågare enn det som var lagt til grunn i desember 2014. Terminprisane hadde òg falle.

Vinteren 2015 var prega av store rørsler i valutamarknaden. Negative renter og kjøp av statsobligasjonar hadde svekt euroen og den svenske krona. I USA og Storbritannia hadde utsikter til renteoppgang gitt ei markert styrking av amerikanske dollar og britiske pund. Krona hadde svekt seg og var om lag 3 prosent svakare enn det ein hadde lagt til grunn i desember.

Fram mot rentemøtet i mars utvikla norsk økonomi seg om lag som ein hadde rekna med i desember 2014. Arbeidsløysa var stabil og litt lågare enn venta. Samtidig var utsiktene framover svakare enn det som tidlegare var lagt til grunn. Aktiviteten i petroleumsnæringa såg ut til å minke meir enn anslått som følgje av det vidare fallet i oljeprisen, og kontaktane i det regionale nettverket til Noregs Bank rapporterte at forventningane til produksjonsveksten hadde falle i dei fleste næringar. Kapasitetsutnyttinga i fastlandsøkonomien blei vurdert å vere lågare enn normalt, og Noregs Bank rekna med at ho ville minke ytterlegare.

Lønnsveksten i 2014 blei litt lågare enn det som var lagt til grunn i desember, og konsumprisane hadde stige noko mindre enn anslått. Årsvæksten

i konsumprisindeksen justert for avgiftsendingar og utan energivarer (KPI-JAE) var 2,4 prosent i februar, sjå figur 1.1.

På rentemøtet i mars blei det lagt vekt på at styringsrenta var blitt redusert i desember for å motverke faren for at ein lågare oljepris skulle føre til ein markert nedgang i norsk økonomi. Så langt hadde utslaga i realøkonomien vore relativt små. Samtidig hadde bustadprisane halde fram med å stige mykje. Den sterke veksten i eigedomsprisane kunne føre til at gjeldsveksten auka. Etter ei samla vurdering valde Noregs Bank å halde styringsrenta uendra på 1,25 prosent. Dersom utviklinga i økonomien framover blei om lag som anslått, var det utsikter til at renta ville bli sett ytterlegare ned i løpet av første halvår av 2015.

Analysen i Pengepolitisk rapport 1/15 tilsa at kapasitetsutnyttinga i norsk økonomi ville bli lågare framover. Det var òg utsikter til at arbeidsløysa kunne auke noko. Kronesvekkinga sidan hausten 2014 var venta å bidra til å halde prisveksten oppe den nærmaste tida, men lenger fram blei det venta at inflasjonen skulle minke. Analysane viste ei styringsrente på om lag 1 prosent dei neste åra. Styringsrenta blei deretter anslått å auke gradvis. Prognosen for styringsrenta var lågare enn i desember 2014 gjennom heile prognoseperioden, sjå figur 1.2.


## UTVIKLINGA OM LAG SOM ANSLÅTT FRAM TIL RENTEMØTET I MAI

Fram mot rentemøtet i mai hadde den økonomiske utviklinga hos handelspartnarane våre vore litt svakare enn anslått i Pengepolitisk rapport 1/15, men utsiktene var lite endra. Marknadsaktørane sine forventningar til styringsrentene ute den nærmaste tida var blitt noko lågare. Samtidig hadde oljeprisen stige meir enn venta og var på rundt 65 dollar per fat. Kronekursen hadde vore nær anslaget frå mars.

Væksten i norsk økonomi såg ut til å utvikle seg om lag som venta. Utviklinga i den registrerte arbeidsløysa hadde vore som anslått, mens




FIGUR 1.1 Konsumprisar. Tolvmånersvekst. Prosent. Januar – desember 2015



1 KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

FIGUR 1.2 Prognose for styringsrenta i ulike pengepolitiske rapportar. Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2018



Kjelde: Noregs Bank

arbeidsløysa målt ved arbeidskraftundersøkinga (AKU) hadde auka meir. Resultata frå lønnsoppgjeret tydde på at lønnsveksten i 2015 kom til å bli lågare enn anslaget i rapporten frå mars. Bustadprisane hadde halde fram med å vekse, og gjelda til hushalda hadde auka meir enn venta. Konsumprisveksten hadde vore om lag som anslått.

På rentemøtet i mai blei det lagt vekt på at utviklinga i norsk økonomi hadde vore om lag som venta. Konsumprisveksten var nær 2,5 prosent, men lågare lønnsvekst svekte drivkreftene for inflasjonen lenger fram. På den andre sida heldt etterspurnaden til hushalda seg oppe, og oljeprisen hadde stige. Den vidare utviklinga i bustadprisar og gjeld var framleis usikker. Det blei vedteke å halde renta uendra på 1,25 prosent. Samtidig var det framleis utsikter til at styringsrenta ville bli sett ned i juni.

## SVAKARE VEKSTUTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I JUNI

Utover våren var utviklinga i verdsøkonomien svakare enn venta, men det var framleis utsikter til at veksten ville ta seg opp framover. Marknadsaktørane sine forventningar til styringsrentene ute den nærmaste tida var lite endra. Dei langsiktige rentene internasjonalt hadde svinga mykje gjennom våren. Samla sett hadde dei auka noko sidan mars, men rentene var framleis låge.

I juni varierte oljeprisen mellom 60 og 65 dollar per fat, og prisen var noko høgare enn det som var lagt til grunn i mars. Det var teikn til at veksten i tilbodet av olje ville minke. Samtidig var oljelagera framleis på historisk høge nivå. Prisane på leveransar fram i tid reflekterte forventningar om ein viss oppgang i oljeprisen. Krona hadde i gjennomsnitt for andre kvartal vore om lag som anslått, men kursen svekte seg i vekene før rentemøtet.

Ny informasjon om norsk økonomi indikerte at veksten hadde vore litt svakare enn venta, og utsiktene framover var òg noko svekte. Konsumet hadde halde seg oppe, men føretaksinvesteringane hadde falle. Kontaktane i det regionale nettverket til Noregs Bank melde i mai om minkande produksjonsvekst. Bedriftene venta framleis svak vekst framover, og utsiktene var svakare enn i januar. Verknadene av ein lågare oljepris og lågare etterspurnad frå petroleumsnæringa såg ut til å vere noko større enn det som tidlegare var lagt til grunn. På den andre sida såg det ut til at petroleumsinvesteringane ville falle mindre i 2016 og 2017 enn det som var anslått i mars. Samla sett blei det anslått at kapasitetsutnyttinga ville minke ytterlegare samanlikna med anslaga frå mars.

Arbeidsløysa hadde som venta auka noko. I mai var den registrerte arbeidsløysa 2,9 prosent. Mens den registrerte arbeidsløysa hadde auka i tråd med prognosane frå mars, hadde arbeidsløysa målt ved AKU stige meir enn venta. Det var teikn til at tilstrøyminga av utanlandsk arbeidskraft minka i takt med avdempinga av veksten i norsk økonomi. Det blei lagt til grunn at arbeidsløysa ville auke noko vidare, og litt meir enn anslått i mars.

Veksten i konsumprisane hadde dei siste månadene variert mellom 2 og 2,5 prosent. Prisane på norskproduserte varer og tenester hadde stige mindre enn anslått, mens prisane på importerte konsumvarer hadde stige meir enn det som var lagt til grunn. Det blei peikt på at kronesvekkinga truleg ville bidra til ein vidare oppgang i prisane. Samtidig blei det lagt til grunn at prisveksten lenger fram ville bli dempa av nedgangen i lønnsveksten, og at verknadene av ei svakare krone etter kvart ville bli fasa ut.

Sidan nyttår hadde bankane redusert utlånsrentene sine litt meir enn det som var venta i mars. Påslaget i den norske pengemarknaden hadde stige sidan mars og vore noko høgare enn anslått. Veksten i bustadprisane hadde vore lågare dei siste månadene, men det var store regionale forskjellar. Gjelda til hushalda hadde halde fram med å vekse raskare enn inntektene.

På rentemøtet i juni blei det lagt vekt på at vekstutsiktene og drivkreftene for inflasjonen lenger fram var svekte. Både omsynet til å halde inflasjonen nær målet og omsynet til å halde kapasitetsutnyttinga oppe dei nærmaste åra talte for ei lågare styringsrente. På den andre sida ville lågare renter innebere ein risiko for at veksten i bustadprisar og gjeld skulle skyte ny fart. Etter ei samla vurdering blei det bestemt at styringsrenta skulle setjast ned med 0,25 prosenteningar til 1,0 prosent. Slik Noregs Bank vurderte utsiktene for norsk økonomi i juni, kunne styringsrenta bli sett ytterlegare ned i løpet av hausten.

Analysane i Pengepolitisk rapport 2/15 talte for at styringsrenta ville bli liggjande i overkant av  $\frac{3}{4}$  prosent det nærmaste året. Styringsrenta blei deretter anslått å auke gradvis. Prognosen for styringsrenta var noko lågare enn i Pengepolitisk rapport 1/15 fram til andre halvår 2017. Mot slutten av anslagsperioden låg renteprognosen litt høgare enn i mars.

## FALL I OLJEPRISEN OG SVAKARE VEKSTUTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I SEPTEMBER

Oljeprisen fall gjennom sommaren og var noko under 50 dollar per fat i september. Fallet i oljeprisen hang saman med større oljelager og vedvarande tilbodsoverskot. Prisane på leveransar fram i tid reflekterte forventingar om ein viss oppgang i oljeprisen, men til eit lågare nivå enn prisane tydde på i juni.

Veksten i verdsøkonomien var framleis moderat, men vekstutsiktene for handelspartnarane til Noreg var noko svakare enn i juni. Fallande råvareprisar gav utsikter til at prisveksten ute ville halde seg låg lenger enn det som var lagt til grunn tidlegare. Prisinga i marknaden tydde på at den venta renteoppgangen hos handelspartnarane ville komme seinare og meir gradvis enn tidlegare venta.

Krona hadde svekt seg markert sidan juni og var svakare enn det som var lagt til grunn i Penge-

politisk rapport 2/15. Svekinga blei sett i samband med oljeprisfallet og lågare rentedifferanse mot utlandet.

Påslaget i den norske tremånaders penge-marknadsrenta var om lag 0,3 prosentteiningar og hadde endra seg lite sidan den førre rapporten. Risikopåslaga på obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) og seniorobligasjonar utferda av norske bankar hadde auka sidan juni.

Veksten i norsk økonomi hadde vore om lag som anslått i juni, men vekstutsiktene var svakare. Oljeinvesteringane blei anslått å falle meir enn det som var lagt til grunn. Kontaktane i det regionale nettverket til Noregs Bank venta i august framleis svak vekst framover, og utsiktene blei vurderte som litt svakare enn i mai. Arbeidsløysa hadde som venta auka noko. Mens den registrerte arbeidsløysa hadde auka i tråd med anslaga frå juni, hadde arbeidsløysa målt ved AKU stige meir enn venta. Det blei lagt til grunn at arbeidsløysa ville halde seg litt høgare, og at kapasitetsutnyttinga ville minke ytterlegare ein periode samanlikna med anslaga frå juni.

Etter at styringsrenta blei sett ned i juni, hadde bankane redusert utlånsrentene sine litt meir enn det som var lagt til grunn. Veksten i bustadprisane hadde variert mykje gjennom sommaren, men var samla sett litt høgare enn anslått. Gjelda til hushalda hadde halde fram med å vekse sterkare enn inntektene.

Veksten i konsumprisane hadde vore høgare enn anslått i Pengepolitisk rapport 2/15. Årsveksten i KPI-JAE i august var 2,9 prosent. Både prisane på norskproduserte varer og tenester og på importerte konsumvarer hadde stige meir enn det som var lagt til grunn i juni. Valutakursgjennomslaget såg ut til å ha vore større enn det som var lagt til grunn tidlegare.

På rentemøtet i september blei det lagt vekt på at fallet i oljeprisen ville dempe veksten i norsk økonomi. Ei svakare krone ville løfte prisveksten på kort sikt. Lenger fram var det utsikter til lågare inflasjon. Saman med omsynet til å halde kapasitetsutnyttinga oppe tilsa det ei lågare

styringsrente. På den andre sida innebar ei endå lågare rente ein risiko for at veksten i eigedomsprisar og gjeld skulle skyte fart. Etter ei samla vurdering av utsiktene og risikobiletet blei styringsrenta sett ned med 0,25 prosentteiningar til 0,75 prosent. Utsiktene for norsk økonomi blei vurderte slik at styringsrenta kunne bli sett ytterlegare ned det nærmaste året.

Anslaga tilsa ei styringsrente som gjekk ned til i overkant av 1/2 prosent i 2016. Prognosen for styringsrenta var lågare enn i Pengepolitisk rapport 2/15 gjennom heile anslagsperioden.

## LITT SVAKARE UTVIKLING ENN VENTA OG SVAKARE KRONE FRAM MOT RENTEMØTET I NOVEMBER

Ved rentemøtet i november var veksten hos handelspartnarane om lag som ein hadde anslått. Samtidig hadde prisveksten ute vore lågare enn ein hadde rekna med. Det bidrog til at dei venta styringsrentene ute samla sett hadde falle noko. Sidan den førre rapporten hadde Sveriges riksbank bestemt seg for å auke verdipapirkjøpa, og ESB hadde gitt signal om fleire pengepolitiske tiltak.

Oljeprisen var noko under 50 dollar per fat, i tråd med det som hadde blitt lagt til grunn i september. Prisane på leveransar fram i tid var lite endra og reflekterte framleis forventningar om ein viss oppgang i oljeprisen. Kronekursen hadde likevel vore svakare enn det som var lagt til grunn i Pengepolitisk rapport 3/15.

Påslaget i den norske pengemarknaden hadde auka og vore litt høgare enn venta. Også risikopåslaga på obligasjonsfinansieringa til bankane hadde stige noko. Reduksjonen i styringsrenta i september verka å ha fått gjennomslag i utlånsrentene til bankane.

Norsk økonomi såg ut til å utvikle seg litt svakare enn det som var lagt til grunn i september. Varekonsumet til hushalda hadde vore lågare enn venta, og industriproduksjonen hadde halde fram med å falle. Bustadprisveksten i september

var noko lågare enn venta, men det var framleis store regionale forskjellar. Prisveksten hadde vore som anslått i Pengepolitisk rapport 3/15.

I forslaget til statsbudsjett for 2016 blei det lagt opp til ein auke i det strukturelle, oljekorrigerede budsjettunderskotet frå 2015 til 2016 som var høgare enn det som hadde blitt lagt til grunn i september.

På rentemøtet i november blei det lagt vekt på at utviklinga i norsk økonomi hadde vore svakare enn venta, og at dei venta styringsrentene ute hadde halde fram med å falle noko. På den andre sida hadde kronkursen vore svakare enn føreset, og ein meir ekspansiv finanspolitikk var venta å bidra til å halde etterspurnaden etter varer og tenester oppe. Etter ei samla vurdering av ny informasjon blei styringsrenta halden uendra på 0,75 prosent.

### **VIDARE FALL I OLJEPRISEN OG NOKO SVAKARE VEKSTUTSIKTER FRAM MOT RENTEMØTET I DESEMBER**

Oljeprisen fall etter rentemøtet i november, og i desember var han i underkant av 40 dollar per fat. Prisane på leveransar fram i tid hadde òg minka. Nedgangen i oljeprisen bidrog til at krona var svakare enn det som var lagt til grunn i Pengepolitisk rapport 3/15.

Det var utsikter til at veksten hos handelspartnarane til Noreg ville ta seg noko opp framover, om lag i same takt som det som var lagt til grunn i september. Den vidare nedgangen i energiprisane hadde bidrege til at prisveksten i dei fleste industrilanda hadde vore lågare enn anslått, og for handelspartnarane samla sett hadde dei venta styringsrentene falle.

Påslaget i den norske pengemarknaden hadde auka og vore litt høgare enn anslått. Også risikopåslaga på obligasjonsfinansieringa til bankane hadde stige noko, men dei gjennomsnittlege finansieringskostnadene til bankane var foreløpig lite endra.

Veksten i norsk økonomi hadde fram til desember vore i tråd med anslaga frå september. Samla sett rapporterte kontaktane i det regionale nettverket til Noregs Bank at veksten i produksjonen hadde minka noko. Det var teikn til at verknadene av fallet i oljeprisen og nedgangen i oljeinvesteringane spreidde seg til sektorar der veksten til då hadde halde seg oppe. Forbrukartilliten hadde halde fram med å falle, og det var utsikter til litt svakare vekst i det private forbruket. I tillegg kunne ein lågare oljepris bidra til noko større fall i oljeinvesteringane i åra som kjem, enn tidlegare føreset. På den andre sida bidrog ei svakare krone til auka lønnsemd i eksportbedrifter og importkonkurrerende verksemd. Høgare vekst i offentleg forbruk og investeringar enn det som var lagt til grunn tidlegare, mellom anna som følge av dei mange asylsøklarane som kom i løpet av hausten, ville òg bidra til å halde den samla aktiviteten oppe. Samla sett såg det likevel ut til at veksten framover ville bli litt lågare enn tidlegare venta.

Veksten i bustadprisane hadde vore om lag som venta i september. Kredittveksten til hushalda hadde vore litt lågare enn venta, men kreditten voks framleis raskare enn inntektene til hushalda. Det såg ut til at reduksjonen i styringsrenta i september hadde fått fullt gjennomslag i utlånsrentene til bankane. Samtidig melde bankane i utlånsundersøkinga til Noregs Bank om noko strammare utlånspraksis. Konsumprisveksten hadde vore på linje med anslaga frå september. Årsveksten i KPI-JAE var 3,1 prosent i november.

Ved rentemøtet i desember blei det lagt vekt på at utviklinga i norsk økonomi så langt hadde vore om lag som venta i september. Det var utsikter til at veksten framover ville bli litt svakare enn venta, og at arbeidsløysa ville stige noko meir enn det ein hadde lagt til grunn tidlegare. Det tilsa isolert sett ei lågare styringsrente. Samtidig blei det lagt vekt på at usikkerheit om verknadene av pengepolitikken talte for å gå varsamt fram i rentesetjinga. Pengepolitikken var ekspansiv. Krona hadde svekt seg, og prisveksten hadde teke seg opp. Ei lågare styringsrente kunne auke risikoen for at veksten i eige-



domsprisar og gjeld auka. Etter ei samla vurdering av utsiktene og risikobiletet blei styringsrenta halden uendra på 0,75 prosent på møtet i desember. Slik Noregs Bank vurderte utsiktene, kunne styringsrenta bli sett ned i løpet av første halvår 2016.

Analysane i Pengepolitisk rapport 4/15 tilsa ei styringsrente som minka til noko under ½ prosent i 2016. Mot slutten av prognoseperioden blei styringsrenta anslått å auke til i underkant av 1 prosent. Prognosen var lågare enn i september.



## PENGEPOLITIKKEN I NOREG

Det er Noregs Bank som utøver pengepolitikken i Noreg. Verksemda til banken er regulert i lov om Norges Bank og pengevesenet mv. (sentralbanklova) frå 1985. I medhald av paragrafane 19 og 20 fastset Noregs Bank rentesatsane på bankane sine innskot og lån i sentralbanken.

Mandatet for pengepolitikken blei fastsett av regjeringa i 2001. I paragraf 1 i forskrifta heiter det:

*Pengepolitikken skal sikte mot stabilitet i den norske kronens nasjonale og internasjonale verdi, herunder også bidra til stabile forventninger om valutakursutviklingen. Pengepolitikken skal samtidig understøtte finanspolitikken ved å bidra til å stabilisere utviklingen i produksjon og sysselsetting.*

*Norges Bank forestår den operative gjennomføringen av pengepolitikken.*

*Norges Banks operative gjennomføring av pengepolitikken skal i samsvar med første ledd rettes inn mot lav og stabil inflasjon. Det operative målet for pengepolitikken skal være en årsvekst i konsumprisene som over tid er nær 2,5 pst.*

*Det skal i utgangspunktet ikke tas hensyn til direkte effekter på konsumprisene som skyldes endringer i rentenivået, skatter, avgifter og særskilte, midlertidige forstyrrelser.*

Verkemiddelet i pengepolitikken er styringsrenta, som er renta på bankane sine normale innskot over natta i Noregs Bank. Styringsrenta påverkar dei heilt kort-siktige pengemarknadsrentene, og forventingane til den framtidige utviklinga i styringsrenta er avgjerande for nivået på marknadsrentene med lengre løpetider.

Marknadsrentene verkar inn på kronekursen, prisane


på verdipapir, bustadprisane og etterspurnaden etter lån, konsum og investeringar. Styringsrenta frå Noregs Bank kan òg påverke forventingane til framtidig inflasjon og den økonomiske utviklinga. Gjennom alle desse kanalane verkar renta inn på dei samla etterspurnads- og produksjonsforholda og på prisar og lønningar.

Vedtak om endringar i styringsrenta blir vanlegvis gjort i dei annonserte rentemøta i hovudstyret. I 2015 var det seks rentemøte i hovudstyret. Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet blei publisert fire gonger samtidig med renteavgjerda. Hovudstyret fekk rapporten og drøfta hovudlinjene i pengepolitikken i eit møte om lag to veker før rapporten blei publisert. På bakgrunn av analysane i rapporten og diskusjonen vurderte hovudstyret konsekvensane for renteutviklinga. I rapporten blei òg anslag for styringsrenta for dei neste åra publisert, sjå eigne utdjupingar om kriterium for ein god rentebane og om endring i renteprognosen gjennom 2015.

Noregs Banks kommunikasjon om pengepolitikken er i første rekkje retta mot å stabilisere inflasjonsforventingane ved å forklare og grunngi rentesetjinga. Offentleggjinga av renteprognosen til banken kan gjere det lettare for andre å føresjå og etterprøve pengepolitikken. Når aktørane forstår handlingsmønsteret til sentralbanken, dannar det grunnlag for at marknadsrentene reagerer stabiliserande på ny informasjon om den økonomiske utviklinga.

Tillit til at inflasjonsmålet blir nådd, er ein føresetnad for at pengepolitikken òg kan medverke til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetting. Inflasjonen vil ikkje vere lik målet til kvar tid, men med tillit til pengepolitikken vil den forventta prisveksten på lengre sikt vere nær inflasjonsmålet. Det er i seg sjølv med på å stabilisere inflasjonen.

FIGUR 1.3 Inflasjon. Glidande tiårs gjennomsnitt<sup>1</sup> og variasjon<sup>2</sup> i KPI. Prosent. 1982 – 2015




- 1 Det glidande gjennomsnittet er utrekna over ein tiårsperiode.
- 2 Bandet rundt KPI er variasjonen i KPI i snittperioden, målt ved +/- eitt standardavvik.

Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Erfaringane med fleksibel inflasjonsstyring i Noreg har vore gode. Figur 1.3 viser ti års glidande gjennomsnitt for årsveksten i konsumprisindeksen (KPI). Dei siste 15 åra har inflasjonen i gjennomsnitt vore noko under, men nær 2,5 prosent – sjå den blå linja. Avviket frå inflasjonsmålet kan mellom anna sjåast i samanheng med fleire trekk på tilbodssida av økonomien på 2000-talet, som god vekst i produktiviteten, høg arbeidsinnvandring og låg prisvekst på importerte konsumvarer. Det grå bandet i figuren viser variasjonen i årsveksten i inflasjonen. I eit lengre tidsperspektiv har variasjonen felle.

FIGUR 1.4 Anslag på produksjonsgap<sup>1</sup>. Nivå og variasjon<sup>2</sup>. Prosent. 1982 – 2015



- 1 Produksjonsgapet måler forskjellen mellom BNP og anslått potensielt BNP for Fastlands-Noreg.
- 2 Bandet viser variasjonen i produksjonsgapet målt ved +/- eitt standardavvik. Standardavvikka er utrekna over ein tiårsperiode.

Kjelde: Noregs Bank

Med eit fleksibelt inflasjonsmål legg pengepolitikken òg vekt på å bidra til å stabilisere utviklinga i produksjon og sysselsetjing. Figur 1.4 viser utviklinga i produksjonsgapet sidan 1982, der produksjonsgapet er målt som avviket mellom faktisk nivå og anslått normalnivå for BNP i Fastlands-Noreg. Svingingane i økonomien målte på denne måten er reduserte over tid. I kjølvatnet av finanskrisa minka veksten i norsk økonomi, men han har sidan vore nærmare eit normalt nivå, for igjen å gå noko ned i 2015 som følgje av fall i oljeprisen og oljeinvesteringane. Arbeidsløysa har halde seg låg det siste tiåret, men auka noko i 2015.

## KRITERIUM FOR EIN GOD RENTEBAANE

Noregs Bank siktar mot ei prisstiging nær 2,5 prosent over tid. I gjennomføringa av pengepolitikken legg Noregs Bank til grunn at inflasjonsstyringa skal vere fleksibel, slik at det blir lagt vekt på både variasjon i inflasjon og variasjon i produksjon og sysselsetjing når renta skal setjast. Følgjande kriterium kan vere ei rettesnor for ein god rentebane:

### 1. **Inflasjonsmålet blir nådd:**

Rentebanen bør stabilisere inflasjonen på målet eller bringe inflasjonen tilbake til målet etter at det har oppstått avvik.

### 2. **Inflasjonsstyringa er fleksibel:**

Rentebanen bør gi ei rimeleg avveging mellom forløpet for inflasjonen og forløpet for kapasitetsutnyttinga i økonomien.

I avveginga blir det teke omsyn til at verknadene av pengepolitikken er usikre. Det taler normalt for å gå varsamt fram i rentesetjinga. I tillegg blir det lagt vekt på følgjande kriterium:

### 3. **Pengepolitikken er robust:**


Rentesetjinga bør ta omsyn til forhold som inneber auka fare for særleg ugunstige utfall for økonomien. Det taler mellom anna for at pengepolitikken bør bidra til å motverke at det byggjer seg

opp finansielle ubalansar. Ved store og brå endringar i risikobiletet kan omsynet til robustheit òg innebære ein meir aktiv pengepolitikk enn vanleg.

Dei ulike omsyna som kjem til uttrykk i kriteria ovanfor, må vegast mot kvarandre. Omsynet til robustheit er ikkje noko mål i seg sjølv, men er inkludert fordi det kan gi ei betre utvikling i inflasjon, produksjon og sysselsetjing over tid. Avveginga mellom kriteria er vanskeleg å kvantifisere. Hovudstyret gjer kvalitativt greie for skjønnsutøvinga si i «Hovedstyrets vurdering» i dei pengepolitiske rapportane.


Prognosen for renta og andre økonomiske storleikar er basert på ufullstendig informasjon om den økonomiske situasjonen og om korleis økonomien verkar. Det er derfor usikkert korleis økonomien kjem til å utvikle seg. Pengepolitikken kan reagere dersom økonomien utviklar seg annleis enn føreset, eller dersom samanhengar mellom rentenivået, inflasjonen og realøkonomien viser seg å vere annleis enn det ein tidlegare har lagt til grunn. Rentebanen er ein årsaksbestemt prognose. I pengepolitisk rapport gjer banken greie for om renteprognosen har endra seg, og eventuelt kva faktorar som ligg bak endringane. Årsmeldinga gir ei oppsummering av endringane som er gjorde i renteprognosane gjennom året.

FIGUR 1.5 Anslag på styringsrenta i referansebanen i Pengepolitisk rapport 4/15 med sannsynlighetsfordeling. Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2018<sup>1</sup>



1 Anslag for 4. kv. 2015 – 4. kv. 2018 (stipla linje)  
Kjelde: Noregs Bank

FIGUR 1.6 Inflasjon og produksjonsgap i referansebanen i Pengepolitisk rapport 4/15. Prosent. 1. kv. 2008 – 4. kv. 2018



1 KPI justert for avgiftsendringar og utan energivarer  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank



## ENDRING I RENTEPROGNOSEN GJENNOM 2015

Gjennom 2015 blei anslaget for styringsrenta dei neste åra justert ned, sjå figur 1.2. Figur 1.7 viser endringane i prognosen frå utgangen av 2014 (Pengepolitisk rapport 4/14) til utgangen av 2015 (Pengepolitisk rapport 4/15). Den svarte linja viser den samla endringa i renteprognosen, mens søylene gir ein berekningsteknisk illustrasjon på korleis ulike faktorar isolert sett har bidrege til endringar i prognosen.

I Pengepolitisk rapport 4/15 var anslaget for styringsrenta i 2016 og 2017 høvesvis  $\frac{3}{4}$  og 1 prosentening lågare enn i Pengepolitisk rapport 4/14. Svakare vekst her heime og lågare lønnsvekst var enkeltfaktorane som bidrog mest til nedjusteringa av renteprognosen, mens svekkinga av krona bidrog mest i den motsette retninga.


Fleire sentralbankar gjennomførte ytterlegare lettjar i pengepolitikken gjennom 2015. Styringsrentene i fleire land var negative. I tillegg nytta fleire sentralbankar andre verkemiddel for å dempe faren for deflasjon og stimulere aktiviteten. Dei venta styringsrentene hos handelspartnarane fall i løpet av året. Det bidreg isolert sett til ei sterkare krone og dermed til lågare prisvekst og aktivitet her heime. Lågare styringsrenter ute tilsa derfor at også renta her heime burde haldast nede i ein lengre periode, sjå lilla søyler.

Oljeprisen fall markert gjennom 2015, og oljeinvesteringane minka meir enn venta. Det gav ringverknader til fastlandsøkonomien elles. Konsumenttilliten heldt fram med å minke og gav utsikter til svakare vekst i det private forbruket. Veksten i den offentlege etterspurnaden bidrog til å halde etterspurnaden i norsk økonomi oppe. Samla sett bidrog utsiktene for etterspurnaden, og dermed for produksjonen og sysselsetjinga i norsk økonomi, til at renteprognosen blei justert ned gjennom 2015, sjå blå søyler.

Fallet i oljeprisen i løpet av 2015 bidrog til at krona blei betydeleg svakare enn det som tidlegare blei lagt til grunn. Ei svakare krone bidreg isolert sett til høgare prisvekst og auka aktivitet i norsk økonomi. Svekkinga av krona trekte derfor i retning av ei høgare styringsrente, sjå grønne søyler.

Lønnsoppgjeret i 2015 var meir moderat enn ein venta, og anslaga for lønnsveksten framover blei nedjusterte. Lågare lønnsvekst bidreg til lågare kostnadsvekst og dermed redusert prisvekst. Dei oransje søylene viser nedjusteringa av renteprognosen som følgje av lågare lønns- og prisvekst.

FIGUR 1.7 Endring i prognosen for styringsrenta frå Pengepolitisk rapport 4/14 til Pengepolitisk rapport 4/15. Prosenteningar. 1. kv. 2016 – 4. kv. 2017



Kjelde: Noregs Bank



## KAPITTEL 2

# FINANSIELL STABILITET

Finansiell stabilitet er eit av hovudmåla til Noregs Bank i arbeidet med å sikre økonomisk stabilitet. Noregs Bank har eit særleg ansvar for å bidra til robuste og effektive finansmarknader og betalingssystem. Eit stabilt finansielt system er òg viktig for å sikre finansiering og risikofordeling i samfunnet.

Norske bankar hadde god lønnsemd og låge utlånstap i 2015. Alle store norske bankar oppfyller kravet til rein kjernekapitaldekning med god margin. Etter råd frå Noregs Bank har Finansdepartementet vedteke å auke motsyklisk kapitalbuffer til 1,5 prosent av risikovekta egedelar gjeldande frå 30. juni 2016. Risikopåslaget på den langsiktige marknadsfinansieringa til bankane auka i 2015 etter å ha falle dei siste åra. Tilgangen på marknadsfinansiering har vore god. Finansdepartementet har i 2015 fastsett reglar om krav til likviditetsreservar. Meir kapital og likviditet vil gjere norske bankar meir robuste.


### GOD LØNNSEMD OG AUKA KAPITALDEKNING

Risikopåslaga på marknadsfinansieringa til bankane auka både heime og ute i 2015, sjå figur 2.1. Usikkerheit rundt gjeldssituasjonen i Hellas bidrog til oppgang i risikopåslaga internasjonalt våren 2015. Svakare globale vekstutsikter, usikkerheit rundt den økonomiske utviklinga i Kina og nedgang i råvareprisar bidrog òg til auka risikopåslag i 2015. Risikopåslaga til bankane i den norske marknaden låg lenge lågare enn internasjonalt, men auka mykje gjennom hausten.

Bankane hadde god inntening og eigenkapitalavkastning i 2015. Utlånstapa var låge. Bankane reduserte utlåns- og innskotsrenta i 2015. Forskjellen mellom utlånsrentene og penge-marknadsrentene blei noko mindre.

Tilbakehalde overskot og eigenkapitalemisjonar har auka kapitaldekninga til bankane. Alle store norske bankar oppfyller kravet til rein kjernekapitaldekning med god margin. Rein kjerne-

FIGUR 2.1 Risikopåslag norske bankar og kredittføretak. Risikopåslag over Nibor. Femårs løpetid. Basispunkt. 23. desember 2011 – 1. januar 2016



Kjelde: Nordic Bond Pricing

## NOREGS BANK SINE OPPGÅVER MED FINANSIELL STABILITET

Finansiell stabilitet er eit av hovudmåla for Noregs Bank, og det er forankra i sentralbanklova. Paragraf 1 seier at banken skal utferde setlar og myntar, fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet og overvake penge-, kreditt- og valuta-marknadene. Paragraf 3 seier at banken skal varsle departementet når det etter banken si oppfatning er behov for tiltak av penge-, kreditt- og valutapolitisk karakter frå andre enn banken. Paragrafen seier òg at banken skal informere offentlegheita om penge-, kreditt- og valutatilhøva. Fire andre paragrafar i sentralbanklova er òg relevante: Paragraf 13 gir Noregs Bank eineretten til å utferde norske setlar og myntar. Etter paragraf 17 skal Noregs Bank utføre bankforretningar for staten. Paragraf 19 gir Noregs Bank høve til å yte lån til og gjere innskot i forretnings- og sparebankar, mens paragraf 20 fastset at Noregs Bank tek

imot innskot frå bankane. Av det følgjer eit særleg ansvar for at bankvesenet fungerer som det skal. Lova om betalingssystem gir Noregs Bank ansvaret for å gi konsesjon til avreknings- og oppgjerssystema for bankane og for å føre tilsyn med systema.

Ifølgje forskrift om motsyklisk kapitalbuffer skal Noregs Bank kvart kvartal utarbeide eit grunnlag for avgjerda om nivået på den motsykliske kapitalbufferen og gi råd om nivået.

Noregs Bank styrer likviditeten i banksektoren frå dag til dag ved å tilby bankane lån og ved å ta imot innskot. Det gir Noregs Bank eit spesielt ansvar for å overvake likviditetsrisikoen i banksystemet. Som långivar i siste instans har Noregs Bank ei sentral rolle når det gjeld å handtere kriser i det finansielle systemet.

kapital som del av forvaltingskapitalen er høgare i norske bankar enn i mange andre land, men ikkje høgare enn slutten av 1990-åra.


EUs kapitaldekningsregelverk (CRD IV / CRR) tok til å gjelde 1. januar 2014. Kapital- og bufferkrava i regelverket tok til å gjelde i Noreg 1. juli 2013, sjå opptrappinga av pilar 1-krav i figur 2.2. Finansdepartementet bestemte 18. juni 2015 at det motsykliske bufferkravet skulle hevast frå 1,0 til 1,5 prosent av risikovekta egedelar med verknad frå 30. juni 2016. Systemviktige finansinstitusjonar har eit tilleggskrav til rein kjernekapitaldekning på 1,0 prosent, som aukar til 2,0 prosent 1. juli 2016. I Noreg er DNB ASA, Nordea Bank Norge ASA og Kommunalbanken AS systemviktige.

I tillegg til kapitalkrava som følgjer av pilar 1-krav, kjem pilar 2-krav som skal dekkje risikoar som ikkje, eller berre delvis, blir dekte av pilar 1-krav. Pilar 2-krava er individuelle og er avhengige av Finanstilsynet si vurdering av risikoane i den aktuelle banken<sup>1</sup>. Fleire bankar må framleis

byggje kapital etter å ha annonsert at dei siktar mot 14–15 prosent rein kjernekapitaldekning innan utgangen av 2016.

Noregs Bank har i Finansiell stabilitet-rapporten foreslått at eit krav til uvekta kapitaldel kan erstatte overgangsregelen (Basel I-golv). Krav til uvekta kapitaldel bør bestå av minimumskrav og bufferkrav i samsvar med krava til risikovekta

FIGUR 2.2 Opptrapping av pilar 1-krav til rein kjernekapitaldekning i norsk kapitaldekningsregelverk. Prosent. 1. juli 2013 – 1. juli 2016



Kjelder: Finansdepartementet og Noregs Bank

<sup>1</sup> Sjå Finanstilsynet (2015), «Finanstilsynets praksis for vurdering av risiko og kapitalbehov», Rundskriv 9/2015.

kapital. Det samla kravet bør vere høgt nok til at bankane minst held oppe dagens nivå på uvekta kapitaldel på om lag 6 prosent.

I Finansiell stabilitet 2015 blei det gjennomført stresstest av dei største norske bankane. Stress-testen viser at bankane kan få store utlånstap ved eit kraftig tilbakeslag i norsk økonomi. Ein analyse av kredittrisikoen i føretak innanfor næringsseigedom og bygg og anlegg viser at utviklinga i desse næringane vil ha mykje å seie for soliditeten til bankane ved eit tilbakeslag.

Bankane si samla eksponering mot oljeprodusentar er lita. Enkelte bankar har likevel ein stor del av føretaksutlåna til bransjar innanfor oljerelatert verksemd. Utlåna til bankane er i stor grad klassifiserte som låg eller middels risiko. Fallet i oljeprisen og nedgangen i oljeinvesteringane kan bidra til at bankane sitt tap på utlån til oljerelaterte føretak vil auke framover.

Finansdepartementet har fastsett forskrift om krav til nye utlån med pant i bustad som gjeld frå 1. juli 2015 til 31. desember 2016.<sup>2</sup> Noregs Bank deltok i høyringsrunden.<sup>3</sup>

## NYE KRAV TIL LIKVIDITET

Ein av dei viktigaste funksjonane til bankane er å gjere om innskot med kort bindingstid til utlån med lang løpetid. Løpetidstransformasjon inneber likviditetsrisiko for bankane. Bankane må erstatte innskot som blir trekte ut og fornye finansiering som forfell, før utlåna blir tilbakebetalte. Problem med refinansiering i éin bank kan smitte over til andre bankar og gi uro i det finansielle systemet. Det blei tydeleg i 2008. Bankane har forbetra finansieringsstrukturen og redusert likviditetsrisikoen etter finanskrisa.

Finansdepartementet fastsette i 2015 reglar om krav til likviditetsreservar (Liquidity Coverage Ratio, LCR). Likvide egedelar må minst svare til venta netto utbetalingar dei neste 30 dagane

gitt føresetnader som inneber ein kraftig stressituasjon. Kravet blir fasa inn gradvis og skal vere på plass ved utgangen av 2017. Systemviktige finansinstitusjonar måtte oppfylle likviditetskravet fullt ut frå 31. desember 2015. Finanstilsynet er bedt om å utrede krav til LCR i signifikante valutaer, inkludert norske kroner, innan utgangen av august 2016.

Det foreslåtte kravet til stabil finansiering (NSFR) seier at lite likvide egedelar skal vere stabilt finansierte. Utlån til kundar og pantsette egedelar er døme på lite likvide egedelar. Stabil finansiering vil mellom anna vere kjernekapital, obligasjonsfinansiering med lang attverande løpetid og ulike typar kundeinnskot. EU-kommisjonen skal leggje fram eit forslag til lovtekst for NSFR i 2016. Målt med NSFR har likviditetsrisikoen til norske bankar falle dei siste åra.

## RÅD OM MOTSYKLISK KAPITALBUFFER

I tråd med forskrift frå 4. oktober 2013 utarbeider Noregs Bank eit avgjerdsgrunnlag og gir Finansdepartementet råd om nivået på den motsykliske kapitalbufferen til bankane fire gonger i året. Avgjerdsgrunnlaget for rådet blir lagt fram i Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet. Kravet til den motsykliske kapitalbufferen er fastsett til 1 prosent og vil auke til 1,5 prosent frå 30. juni 2016.

Utgangspunktet for vurderinga til Noregs Bank er at bankane bør byggje opp og halde ein motsyklisk kapitalbuffer når finansielle ubalansar byggjer seg opp eller har bygd seg opp. Ved tilbakeslag i økonomien og store tap i bankane kan bufferkravet setjast ned for å motverke at ein strammare utlånspraksis skal forsterke nedgangen. Bufferkravet bør ikkje utan vidare trappast ned sjølv om det skulle vere teikn til at dei finansielle ubalansane blir mindre.

Noregs Bank si vurdering av dei finansielle ubalansane tek utgangspunkt i forholdet mellom kreditt og BNP og korleis det avvik frå ein langsiktig trend. I tillegg blir utviklinga i bustadprisane, prisane på næringsseigedom og kor stor del av finansieringa bankane hentar i

<sup>2</sup> Sjå regelverksprosessar side 161 for fastsett forskrift om krav til utlån med pant i bustad.

<sup>3</sup> Sjå høyringssvaret til Noregs Bank om forslag til forskriftsfesting av krav til utlån med pant i bustad av 4. mai 2015.


finansmarknadene, analysert. Dei fire indikatorene steig kraftig i åra før finanskrisa.

Frå midten av 1990-åra til 2008 voks den samla gjelda til hushalda og føretaka i fastlandsøkonomien markert raskare enn verdiskapinga, sjå figur 2.3. Kredittindikatoren heldt fram med å auke i åra etter krisa, men i rolegare takt. I 2015 steig gjelda til hushalda framleis raskare enn dei disponible inntektene, men veksten i gjelda gjekk litt ned på slutten av 2015. Den nye forskrifta om utlån til bustadformål kan ha bidrege til noko lågare kredittvekst. Gjennom hausten varsla bankane i utlånsundersøkinga til Noregs Bank strammare kredittpraksis overfor hushald og føretak. Veksten i bankgjelda til føretaka auka i 2015, særleg for føretak innanfor næringsseigedom og bygg og anlegg. Veksten i obligasjonsgjelda til føretaka heldt fram med å minke i 2015 og veksten var nær null på slutten av året. Tilgangen på obligasjonsfinansiering for olje-relaterte føretak med låg kredittvurdering var vanskelig.

Veksttakten i bustadprisane blei svakare gjennom 2015, etter kraftig vekst hausten 2014. Frå desember 2014 til desember 2015 steig bustadprisane i Noreg samla sett om lag i same takt som dei disponible inntektene til hushalda, sjå figur 2.4, men dei regionale forskjellane var store. Prinsindikatoren for næringsseigedom har stige markert dei siste åra, sjå figur 2.5. Prosentdelen marknadsfinansiering i bankane har vore nokså stabil, sjå figur 2.6.

Noregs Bank gav i juni 2015 råd om å auke bufferkravet til 1,5 prosent med verknad frå sommaren 2016. Vurderinga til hovudstyret var at den vedvarande oppgangen i gjeldsbelastinga til hushalda og høg prisvekst på eigedom dei siste åra var teikn på at finansielle ubalansar hadde halde fram med å byggje seg opp. Finansdepartementet bestemte seg for å fastsetje bufferkravet i tråd med rådet frå Noregs Bank med verknad frå 30. juni 2016. Vurderinga av dei finansielle ubalansane endra seg lite i andre halvår 2015, og Finansdepartementet avgjorde i tråd med råd frå Noregs Bank å halde bufferkravet uendra i tredje og fjerde kvartal.


FIGUR 2.3 Samla kreditt<sup>1</sup> for Fastlands-Noreg som prosentdel av BNP for Fastlands-Noreg. 1. kv. 1976 – 3. kv. 2015



1 Summen av K3 ikkje-finansielle føretak i Fastlands-Noreg (samla økonomi før 1995) og K2 hushald

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, IMF og Noregs Bank


FIGUR 2.4 Bustadprisar<sup>1</sup> i forhold til disponibel inntekt<sup>2</sup>. Indeks. 4. kv. 1998 = 100. 1. kv. 1979 – 3. kv. 2015



1 Kvartalstal fram til 1990 er berekna med lineær interpolering av årstal  
2 Korrigert for anslått reinvestert aksjeutbyte for 2000 – 2005 og innløyning/nedssetjing av eigenkapital for 1. kv. 2006 – 3. kv. 2012

Kjelder: Statistisk sentralbyrå, Norges Eiendomsmeidlerforbund (NEF), Eiendomsmeidlerforetakenes forening (EFF), Finn.no, Eiendomsverdi og Noregs Bank


FIGUR 2.5 Realprisar på næringsseidom<sup>1</sup>. Indeks. 1998 = 100. 2. kv. 1981 – 3. kv. 2015



1 Berekna salsprisar på kontorlokale i Oslo deflatert med BNP-deflatoren for Fastlands-Noreg

Kjelder: Dagens Næringsliv, OPAK, Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

FIGUR 2.6 Bankane<sup>1</sup> si marknadsfinansieringsandel.<sup>2</sup> Prosent. 1. kv. 1976 – 3. kv. 2015




1 Alle bankar og OMF-kredittføretak i Noreg med unntak av filialar og dotterbankar av utanlandske bankar i Noreg  
2 Kvartalstal fram til 1989 er berekna med lineær interpolering av årstal

Kjelde: Noregs Bank

## BEREKNA REFERANSEVERDI FOR DEN MOTSYKLISKE KAPITALBUFFEREN

Det europeiske systemrisikorådet (ESRB) tilrår at det blir berekna tekniske referanseverdiar for den motsykliske kapitalbufferen. Baselkomiteen har foreslått ein enkel regel for å berekne ein referanseverdi med utgangspunkt i forholdet mellom kreditt og BNP. Den langsiktige trenden i kredittindikatoren kan bereknast på ulike måtar.<sup>1</sup> Med trendberekninga til Baselkomiteen var referanseverdien 0 prosent i tredje kvartal 2015. Med ei alternativ trendberekning som erfaringsmessig gir ein betre leiande indikator for kriser, blei referanseverdien for bufferen 1 ¼ prosent, sjå figur 2.7. ESRB presiserer at det ikkje skal vere nokon mekanisk samanheng mellom referanseverdien og nivået på bufferkravet, men at kravet skal baserast på eit breiare avgjersgrunnlag.

FIGUR 2.7 Referanseverdiar for den motsykliske kapitalbufferen ved ulike trendberekningar. Prosent. 1. kv. 1983-3. kv. 2015



Kjelde: Noregs Bank

1 Nærmare beskriving av trendberekning i Staff Memo 13/2013

## IMF HAR VURDERT DET NORSKE FINANSIELLE SYSTEMET

Det internasjonale valutafondet (IMF) presenterte tidleg i september ei grundig vurdering av det norske finansielle systemet. IMF gjer regelmessig slike vurderingar blant medlemslanda, gjennom Financial Sector Assessment Program (FSAP). Formålet er å vurdere svake og sterke sider og foreslå tiltak som kan bidra til eit meir robust finansielt system nasjonalt og internasjonalt. Førre gong IMF publiserte ein slik rapport om Noreg var i 2005.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at det finansielle systemet i Noreg greidde seg godt gjennom den internasjonale finanskrisa i 2008–2009, og at det er bygd opp ytterlegare bufferar etter krisa. Samtidig meiner IMF at dei finansielle ubalansane har auka. Ubalansane IMF peiker på er høg gjeld i hushalda, overvurderte bustadprisar og den auka marknadsfinansieringa i bankane.

### Dei viktigaste tilrådingane frå IMF:

- Krava til dei nye bankutlåna med pant i **bustad** bør strammast endå meir inn for å dempe gjeldsveksten til hushalda. Skattefordelane ved bustad bør reduserast, og det bør setjast i verk tiltak for å auke bustadtilbodet.
- Risikoen knytt til den **store marknadsfinansieringa til bankane** bør reduserast. Eit alternativ er å setje grenser for prosentdelen kortsiktig finansiering som kan vere frå utlandet, og grenser for misforhold i løpetida mellom valutafinansieringa og valutabyteavtalane som bankane inngår for å gjere valutagjelda om til norske kroner.
- Finanstilsynet bør halde fram med å avgrense utbytet i svakt kapitaliserte **forsikringselskap**. Arbeidet med stresstesting av forsikringselskapa bør styrkjast, og det bør særleg leggjast vekt på sårbare sider ved pliktene til selskapa.
- Avgjerdsprosessane i **makrotilsyn** kan standardiserast og bli meir opne. Det bør vurderast å delegere avgjerdsmyndigheita for fleire verkemiddel til Noregs Bank eller Finanstilsynet, eventuelt å etablere ein komitéstruktur. Myndighetene bør utarbeide ei årleg oversikt over måla for og verknadene av verkemidla som har vore brukte i makrotilsyn.
- I arbeidet med **finansiell infrastruktur** bør Noregs Bank og Finanstilsynet styrkje samarbeidet endå meir om risikoen som følgjer av at kritiske tenester i infrastrukturen er utkontrakterte. Noregs Bank bør trekkje på IT-kompetansen til Finanstilsynet også i overvakinga av operasjonell risiko i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO). IMF meiner at den norske finansielle infrastrukturen er moderne og stabil, men peiker på at både reserveløysingane, risikorammeverket og styringsstrukturen kan styrkjast i bankane sitt felles system for å avrekne betalingstransaksjonar (NICS).
- Bankane bør vurdere å bruke meir konservative prognosar i **stresstestane sine**. Stresstestane til IMF viser eit langt større fall i kapitaldekninga enn stresstestane til bankane. Det bør òg utførast meir omfattande stresstestar av likvidetsrisikoen i banksektoren. Finanstilsynet og Noregs Bank bør samarbeide meir om stresstestinga av bankane.
- **Den formelle uavhengigheita til Finanstilsynet** bør auke. Finanstilsynet bør få meir ressursar for å styrkje tilsynet av mindre bankar og til arbeidet med å avdekkje kvitvasking av pengar og motverke finansiering av terrorverksemd.



## REGELVERKSPROSESSAR

Område	Institusjonar og regelverk	Framdrift
Verktøy for krise-løysing av bankar	Financial Stability Board (FSB) – Krisehandtering	9. november 2015 offentleggjorde FSB standard for tapsberande kapasitet (Total Loss Absorbing Capacity, TLAC) i store bankar. Bankane må innan 1. januar 2019 ha TLAC som utgjer 16 prosent av risikovekta balanse og 6 prosent av uvekta risikoeksponering. Krava vil auke frå 1. januar 2022 til høvesvis 18 og 6,75 prosent.
	EU – Bank Recovery and Resolution Directive (BRRD)	Kriseløysingsdirektivet har gjeldt i EU sidan 1. januar 2015. «Bail-in» som krisehandteringsverktøy (nedskrivning av lån og konvertering av eigenkapital) tok til å gjelde 1. januar 2016. Banklovkommisjonen greier ut om innføring i norsk rett.
	EU – Innskots-sikring	EU har vedteke ei innskotsdekning på 100 000 euro per innskytar. Den norske innskotsgarantien er per i dag på 2 millionar kroner. Banklovkommisjonen greier ut om ei ny lov om innskots-sikring i Noreg.
Krav til kapital-dekninga, risiko-styringa og likvidi-tetskrava til bankane	Ny standard-metode og golv for IRB-metode	Baselkomiteen har foreslått endringar i standardmetoden for kredittrisiko og golv for kapitalkrav for IRB-bankar relaterte til dei reviderte standardmetodane. Finanstilsynet og Noregs Bank gav 27. mars 2015 felles høyringsfråsegner til desse forslaga. Basert på høyringssvara har Baselkomiteen revidert forslaget og sendt saka på ny høyring med høyringsfrist 11. mars 2016.
	EU-regelverket CRR og CRD IV i Noreg	Store delar av CRD IV / CRR-regelverket blei innført i norsk lovgiving frå 1. juli 2013. Reglane inneber strengare krav til kvaliteten på ansvarleg kapital og innføring av ulike kapitalbufferar. Regelverket er blitt supplert med forskrifter.
	Uvekta kapitaldel	EU-kommisjonen skal etter råd frå Den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) utarbeide ein rapport til Rådet og Parlamentet innan utgangen av 2016. Rapporten skal innehalde eit bindande minstekrav til uvekta kapitaldel eller ulike minstekrav for ulike forretningsmodellar som skal gjelde frå 1. januar 2018. Rapporten skal òg sjå på justeringar i korleis målet skal bereknast. Baselkomiteen skal i første halvår 2017 foreslå reglar for minstekrav til uvekta kapitaldel i pilar 1.
	Risikovekter bustadlån	Minstekravet til modellparameteren «tap gitt misleghald» (LGD) i bustadlånsmoellane til IRB-bankane blei sett til 20 prosent i 2014. Finanstilsynet lanserte òg nye krav til kalibrering av bustadlånsmoellane til IRB-bankane med effekt frå 2015. Rekalibreringa inneber mellom anna at minstekravet til PD for enkeltlån aukar til 0,2 prosent, og at nivået for langsiktig gjennomsnittleg PD aukar.
	Systemviktige bankar	Finansdepartementet har fastsett forskrift om identifisering av systemviktige institusjonar og peikte ut DNB ASA, Nordea Bank Norge ASA og Kommunalbanken AS som systemviktige. Dette skal revurderast kvart år. Institusjonar som har ein forvaltingskapital på minst 10 prosent av BNP til Fastlands-Noreg eller minst 5 prosent av utlånsmarknaden vil som hovedregel bli utpekt som systemviktige.
	Motsyklisk kapitalbuffer	Finansdepartementet fastset den motsykliske kapitalbufferen etter råd frå Noregs Bank. 12. desember 2013 fastsette Finansdepartementet bufferen til 1 prosent gjeldane frå 30. juni 2015. 18. juni 2015 bestemte Finansdepartementet seg for å auke bufferen til 1,5 prosent gjeldane frå 30. juni 2016.
	Kvantitative likviditetskrav	Finansdepartementet har i 2015 fastsett reglar om krav til likviditetsreservar (LCR). Kravet vil fasast inn fram mot utgangen av 2017. Systemviktige finansinstitusjonar skal oppfylle likviditetskravet med 100 prosent frå 31. desember 2015. Finanstilsynet skal vurdere om det skal stillast eit krav til LCR i signifikante valutaer, inkludert norske kroner, innan august 2016. Baselkomiteen publiserte eit forslag til NSFR i oktober 2014. Innan utgangen av 2016 skal EU-kommisjonen leggje fram eit forslag til lovtokst for NSFR, med mål om å innføre kravet innan 2018.
	Utlån med pant i bustad	Finansdepartementet har fastsett forskrift om krav til nye utlån med pant i bustad som gjeld frå 1. juli 2015 til 31. desember 2016. Forskrifta byggjer på tidlegare retningslinjer frå Finanstilsynet. Nedbetalingslån skal ikkje vere over 85 prosent av bustadverdien, låntakaren må tole ein rente-auke på 5 prosentteiningar, og det skal betalast årlege avdrag på minst 2,5 prosent for lån på over 70 prosent av bustadverdien. Inntil 10 prosent av verdien av løyve lån kan bryte med eitt eller fleire av krava.
Tilsyns-struktur	Ny tilsyns-struktur i EU	Ny tilsynsstruktur for finanssektoren i EU frå 2011. 14. oktober 2014 blei EU og EFTA/EØS-landa enige om korleis dei europeiske tilsynsorgana skal handterast i EØS-avtalen. Stortinget må godkjenne løysinga.
	Bankunion i EU	Single Supervisory Mechanism (SSM), som overlèt mykje av tilsynsansvaret i eurosona til ECB, tok til å gjelde i november 2014. Ein felles kriseløysingsmekanisme, Single Resolution Mechanism (SRM), og eit tilhøyrande stabilitetsfond, Single Resolution Fund, blei vedteke i 2014. Kriseløysing i SRM skal følgje prinsipp og reglar i kriseløysingsdirektivet BRRD.

## KAPITTEL 3

# MARKNADER OG KAPITALFORVALTING

Noregs Bank skal sørge for at pengepolitiske vedtak får gjennomslag i marknaden så effektivt som mogleg. Det blir gjort ved å styre bankreservane ved hjelp av ulike former for marknadsoperasjonar, slik at dei kortsiktige pengemarknadsrentene er nær styringsrenta. Noregs Bank har òg ansvaret for kontohald og betalingsoppgjjer for banksystemet.

Noregs Bank oppnår innsikt i kapitalmarknadene mellom anna gjennom forvaltninga av valutaeservane. Reservane skal kunne brukast som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken og møte dei internasjonale pliktene til Noregs Bank overfor IMF. Noregs Bank er òg ansvarleg for Statens pensjonsfond utland (SPU), men sjølve forvaltninga blir omtalt meir detaljert i egne rapportar.

Frå og med 1. januar 2015 overtok Noregs Bank eit mandat om å forvalte statens innanlandske opplåning på vegner av Finansdepartementet. Noregs Bank har òg oppgåver med kontohald for staten.

### STYRING AV LIKVIDITETEN I BANKSYSTEMET


I gjennomføringa av pengepolitikken sørger Noregs Bank for å styre bankreservane, det vil seie bankane sine innskot i sentralbanken, slik at dei kortsiktige pengemarknadsrentene er nær styringsrenta som hovudstyret har fastsett. Det blir gjort ved ulike former for marknadsoperasjonar som inneber at sentralbanken anten tilfører bankane reservar eller trekkjer reservar ut av banksystemet. Figur 3.1 viser utviklinga i Noregs Bank sine renter, overnattarenta (NOWA) og tremånadersrenta i pengemarknaden.

For å kunne styre reservane mot det ønskete nivået må Noregs Bank utarbeide prognosar for

den strukturelle likviditeten i bankane. Strukturell likviditet er dei samla innskota banksystemet har på konto i Noregs Bank før tilførsel eller inndraging gjennom marknadsoperasjonar. Den strukturelle likviditeten blir påverka av fortløpande inn- og utbetalingar på statens konto i Noregs Bank, statlege lånetransaksjonar, Noregs Banks transaksjonar i valuta- og statspapirmarknaden og endringar i setlar og myntar i sirkulasjon. Gjennom marknadsoperasjonar påverkar Noregs Bank den samla mengda av reservar i banksystemet slik at dei blir liggjande på ønskt nivå.


I 2015 sikta Noregs Bank mot å halde bankreservane i gjennomsnitt lik 35 milliardar kroner, med eit styringsintervall på  $\pm 5$  milliardar kroner. Når den strukturelle likviditeten er høgare enn

FIGUR 3.1 Noregs Banks renter og korte pengemarknadsrenter (rente i pengemarknaden med løpetid på eitt døgn og tre månader). Nominelle renter. Prosent 1. januar 2014–31. desember 2015



Kjelder: Noregs Bank og Bloomberg

FIGUR 3.2 Reserveinnskot i Noregs Bank. Milliardar kroner. 1. januar 2014–31. desember 2015



Kjelde: Noregs Bank


styringsintervallet, tilbyr Noregs Bank bankane F-innskot for å få bankreservane ned til ønskt nivå. Motsett – når den strukturelle likviditeten ligg lågare enn styringsintervallet – får bankane tilbod om F-lån (mot sikkerheit i godkjende verdipapir). F-lån og F-innskot er lån og innskot som ikkje kan betalast ned eller trekkjast på i løpetida, og er eit tilbod til bankar som er etablerte i Noreg. Renta blir vanlegvis bestemt gjennom ein fleirprisauksjon. Løpetida varierer frå ein dag til fleire veker og er avhengig av strukturell likviditet.

Kvar enkelt bank har ein kvote for kor mykje reservar han får forrenta til styringsrenta. Summen av bankkvotane var 45 milliardar kroner i 2015. Dei enkelte kvotane er berekna med grunnlag i forvaltingskapitalen til bankane. Bankane er delte inn i tre grupper der alle i den same gruppa er tildelte den same kvoten, med unntak av oppgjersbankane, som får eit tillegg i kvoten. Kvotane blir vurderte to gonger i året. Noregs Bank har berre gjennomført små endringar i dei enkelte kvotane i 2015. Innskot utover kvoten blir forrenta til den såkalla reserverenta, som ligg eitt prosentpoeng lågare enn styringsrenta.

Reserverenta skal avgrense bankane sin etter-spurnad etter reservar og stimulere til auka omfordeling av reservar mellom bankar. Noregs Bank sørgjer med marknadsoperasjonane sine for at dei totale reservane i banksystemet ikkje overstig summen av bankkvotane. Derfor har ein bank med reservar over kvoten alltid høve til å plassere reservar hos ein bank med plass på kvoten. Ingen bankar treng å sitje med reserveinnskot.


Då Noregs Bank sette ned styringsrenta frå 1 prosent til 0,75 prosent på rentemøtet i september, blei reserverenta samtidig sett ned frå 0 prosent til minus 0,25 prosent. I utgangspunktet er det ingen grunn til at bankane skulle endre åtferdar med ei negativ reserverente. Kostnaden ved å halde reserveinnskot framfor å låne ut til ein annan bank er den same som då reserverenta var positiv. Likevel har reserveinnskota vore markert lågare etter at reserverenta blei negativ. Reserveinnskota var i gjennomsnitt 0,39 milliardar kroner per dag i perioden mellom 25. september 2015 og 31. desember 2015. Gjennomsnittet for perioden frå 1. januar til 24. september 2015 var 1,27 milliardar kroner, sjå figur 3.2.

FIGUR 3.3 Strukturell likviditet og total likviditet i marknaden. Milliardar kroner. 1. januar 2014–31. desember 2015



Kjelde: Noregs Bank

FIGUR 3.4 Differansen mellom pengemarknadsrenter og venta styringsrente. Prosentteiningar. Fem dagars glidande gjennomsnitt. 1. januar 2014–31. desember 2015



Kjelde: Noregs Bank

Nokre av bankane opplyser at dei i større grad enn tidlegare prøver å unngå å sitje med innskot til reserverenta. Ifølgje desse bankane verkar kostnaden ved å halde reserveinnskot større når reserverenta er negativ. I staden for å halde reserveinnskot har nokre av bankane valt å kjøpe korte statspapir, låne ut reservane til andre bankar eller plassere reservane som F-innskot i Noregs Bank.<sup>1</sup>

### UTVIKLINGA I KRONELIKVIDITETEN TIL BANKANE OG MARKNADSOPERASJONANE TIL NOREGS BANK I 2015

I 2015 var den strukturelle likviditeten i gjennomsnitt 51 milliardar kroner og varierte mellom minus 20 og 122 milliardar kroner, jf. figur 3.3. Totalt blei det halde 32 F-lånsauksjonar og 59 F-innskotsauksjonar. Total likviditet, det vil seie strukturell likviditet pluss Noregs Banks marknadsoperasjonar, var i gjennomsnitt 34 milliardar kroner i 2015.

1 Meir informasjon om reserverenta og Noregs Banks likviditetsstyring i utdjupinga «Reserverenten i Norge» i Pengepolitisk rapport 3/15.

### RENTEPÅSLAG I PENGEMARKNADEN

Påslaget<sup>2</sup> i den norske tremånaders pengemarknadsrenta (Nibor) var i gjennomsnitt i overkant av 30 basispunkt i 2015, jf. figur 3.4.<sup>3</sup> Det er noko høgare enn i 2014. Auken kjem truleg av ein kombinasjon av innanlandske og internasjonale forhold.

I dei daglege kvoteringane av Nibor tek bankane i Nibor-panelet utgangspunkt i ei dollarrente som skal reflektere bankane sin kostnad ved å låne dollar i den usikra interbankmarknaden. Dollarrenta blir korrigert for termintillegget mellom dollar og norske kroner. Denne konstruksjonen av Nibor som ei valutaswaprente gjer at internasjonale forhold kan få smitteeffektar på norske pengemarknadsrenter.<sup>4</sup>

2 Pengemarknadsrentene minus venta styringsrente over same horisont.

3 Mangel på instrument i den norske pengemarknaden gjer at påslaget ikkje kan observerast direkte frå marknadsprisar. Det må derfor reknast som eit overslag.

4 Nibor er avleidd av ei dollarrente nær Kliem og terminpunkta mellom USD og NOK. Konstruksjonen av Nibor og korleis den norske pengemarknadsrenta blir påverka av ulike innanlandske og internasjonale faktorar, er nærmare beskrive i Aktuell kommentar 3/15. Sjå òg utdjupinga «Hva forklarar økningen i pengemarkedspåslaget?» i Pengepolitisk rapport 2/15.

I 2015 bestemte Den europeiske sentralbanken (ESB) seg for å auke verdipapirkjøpa sine. Dette auka tilbodet av euro i forhold til dollar gjer det dyrare å byte til seg dollar mot euro i valuta-terminmarknaden. Det tilseier eit høgare rentepåslag i dollarrenta Kliem, som blir brukt som utgangspunkt for Nibor.

Termintillegget mellom dollar og norske kroner blir påverka av det relative tilbodet av dollar og norske kroner. Låg strukturell likviditet kan gjere bankane meir usikre på sin eigen likviditets-situasjon i norske kroner. Periodevis låg strukturell likviditet, spesielt mot slutten av året, bidrog derfor truleg til noko av auken i rentepåslaget i 2015.


Noregs Bank bereknar og offentleggjer overnattarenta NOWA<sup>5</sup>. NOWA er definert som eit vege gjennomsnitt av rentesatsar på inngåtte avtalar om usikra lån i norske kroner mellom bankar, med utbetaling same dag og tilbakebetaling påfølgjande bankdag. NOWA og styringsrenta til Noregs Bank har i gjennomsnitt vore like i 2015. I gjennomsnitt har det dagleg rapporterte omsetningsvolumet for lån over natta mellom bankane vore 15 milliardar kroner gjennom året.

## SIKKERHEIT FOR LÅN I NOREGS BANK

Noregs Bank yter lån til bankane mot pant i verdipapir. Slike lån medverkar til å effektivisere gjennomføringa av pengepolitikken og betalingsoppgjera. For å kunne nyttast som pant må verdipapira oppfylle ei rekkje krav. Høvet til å ta opp lån og krava til pant går fram av forskrift og retningslinjer frå Noregs Bank.

Ved utgangen av 2015 hadde bankane ei samla beholdning av verdipapir som pant for lån i Noregs Bank på 246 milliardar kroner etter avkorting, mot 218 milliardar kroner i 2014. Talet på ulike verdipapir som var godkjende som pant i Noregs Bank, var 482 ved utgangen av 2015, mot 455 i 2014. Figur 3.5 viser bankane si pantsetjing for lån i Noregs Bank dei siste åra. Den samla låneverdien etter avkorting var i gjennom-

FIGUR 3.5 Pantsetjing til sikkerheit for lån i Noregs Bank 2014–2015. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

snitt 17 milliardar kroner høgare i 2015 enn i 2014. Avkortinga, som er forskjellen mellom marknadsværdien og låneverdien av pantet, har i gjennomsnitt vore 6,2 prosent av marknadsværdien. Det er om lag 0,7 prosenteningar lågare enn i 2014.

Noregs Bank godtek pant som er registrert i Verdipapirsentralen ASA og følgjande verdipapirregister i utlandet: Euroclear, Clearstream, Euroclear Sweden og VP Securities i Danmark. Det er ikkje lenger høve til å pantsetje i dei to registera i Sverige og Danmark, og avtalane om dette er under avvikling.

I tillegg til dei ordinære låneordningane tillèt sentralbankane i Danmark, Sverige og Noreg at ein bank stiller innskot i ein av desse sentralbankane som pant for lån i ein av dei andre. Ordninga, som blir kalla Scandinavian Cash Pool (SCP), kan berre nyttast til å få likviditet gjennom dagen (intradag). Dei fem bankane som har avtale om ordninga, kan på denne måten utnytte likviditeten sin betre på tvers av landegrensene. I 2015 nytta bankane SCP til å låne i gjennomsnitt om lag 3 milliardar kroner gjennom dagen i Noregs Bank, det same nivået som i åra før. Bankane nytta pant i Noregs Bank berre av og til for å låne i ein annan

<sup>5</sup> Norwegian Overnight Weighted Average

skandinavisk sentralbank. Desse låna var òg på om lag 3 milliardar kroner i gjennomsnitt gjennom dagen.

I 2014 inngjekk Noregs Bank avtale med det tunisiske selskapet Vermeg Solutions om å levere ei ny IT-løysing for å berekne og halde oversikt over låneverdien av bankane si pantsetjing for lån. Gjennom 2015 er det blitt arbeidd med å førebu den nye løysinga for drift. Løysinga blei teken i bruk i januar i 2016. Den nye løysinga vil bruke meir automatiserte prosessar og vere meir standardisert enn den tidlegare løysinga.

I samband med at den nye IT-løysinga blir teken i bruk, vil Noregs Bank gjere nokre mindre endringar i regelverket for sikkerheit for lån. Endringane vil redusere risikoen i pantsetjinga. I tillegg vil regelverket bli gjort enklare og meir oversiktleg. Dei nye reglane var på høyring hausten 2015.

## KAPITALFORVALTINGA

Ved utgangen av 2015 hadde Noregs Bank 7 943 milliardar kroner til forvaltning i dei internasjonale kapitalmarknadene. Hovuddelen av dette er Statens pensjonsfond utland (SPU), som Noregs Bank forvaltar for Finansdepartementet. Banken forvaltar òg sine eigne valutareservar. Det er lagt ut avkastingsrapportar på nettsidene til banken.

## VALUTARESERVANE

Valutareservane til Noregs Bank skal kunne brukast som ledd i gjennomføringa av pengepolitikken, ut frå omsynet til finansiell stabilitet og for å møte dei internasjonale pliktene Noregs Bank har overfor IMF og enkeltland. Hovudstyret i Noregs Bank fastset prinsipp for forvaltninga av valutareservane og har delegert til sentralbank-sjefen å gi utfyllande retningslinjer. Reservane er delte inn i ein langsiktig portefølje, ein pengemarknadsportefølje og ein petrobufferportefølje. Norges Bank Investment Management (NBIM) forvaltar den langsiktige porteføljen, mens Noregs Bank Marknader og Banktenester (MB)

forvaltar pengemarknadsporteføljen og petrobufferporteføljen.

Valutareservane skal vere plasserte slik at minst 10 milliardar SDR, inkludert heile pengemarknadsporteføljen, skal kunne nyttast innan éin handledag utan å måtte realisere nokon større tap. Pengemarknadsporteføljen skal vere mellom 3,5 og 4,5 milliardar SDR og blir investert i kortsiktige renteinstrument. Referanseindeksen for pengemarknadsporteføljen er sett saman av overnatta pengemarknadsindeksar og stats-sertifikatindeksar for amerikanske dollar og euro. Den langsiktige porteføljen skal plasserast i aksjar og renteberande papir. Referanseindeksen for den langsiktige porteføljen er sett saman av globale indeksar for aksjar og obligasjonar. Aksjedelen i den strategiske referanseindeksen er 40 prosent.

Petrobufferporteføljen skal ta imot statens kontantstraum frå petroleumsvirksomma i utanlandsk valuta og eventuelle overføringar frå SPU. Målet med porteføljen er å sørge for ei formåls-tenleg handtering av statens behov for å veksle mellom utanlandsk valuta og norske kroner. Petrobufferporteføljen blir plassert i kortsiktige rentepapir. Det er ikkje fastsett nokon referanseindeks for petrobufferporteføljen.

Marknadsverdien av valutareservane var 468,2 milliardar kroner ved utgangen av 2015. Aksjar og lange renteinvesteringar utgjorde til saman 411,1 milliardar kroner, mens pengemarknadsinvesteringane og petrobufferporteføljen var på høvesvis 50,3 og 6,8 milliardar kroner. Valutareservane auka med 19,6 milliardar kroner gjennom året, i hovudsak på grunn av avkasting og svekt kronekurs. Avkasting i internasjonal valuta og svekt kronekurs bidrog til å auke valutareservane med høvesvis 12,8 og 53,7 milliardar kroner. I 2015 hadde valuta-reservane ein netto utflyt på 47,1 milliardar kroner.

Petrobufferporteføljen er ikkje ein del av valuta-reservane som blir haldne for beredskapsformål. Avsetjingane til SPU har ein periode vore mindre enn venta, og petrobufferporteføljen er derfor blitt større enn nødvendig. Noregs Bank har i

2015 gradvis redusert storleiken på porteføljen ved å selje valuta i marknaden. Noregs Bank siktar mot at petrobufferporteføljen skal vere på 5–10 milliardar kroner ved utgangen av kvart år. Gjennom 2015 hadde porteføljen ein netto utflyt på om lag 48 milliardar kroner, hovudsakleg som følgje av valutasala i marknaden. Valutaresevane blir haldne for beredskapsformål.

Utviklinga målt i norske kroner er dermed mindre viktig. Kronekursbevegelsar vil først og fremst påverke eigenkapitalen til Noregs Bank, ikkje banken si evne til å oppfylle plikter i valuta. I det vidare vil derfor, dersom ikkje noko anna er oppgitt, avkastning bli målt i internasjonal valuta. Petrobufferporteføljen, som ikkje blir halden for valutaberedskap som omtalt ovanfor, blir halden utanfor avkastingsmålinga.

Samla sett var avkastinga på valutareservane 1,67 prosent i 2015. Aksjeinvesteringar hadde ei avkastning på 3,46 prosent og lange renteinvesteringar ei avkastning på 0,78 prosent. Penge-marknadsinvesteringar hadde ei avkastning på 0,06 prosent.

Aksjeinvesteringar hadde ei avkastning som var 0,03 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen for aksjar, mens lange renteinvesteringar hadde ei avkastning som var 0,15 prosentpoeng lågare enn referanseindeksen for obligasjonar i perioden. Pengemarknadsinvesteringane oppnådde i perioden ei avkastning som var 0,02 prosentpoeng høgare enn referanseindeksen.

I den siste tiårsperioden var den annualiserte avkastinga 5,27 prosent.

## KRAV PÅ IMF

IMF krev at medlemslanda skyt inn kapital i IMF. Storleiken på innskoten kapital reflekterer den relative storleiken til medlemslandet i verdsokonomien. Dette kapitalinnskotet blir òg kalla kvoten. Kvoten avgjer kor stor del av stemmene eit land har i IMF-styret, og kor mykje SDR medlemslandet får tildelt, og han påverkar kor mykje landet eventuelt kan få låne av IMF. 75 prosent av den innskotne kapitalen blir betalt til IMF i valutaen til landet, mens resten blir betalt i SDR

eller i ein mykje brukt utanlandsk valuta. Kapitalinnskotet til Noregs Bank per 31. desember 2015 var 23 072 millionar kroner (1 884 millionar SDR).

SDR<sup>6</sup> er ved fleire høve blitt tildelt medlemslanda i IMF med utgangspunkt i storleiken på kvotane deira. Den siste tildelinga var i 2009. Medlemslanda kan endre SDR-beholdninga ved transaksjonar med IMF eller ved å kjøpe frå eller selje til medlemsland som har sagt seg villige til å vere motpart i transaksjonar med SDR. Noregs Bank har sagt seg villig til å vere ein slik motpart innanfor bestemte beløpsrammer. IMF kan i tillegg krevje at medlemsland med ei sterk utanriksøkonomisk stilling kjøper SDR frå land med betalingsbalanseproblem, men IMF har aldri gjort seg nytte av denne retten. SDR-beholdninga til Noregs Bank utgjorde 18 449 millionar kroner (1 506 millionar SDR) per 31. desember 2015. SDR-beholdninga vår er lågare enn det som er blitt tildelt (1 563 millionar SDR).

Noregs Bank har gitt lån til IMF eller til fond som IMF forvaltar, gjennom ulike ordningar:

- Utlån til IMF gjennom New Arrangements to Borrow (NAB)
- Bilaterale utlån til IMF
- Utlån til Poverty Reduction and Growth Trust (PRGT)

Kapitalinnskota frå medlemslanda er den viktigaste finansieringskjelda for IMF sine utlån til land med betalingsproblem. I tillegg kan IMF gjennom NAB finansiere utlån ved å låne frå velstående medlemsland. 38 land, inkludert Noreg, deltek i NAB. Noregs Bank sine utlån til IMF gjennom NAB utgjorde 4 619 millionar kroner (377 millionar SDR) per 31. desember 2015. Noreg har gitt lånetilsegn til NAB på totalt 3 871 millionar SDR, noko som svarer til 47 411 millionar kroner per 31. desember 2015.

EU-landa blei i desember 2011 einige om å stille inntil 200 milliardar euro til disposisjon for IMF

6 Spesielle trekkrettar – SDR – er ein internasjonal reservevaluta skapt av IMF i 1969. Verdien av SDR svarer til ei valutakorg som er sett saman av amerikanske dollar, euro, britiske pund og japanske yen. Vektene i valutakorga blir vurderte kvart femte år.

gjennom bilaterale lån og oppmoda samtidig andre land til å bidra. Det norske bidraget er ein trekkrett på 6 milliardar SDR, noko som svarer til 73 milliardar kroner per 31. desember 2015. Avtalen gir IMF høve til å finansiere lån med inntil ti års løpetid. IMF kan trekkje på låna dersom IMF-ressursane frå innskoten kapital (kvotane) og NAB-ordninga kjem under ein gitt terskelverdi. Per 31. desember 2015 var det ikkje gjort trekk under denne avtalen.

Finansdepartementet og IMF signerte i juni 2010 ein avtale der Noreg har gitt tilsegn om å låne ut inntil 300 millionar SDR til eit fond (PRGT) som IMF forvaltar. Midlane i PRGT kan lånast ut til fattige land. Noregs Bank er agent for Noreg sine lån til PRGT og varetek pliktene med heimel i sentralbanklova paragraf 25. Samla trekk per 31. desember 2015 var 3 656 millionar kroner (298 millionar SDR).

## STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Noregs Bank står for den operative forvaltninga av Statens pensjonsfond utland på vegner av Finansdepartementet. Ved utgangen av 2015 var marknadsverdien av fondet 7 475 milliardar kroner, før forvaltingshonorar til Noregs Bank for 2015 er trekt frå. Finansdepartementet overførte i 2015 netto 42 milliardar kroner til Statens pensjonsfond utland.

Forvaltingsoppdraget er regulert av forskrifta «Mandat for forvaltningen av Statens pensjonsfond utland». Finansdepartementet har fastsett ein strategisk referanseindeks med 60 prosent aksjar og 40 prosent obligasjonar, minus den delen av investeringsporteføljen som er investert i egedomsporteføljen. Referanseindeksen uttrykkjer oppdragsgivaren sin investeringsstrategi for fondet og er eit viktig utgangspunkt for å styre risikoen i den operative forvaltninga og for å vurdere resultatane av forvaltninga i Noregs Bank. Finansdepartementet har sett grenser for kor mykje den faktiske porteføljen kan avvike frå referanseindeksen.

Fondet hadde i 2015 ei avkastning på 2,7 prosent, målt i ei valutakorg som svarer til samansettinga

av referanseindeksen. Det er dette avkastingsmålet som best beskriv utviklinga i den internasjonale kjøpekrafta til fondet. Målt i internasjonal valuta var avkastninga på aksjeporteføljen 3,8 prosent, mens renteporteføljen hadde ei avkastning på 0,3 prosent. Avkastninga på eigedomsinvesteringane var 10,0 prosent.

Avkastninga i 2015 var 0,5 prosentteiningar høgare enn avkastninga på referanseindeksen. Aksjeporteføljen hadde ei meiravkastning på 0,8 prosentteiningar, mens renteporteføljen hadde ei mindreakvasting på 0,2 prosentteiningar.

Sidan 1998 har den årlege nominelle avkastninga vore 5,6 prosent, målt i internasjonal valuta. Etter frådrag for forvaltingskostnader og prisstiging har netto realavkastning vore 3,7 prosent per år.

Ein meir detaljert presentasjon av forvaltninga i 2015 finn du i årsrapporten for Statens pensjonsfond utland.

## OPPGÅVER FOR STATEN

### STATSGJELD I 2015

Etter avtale mellom Finansdepartementet og Noregs Bank har banken i mange år ytt tenester både som rådgivar, tilretteleggjar og betalingsagent i samband med opptak og forvaltning av dei innanlandske statslåna. Dette systemet blei endra med verknad frå 2015. Noregs Bank tok på seg utvida oppgåver i samband med forvaltninga av statsgjelda.

Finansdepartementet fastsette 2. oktober 2014 eit nytt mandat for korleis statsgjelda skal forvaltast. Etter mandatet skal Noregs Bank utferde statsgjeld og inngå finansielle kontraktar innanfor statsgjeldsforvaltninga i Finansdepartementet sitt namn. Målet for forvaltninga er å dekkje lånebehovet til staten til så låge kostnader som mogleg. Det skal takast omsyn til renterisikoen til staten og til at det bør finnast ei likvid rentekurve for statspapir ut til ti års løpetid. Departementet skal årleg fastsetje ei øvre grense for brutto opplåning og minstekrav til rentebinding.



Innanfor desse rammene skal Noregs Bank fastsetje eit årleg program for opplåning fordelt på vekslar og obligasjonar med ein kalender for utføringar. Banken skal fastsetje prinsipp for måling og styring av motparteksponering og operasjonell risiko. Noregs Bank skal regelmessig leggje fram analysar av lønnsemd og risiko ved forvaltninga i tillegg til vurderingar av måloppnåing for Finansdepartementet. Både analysane og evalueringa skal publiserast. Finansdepartementet betaler for tenestene som Noregs Bank utfører for departementet i samband med gjeldsforvaltninga. Mandatet tok til å gjelde 1. januar 2015.

Statens emisjonsplanar for korte og lange papir i 2015 blei publiserte i desember 2014. Det blei halde 15 auksjonar av statsobligasjonar og 12 auksjonar av korte statspapir (statskassevekslar) i 2015. Samla emisjonsvolum utanom statens eige kjøp i førstehandsmarknaden var 46 milliardar kroner i statsobligasjonar og 65 milliardar kroner i statskassevekslar.

Strategien for lang statsopplåning tek utgangspunkt i at ein skulle halde ved like ei statsrentekurve med løpetid på opptil om lag ti år. Det blei lagt ut eit nytt tiårs obligasjonslån i mars 2015. I mai 2015 forfall eit obligasjonslån med eit utestående volum på 59,9 milliardar kroner.

Emisjonsopplegget for korte statspapir inneber at nye statskassevekslar blir emitterte den tredje onsdagen i mars, juni, september og desember (dei såkalla IMM-dagane), med forfall på IMM-dagen eitt år seinare. Låna blir utvida ved seinare auksjonar.

Auksjonane av statspapira er gjennomførte via handelssystemet på Oslo Børs. Teikningsraten, som er bodvolum i forhold til volum tildelt i auksjonen, var 2,6 og 2,5 i gjennomsnitt for høvesvis statsobligasjonar og statskassevekslar. Dette var om lag som i tidlegare år.

Noregs Bank inngår avtalar med primærhandlarar, som er forplikta til å stille bindande kjøps- og salskursar i statsobligasjonar og statskassevekslar for avtalte minimumsbeløp på Oslo Børs. Noregs Bank hadde i 2015 inngått ni

avtalar med primærhandlarar – fire for statsobligasjonar og fem for statskassevekslar. I mars 2015 trekte ein primærhandlar seg frå avtalen for statskassevekslar. Som motyting for å stille bindande kjøps- og salskursar kan primærhandlarane låne statspapir frå eigenbeholdninga til staten i ein avgrensa periode. Låneramma for både obligasjonslåna og statskassevekslane var 8 milliardar kroner i kvart lån, likt fordelt mellom primærhandlarane. I tillegg har primærhandlarane einerett, men òg plikt, til å delta i statspapirauksjonane.

Staten har sidan juni 2005 brukt rentebyteavtalar i den innanlandske gjeldsforvaltninga. Ein rentebyteavtale er ein avtale mellom to partar om å byte framtidige rentebetalningar knytte til ein gitt hovudstol. Bruk av rentebyteavtalar gir staten fleksibilitet til å endre den gjennomsnittlege rentebindinga på gjeldsporteføljen utan å endre opplåningsstrategien. Finansdepartementet har inngått rammeavtalar med fleire motpartar. Noregs Bank inngår rentebyteavtalar på vegner av Finansdepartementet. Ved utgangen av 2015 var den gjennomsnittlege rentebindingstida for statsgjelda – inkludert eigenbeholdninga til staten – 4,2 år. Tek ein omsyn til inngåtte rentebyteavtalar, var rentebindingstida 3,6 år. Éin grunn for å inngå rentebyteavtalar har vore ei forventning om at det er lågare kostnader ved å

låne kortsiktig enn langsiktig. Vurderinga av forholda i marknaden i 2015 indikerte at venta innsparing ved å redusere rentebindinga på statsgjelda var avgrensa. Det blei derfor ikkje inngått nokon nye rentebyteavtalar i 2015.

Statens samla innanlandske verdipapirgjeld som er registrert i Verdipapirsentralen ved utgangen av 2015, utgjorde 423,7 milliardar kroner rekna i pålydande verdi (inkludert eigenbeholdninga til staten). Utanlandske investorar eig om lag 52 prosent, mens livsforsikringselskap og private pensjonskassar eig om lag 8 prosent av verdipapirgjelda til staten. For statsobligasjonar er eigardelen for utanlandske investorar 63 prosent og for livsforsikringselskap og private pensjonskassar 5 prosent.

Noregs Bank har kvartalsvise møte med Finansdepartementet for å orientere om statsgjeldsforvaltninga. I samband med møta blir det publisert ein kvartalsrapport. I desember blei det publisert ein strategi og eit låneprogram for 2016.

## KONTOHALD FOR STATEN

Noregs Bank har oppgåver med kontohald i samband med forvaltninga av dei likvide midlane til staten og gjelda til staten i norske kroner. Oppgåvene har heimel i sentralbanklova og er regulerte i avtalar mellom Noregs Bank og Finansdepartementet.

Likviditeten til staten blir samla på statens folio-konto i Noregs Bank kvar dag. Ved utgangen av 2015 hadde statlege verksemder til saman 949 kontoar i Noregs Bank. Summen av beløpa på desse kontoane utgjør det inneståande på folio-kontoen til staten. Staten får rente på desse midlane. I tillegg fastset Finansdepartementet særskilde interne rentesatsar for visse statlege fond og innskot. Staten ved Finansdepartementet betaler ei årleg godtgjering som dekkjer kostnadene for dei tenestene Noregs Bank utfører for staten.

Noregs Bank har avtale med EVRY Norge AS om å levere system- og driftsløysing for kontosystemet. Etter offentleg tilbod i 2014 har Noregs Bank i 2015 inngått ny avtale med EVRY Norge AS om å levere tenester for kontosystemet frå 2016.

Tenestene med kontohaldet for staten i Noregs Bank har vore stabile i 2015 òg.

Sjølve betalingsformidlinga for staten blir utført av bankar etter avtale med Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om betalings- og kontohaldstenester for staten. DNB Bank ASA, Nordea Bank Norge ASA og SpareBank 1 Alliansen har slik avtale. Noregs Bank har eigne avtalar med desse bankane om korleis midlane til staten kvar dag skal overførast mellom bankane og Noregs Bank.

## OVERFØRINGAR TIL SPU

Noregs Bank gjennomfører eventuelle avsetningar til Statens pensjonsfond utland (SPU) på vegner av staten. Overføringar skjer månadleg i utanlandsk valuta. Avsetningar til SPU blir i hovudsak dekte av valutainntekter frå Statens direkte økonomiske engasjement (SDØE). Dersom valutainntekta frå SDØE ikkje er nok til å dekkje avsetningane til SPU, vil Noregs Bank kjøpe det resterande beløpet i marknaden. Det blei ikkje kjøpt valuta i marknaden i 2015. Dersom valuta frå SDØE overstig behovet for avsetningar til SPU, vil Noregs Bank selje det overskytande beløpet i marknaden. Noregs Bank begynte å selje valuta i marknaden i oktober 2014. Dei daglege valutasala (kjøpa) blir fastsette for ein månad om gongen og blir kunn-gjorde siste arbeidsdagen i den føregåande månaden. Valutasala (kjøpa) til Noregs Bank kan variere ein del frå månad til månad.

Frå januar til desember 2015 selde Noregs Bank valuta for 162,2 milliardar kroner i marknaden. Overføringane frå SDØE svarte til 157,0 milliardar kroner.

## KAPITTEL 4

# BETALINGSSYSTEM, SETLAR OG MYNTAR

Noregs Bank gjer opp betalingar mellom bankane på kontoane deira i Noregs Bank og forsyner samfunnet med setlar og myntar på ein måte som fremjar eit effektivt betalingssystem. I tillegg overvaker Noregs Bank betalings-systema og systema for verdipapiroppgjjer, som til saman utgjer den finansielle infrastrukturen. Formålet er å fremje robuste og effektive betalings- og oppgjerssystem og slik bidra til å styrkje stabiliteten i det finansielle systemet.

Dei norske betalingssystema og annan finansiell infrastruktur har fungert godt i 2015. Med unntak for eit kortvarig avbrot mot slutten av året var drifta av oppgjerssystemet til Noregs Bank stabil i 2015. I oppgjerssystemet blei det i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 219 milliardar kroner dagleg. Frå november 2015 har Noregs Bank hatt tilgang til ei forsterka beredskapsløysing for oppgjerssystemet i tillegg til dei drifts- og reserveløysingane som alt er i bruk. Arbeidet med å utvikle ein ny setleserie held fram i samsvar med tidsplanen. I 2015 var arbeidet med å ferdigstille motiva og transformere dei til setelspråk ein hovudaktivitet.

### OVERVAKING AV FINANSIELL INFRASTRUKTUR

To interbanksystem har konsesjon frå Noregs Bank etter betalingssystemlova: avreknings-systemet NICS (Norwegian Interbank Clearing System) og interbanksystemet til den private oppgjersbanken DNB Bank ASA. Systemet til den private oppgjersbanken SpareBank 1 SMN er friteken for konsesjon.

Avrekningane frå NICS blir gjorde opp i Noregs Bank for dei bankane som har oppgjjer i sentralbanken. Etter at oppgjeret er utført i Noregs Bank, gjennomfører DNB Bank ASA og Spare-

Bank 1 SMN oppgjjer med deltakarbankane sine. Tilsynet Noregs Bank har med dei konsesjonspliktige interbanksystema, skjer mellom anna på basis av rapporteringskrav og tilsynsmøte.

Noregs Bank overvaker òg verdipapiroppgjret. Arbeidet skjer i samarbeid med Finanstilsynet, som fører tilsyn med Verdipapirsentralen ASA. Det finst ikkje lenger sentrale motpartar med hovudkontor i Noreg, og norske styresmakter har dermed ikkje hovudansvaret for tilsyn og overvaking av nokon sentrale motpartar. Norske aktørar kan framleis vere sårbare for sviikt hos utanlandske sentrale motpartar. Noregs Bank legg derfor vekt på å delta i «colleges» som

overvaker og fører tilsyn med dei sentrale motpartane som driv verksemd i fleire land.

Noregs Bank deltek i ei sentralbankgruppe som overvaker CLS Bank, ein internasjonal bank som er spesialisert på valutahandelsoppgjer. Den amerikanske sentralbanken leier denne gruppa.

Noregs Bank vurderer det slik at den finansielle infrastrukturen i Noreg i grove trekk er robust og effektiv. Det har vore få avvik i interbanksystema og verdipapirsystema i 2015. I rapporten Finansiell infrastruktur 2015 vurderte Noregs Bank alle norske system opp mot nye internasjonale prinsipp frå Committee on Payments and Market Infrastructures (CPMI) i BIS og International Organization of Securities Commissions (IOSCO). Vurderinga tok utgangspunkt i eigenevalueringane til eigarane. Vurderinga av systema for verdipapiroppgjer blei gjort i samarbeid med Finanstilsynet. Noregs Bank meiner at dei norske betalings- og oppgjerssystema oppfyller dei fleste av prinsippa frå CPMI/IOSCO. Det var enkelte manglar, mellom anna i tilknytning til prinsippa for styringsstruktur, operasjonell risiko og indirekte deltaking. Noregs Bank følgjer opp tiltak frå eigarane for å rette på manglar.

I rapporten Finansiell infrastruktur 2015 drøftar Noregs Bank òg utviklinga i den finansielle infrastrukturen og overvakinga si av dei enkelte systema. Noregs Bank peiker mellom anna på utfordringar knytte til beredskap, utkontraktering, handtering av risiko i sentrale motpartar, effektivitet i kunderetta betalingsformidling og nye betalingsmåtar. Noregs Bank-memoet «Utviklingstrekk i kunderetta betalingsformidling» viser statistiske utviklingstrekk.

## OPPGJERSSYSTEMET TIL NOREGS BANK


Noregs Bank er den øvste oppgjersbanken for betalingar mellom bankane i Noreg. Denne oppgåva er knytt til det ansvaret Noregs Bank har etter sentralbanklova for å fremje eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet, og til bankane sitt høve til å halde konto og ta opp lån i Noregs Bank. Fordi sentralbanken utferdar pengar, er innskot i sentralbanken

utan kreditt- og likviditetsrisiko for bankane. Derfor er renta på sentralbankpengar ein basis for rentedanninga i heile økonomien.

Alle bankar i Noreg kan ha konto i Noregs Bank. Ved utgangen av 2015 hadde 129 bankar slik konto, mot 131 i 2014. Av desse deltok 23 bankar direkte i oppgjer av avrekningar i oppgjerssystemet til Noregs Bank (NBO). Dei andre bankane nytta kontoen til betalingar som i hovudsak er knytte til lån og innskot i Noregs Bank. CLS Bank (Continuous Linked Settlement) har ein konto som blir nytta til daglege oppgjer av kronedelen av handel med valuta innanfor det internasjonale systemet for oppgjer av slike handlar. Det sveitsiske selskapet SIX x-clear AG er sentral motpart i handel med finansielle instrument og har konto i NBO for daglege oppgjer av posisjonar i denne oppgjersverksemda. To sentralbankar og Den internasjonale oppgjersbanken (BIS) har òg konto i NBO. To bankar og Bankanes sikringsfond har avtale om beredskapskonto som kan aktiverast av Noregs Bank dersom eigaren av kontoen ber om det.

I oppgjerssystemet til Noregs Bank blei det i 2015 i gjennomsnitt gjort opp betalingar for 219 milliardar kroner dagleg. Figur 4.1 viser omsetninga i oppgjerssystemet til Noregs Bank gjennom 2015.

FIGUR 4.1 Omsetning i NBO 2015. Dagleg gjennomsnitt per månad. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

Ved utgangen av 2015 hadde bankane folio- og reserveinnskott på i alt 35,2 milliardar kroner. Bankane hadde samtidig døgnlån i Noregs Bank (D-lån) på 0,7 milliardar kroner.

EVERY Norge AS leverer driftstenester for oppgjerssystemet, og det italienske selskapet SIA S.p.A. leverer programvaren for oppgjerssystemet. Bortsett frå eit kortvarig avbrot mot slutten av året var drifta av oppgjerssystemet stabil i 2015.

Bankane betaler for oppgjersstenestene i Noregs Bank. Prisane er sette slik at inntektene skal dekkje dei relevante kostnadene med å utføre tenestene for bankane. I 2015 var prisane uendra frå 2014 og gav ei inntekt på om lag 54 millionar kroner. Noregs Bank har fastsett nye prisar for 2016 der nokre tidlegare prisar for særskilde tenester er tekne bort og innarbeidde i dei faste prisane for kontohaldet.


I 2015 har Noregs Bank inngått avtale med SWIFT SCRL om tilgang til ei forsterka beredskapsløysing for drifta av oppgjerssystemet. Denne løysinga kjem i tillegg til dei drifts- og reserveløysingane som alt er i bruk.

Saman med sentralbankane i Danmark og Sverige og på Island deltek Noregs Bank i eit nordisk forum for å utveksle erfaringar med oppgjerssystema og med løysingane for pantsetjing frå bankane for lån i sentralbankane. Frå 2015 deltek òg den engelske sentralbanken i dette samarbeidet. Noregs Bank deltek òg i eit internasjonalt samarbeid mellom fleire sentralbankar og andre sentrale aktørar for å fremje robuste beredskapsløysingar i systemviktige betalings- og oppgjerssystem.

## SETLAR OG MYNTAR

Verdien av setlar og myntar i omløp har lege på same nivå i ein lengre periode. Årsgjennomsnittet for 2015 utgjorde om lag 50,1 milliardar kroner, sjå figur 4.2, ein auke på 0,7 milliardar kroner frå 2014. Verdien av setlar og myntar i omløp sett i forhold til den samla verdien av

FIGUR 4.2 Kontantar i omløp 2006–2015



Kjelde: Noregs Bank / SSB

betalingsmidlar som publikum disponerer (M1), heldt fram med å falle svakt.

Verdien av setlar i omløp var i gjennomsnitt 45,6 milliardar kroner i 2015, altså ein auke på 0,6 milliardar kroner frå året før. Verdien av myntar i omløp var i gjennomsnitt 4,5 milliardar kroner i 2015, ein svak auke frå 2014.

I 2015 la SSB om pengemengdstatistikken, og behaldningar frå periodane før april 2015 kan ikkje samanliknast med nyare periodar. Pengemengdstatistikken følgjer no ECB-definisjonen av pengemengda.

## FALSKE NORSKE SETLAR

Det blir beslaglagt få falske setlar i Noreg, sjå figur 4.3. I 2015 blei det beslaglagt 551 setlar, noko som svarer til om lag fire falske setlar per éin million setlar i omløp. Det er svært lågt samanlikna med andre land. Det tilsvarande talet for eurolanda er om lag femti<sup>1</sup>. Kvaliteten på dei fleste forfalskingane er dårleg, og dei er dermed enkle å avdekkje ved å bruke tryggjelekelementa som er berekna for publikum.

1 Kjelde: pressemelding ECB publisert 22.1.16



## ORGANISERING AV KONTANTFORSYNINGA

Sentralbanklova gir Noregs Bank ansvaret for å utferde pengesetlar og myntar. Det inneber mellom anna å sørge for at det blir produsert nok setlar og myntar til å dekkje samfunnet sine behov, og at desse betalingsmidlane blir gjorde tilgjengelege. Noregs Bank forsyner bankane med kontantar frå fem sentralbankdepot, og

bankane står for den vidare distribusjonen til publikum. Sentralbanken har òg eit ansvar for å halde oppe ein tilfredsstillande kvalitet på setlar og myntar i omløp. Det blir mellom anna gjort ved å leggje til rette for at slitne og skadde setlar og myntar blir tekne ut av omløp og destruerte.

Målet for verksemda til Noregs Bank på kontantområdet er å fremje effektiviteten i kontantforsyninga og i det samla betalingssystemet. Ulike tiltak er over tid sette i verk for å skape ei mest mogleg effektiv ansvars- og arbeidsdeling mellom aktørane og eit klarare skilje mellom ulike typar tenester.

Etter sentralbanklova er det berre Noregs Bank sjølv som kan utferde setlar og myntar. Noregs Bank må stå som skyldnar for desse betalingsmidlane. Produksjon, destruksjon og distribusjon kan utførast av andre, men Noregs Bank må sjå til at oppgåvene blir utførte, og at utføringa er i samsvar med krava sentralbanken stiller. For å lette omfordelinga og distribusjonen av setlar og myntar for bankane er det etablert ei ordning der bankane, på bestemte vilkår, får utbetalt rentekompensasjon for beholdningar dei oppbevarer i private kontantdepot. Ved utgangen av 2015 er det totalt 13 slike depot rundt om i



landet.  
NOKAS Kon-  
tanthåndtering AS  
og Loomis Norge AS  
driftar depota. På  
denne måten har Noregs  
Bank no ei grossistrolle, og  
bankane står for omforde-  
linga av kontantar seg imellom.

Noregs Bank har sett bort fleire oppgåver på kontantområdet, jf. figur 4.4. Setlar og myntar blir produ-  
serte av eksterne leverandørar. Forval-  
tinga av Noregs Bank sine sentralbankdepot i  
Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er  
utkontraktert til NOKAS, som òg tek seg av  
destruksjon på vegner av Noregs Bank. Mange  
bankar har òg sett bort nokre av oppgåvene sine  
på kontantområdet og oppfyller pliktene overfor  
kundane gjennom tenester som «bank i butikk»  
i staden for gjennom tradisjonelle filialar.

Noregs Bank står sjølv for drifta av sentralbank-  
depotet i Oslo og utfører òg destruksjon og  
andre kontrolloppgåver knytte til mottak og  
utsending av setlar og myntar.

#### UTGIVING AV MINNEMYNTAR

Noregs Bank gir ut jubileums- og minnemyntar i  
gull og sølv med spesiell heimel i sentral-  
banklova paragraf 16 og sirkulasjonsmynt med  
spesialpreg etter sentralbanklova paragraf 13,  
som er den generelle heimelen for utferding av  
mynt. Ifølgje sentralbanklova paragraf 16 er det  
Kongen som avgjer at myntar skal bli gitt ut.  
Finansdepartementet har delegert myndigheita  
si til å gjere vedtak til Noregs Bank.

I 2015 har Noregs Bank gitt ut ein 20-krone  
sirkulasjonsmynt med spesialpreg for å markere  
at det er 200 år sidan Noregs Høgsterett starta  
verksemda si.

*Jubileumsmotivet er utforma av målaren og  
grafikaren Christopher Rådlund. Det viser ein  
av dei to løveskulpturane som flankerer hovud-  
trappa i inngangshallen til Høgsterett.  
Skulpturane er modellerte av Lars Utne (1862-*

*1922)  
og  
utførte i  
messing.  
Løvemotivet  
er eit gjennom-  
gangstema i høg-  
sterettsbygningen  
og.*

*Framsidemotivet på  
mynten er kongeportrettet av  
Harald V, slik det har vore brukt  
på sirkulasjonsmyntar med spesi-  
alpreg dei seinare åra. Motivet er  
utforma av formgivaren Ingrid Austlid  
Rise ved Det Norske Myntverket.*





I 2017 er det 100 år sidan det første samiske riksmøtet blei halde i Trondheim. Noregs Bank har vedteke å gi ut ein 20-krone sirkulasjonsmynt med spesialpreg for å markere denne hendinga.

### ARBEIDET MED NY SETELSERIE

Arbeidet med å utvikle ein ny setelserie blei sett i gang tidleg i 2013. Bakgrunnen er at det er behov for å auke tryggleiken, slik at norske setlar også i framtida vil vere vanskelege å forfalske. Det vil bli gjort ved å leggje inn nye tryggleikselement, både for visuell kontroll av publikum og for maskinell kontroll i automatar o.l.

Noregs Bank har bestemt at den nye setelserien skal setjast i sirkulasjon i tre omgangar. Først skal 100- og 200-kronesetelen lanserast. Desse to valørane vil tidlegast bli sette i sirkulasjon i andre kvartal 2017. Deretter vil det ta minst eitt år før 50- og 500-kronesetelen blir gitt ut. 1000-kronesetelen vil bli sett i sirkulasjon til slutt. Det skal etter planen skje innan utgangen av 2019. Det er knytt stor usikkerheit til framdrifta i prosjektet, så tidspunkta for lansering kan bli endra.

Når dei nye setelvalørane blir sette i sirkulasjon, vil dei gamle setlane framleis kunne brukast i ein avgrensa periode – den nye og den gamle utgåva vil derfor sirkulere parallelt i denne perioden.

I oktober 2014 blei det etter ein kunstnarkonkurranse avgjort kva motivforslag som skal danne utgangspunktet for designet på den nye setelserien. I 2015 har arbeidet med å ferdigstille motiva og transformere dei til setelspråk, det vil seie teikne ut i strek/linjer, vore ein hovudaktivi-

tet. Integrering og utforming av tryggleikselement har òg inngått i arbeidet. Det er denne prosessen som gjer ein setel til eit avansert og unikt produkt.

Hausten 2015 har det blitt gjennomført prøve-trykk av ny 100-kronesetel med godt resultat, og planen er at denne valøren skal produserast før sommaren 2016. Arbeidet med å ferdigstille designet på 200-kronesetelen er òg i full gang, og produksjonen av denne valøren er planlagd å skulle skje hausten 2016. For å vere sikker på at setlane fungerer på automatar og i minibankar, må dei vere tilgjengelege for testing i god tid før lanseringa.



## KAPITTEL 5

# INTERNASJONALT SAMARBEID

Noregs Bank deltek i internasjonalt samarbeid gjennom fleire kanalar. Mellom anna er banken aktiv gjennom finansieringsordningar og avtalar med Det internasjonale valutafondet (IMF), som gjennom overvaking og rådgiving om økonomisk politikk og finansiering i krisesituasjonar bidreg til å sikre global økonomisk og finansiell stabilitet. Noregs Bank er òg medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (BIS). Banken har omfattande kontakt med sentralbankar i andre land og med internasjonale organisasjonar.

### AUKA KVOTAR OG KREDITTAVTALAR MED DET INTERNASJONALE VALUTAFONDET (IMF)

Den viktigaste finansieringskjelda for IMF-utlåna er innskota frå medlemslanda (kvotane). I tillegg kan fondet ved behov låne direkte frå medlemslanda. IMF har ei ståande innlånsordning som blir kalla «New Arrangements to Borrow» (NAB-ordninga). 38 land, mellom anna Noreg, deltek. Ved ytterlegare finansieringsbehov kan fondet òg mellombels låne direkte frå dei enkelte medlemslanda.

IMF har etter finanskrisa styrkt utlånskapasiteten sin monaleg. Medlemslanda blei i 2010 einige om å doble kvotane i IMF. Dei enkelte medlemslanda måtte vedta kvoteauken, som ikkje ville ha stort nok fleirtal til å bli sett i verk utan at USA vedtok han. USA gav IMF melding om at landet hadde vedteke kvoteauken i januar i år. Noregs kvote auka frå 1 884 til 3 755 millionar SDR<sup>1</sup>.

Den ståande innlånsordninga (NAB) blei tidobla etter finanskrisa. Omfanget av ordninga blei redusert om lag tilsvarande auken i kvotane då kvoteauken tok til å gjelde. For Noregs del blei

deltakinga i NAB då redusert frå 3 871 til 1 967 millionar SDR. IMF hadde per 31.12.2015 trekt 377 millionar SDR<sup>1</sup>. Det er Finansdepartementet som er Noregs avtalepart med IMF for NAB-ordninga, men Noregs Bank administrerer den norske deltakinga og stiller valutareservar til disposisjon etter paragraf 25 i sentralbanklova.

IMF har i tillegg mellombelse trekkrettar med fleire medlemsland, mellom anna Noreg. Noregs Bank gav i oktober 2012 IMF ein trekkrett på 6 milliardar SDR, som svarer til i overkant av 73 milliardar kroner (valutakurs per 31.12.2015). Lånet hadde først ein trekkperiode på to år, men perioden er to gonger forlengd med eitt år og vil vare til november 2016. IMF hadde per 31.12.2015 ikkje trekt på denne avtalen. Lånet skal berre trekkjast på dersom ressursane frå kvotane og NAB-ordninga kjem under ein gitt terskelverdi.

Finansdepartementet inngjekk i juni 2010 ein avtale med IMF om å stille lånemidlar til disposisjon for IMF-låneordningane for låginntektsland innanfor ei ramme på 300 millionar SDR. Med heimel i sentralbanklova paragraf 25 bad Finansdepartementet Noregs Bank om å ta seg av pliktene Noreg har etter avtalen, ved å stille midlane til disposisjon gjennom å omplassere valutareservane. IMF hadde per 31.12.2015 trekt 298 millionar SDR under avtalen. IMF oppmoda i

<sup>1</sup> 1 SDR svarte til 12,21 kroner 31. desember 2015.

november 2015 Noreg om å auke låna til desse ordningane med 300–500 millionar SDR. Saka er til vurdering i Finansdepartementet.

Dei samla norske pliktene overfor IMF var 31.12.2015 på 12 milliardar SDR (om lag 147 milliardar kroner). Rekna i SDR var pliktene om lag uendra frå året før, men lågare kurs på norske kroner førte med seg ein monaleg auke rekna i norske kroner.

Sikkerheita for lån til IMF blir vurdert som svært god, mellom anna på grunn av vilkåra om økonomiske tilpassings- og stabiliseringsprogram for låntakarane. I tillegg er det presedens for at IMF får tilbakebetalt fordringane sine før andre kreditorar. Fondet har aldri realisert tap på lån under dei generelle utlånsordningane. Noreg har ikkje kredittrisiko overfor tredjeland i samband med lån sidan alle fordringar er på IMF.

## LØPANDE KONTAKT OG SAMARBEID MED ANDRE SENTRALBANKAR OG INTERNASJONALE ORGANISASJONAR

Noregs Bank er medeigar i Den internasjonale oppgjersbanken (BIS), som har til oppgåve å fremje samarbeidet mellom sentralbankane. I tillegg til å utføre forretningar for sentralbankar er BIS utgreiingsorgan og diskusjonsforum for medlemsbankane. Sentralbanksjefen deltek jamleg på møte i BIS.

Etter paragraf 25 i sentralbanklova skal Noregs Bank handheve dei finansielle rettane til landet og oppfylle dei tilsvarande pliktene som følgjer av deltakinga i Det internasjonale valutafondet (IMF). På oppdrag frå Finansdepartementet er det Noregs Bank som har ansvaret for å gjennomføre det daglege arbeidet med IMF i Noreg. Finansdepartementet fastset etter tilråding frå Noregs Bank norske politikksynspunkt i saker som skal opp i styret i IMF. Eit eige kapittel i finansmarknadsmeldinga omtaler viktige forhold og hendingar knytte til IMF-verksemda, med vekt på dei siste 12–18 månadene.

Det øvste organet i IMF er guvernørrådet. I 2015 var sentralbanksjef Øystein Olsen norsk representant (guvernør). I februar 2015 overtok finansråd Hans Henrik Scheel etter finansråd Svein Gjedrem som norsk vararepresentant. Rådet har til vanleg møte éin gong i året – årsmøtet i IMF. Utanom dette gjer guvernørrådet vedtak ved skriftleg avstemming. Eit styre på 24 medlemmer, såkalla eksekutivdirektørar, leier arbeidet i IMF til dagleg. Dei fem nordiske og dei tre baltiske landa utgjer ein valkrets med felles representant i styret. Stillinga som styremedlem går på rundgang mellom dei nordiske og dei baltiske landa. Noreg hadde stillinga i perioden 2013–2015. Frå januar i år har Sverige stillinga i fire år.

Landa i valkretsen samordnar felles standpunkt som representanten for gruppa presenterer i IMF-styret. Landet som har stillinga som eksekutivdirektør, er ansvarleg for den daglege



samordninga av nordisk-baltiske synspunkt på saker som skal opp i styret til IMF. Den nordisk-baltiske monetære og finansielle komiteen (Nordic-Baltic Monetary and Financial Committee – NBMFC) legg prinsipielle føringar for behandlinga. Dei norske medlemmene er finansråden og visesentralbanksjefen. Dei andre landa er representerte på eit tilsvarende nivå. NBMFC har til vanleg møte to gonger i året.

Den internasjonale monetære og finansielle komiteen (International Monetary and Financial Committee – IMFC) har ein viktig funksjon som rådgivande organ for styret i IMF. IMFC har møte to gonger i året. Komiteen legg dei politiske føringane for verksemda til IMF. IMFC har medlemmer på minister- eller sentralbanksjef-nivå som anten representerer eit land eller ein valkrets som er sett saman av fleire land. Latvia og Noreg representerte den nordisk-baltiske valkretsen på IMFC-møta i høvesvis april og oktober 2015.

Overvaking av den økonomiske utviklinga i medlemslanda og globalt, med særleg vekt på makroøkonomiske forhold og finansiell stabilitet, er ein vesentleg del av verksemda til IMF. Den bilaterale overvakinga skjer i hovudsak gjennom dei såkalla artikkel IV-konsultasjonane, som for dei fleste land blir gjennomførte kvart år. Rapporten for artikkel IV-konsultasjon med Noreg for 2015 blei behandla i IMF-styret 5. september 2015. Rapporten og konklusjonane frå styrebehandlinga blei publiserte 9. september.

IMF har i fleire år gjennomført omfattande vurderingar av den finansielle sektoren i medlemslanda – såkalla Financial Sector Assessment Programs (FSAP). Ei slik vurdering blei gjort i Noreg i 2005. I desember 2013 bestemte IMF at slike vurderingar skulle gjennomførast kvart femte år også for mellom anna Noreg, som blei vurdert til å ha ein systemviktig finanssektor. Samtidig gjekk IMF i 2014 over til årlege artikkel IV-konsultasjonar med Noreg etter at Noreg lenge hadde hatt slike konsultasjonar annakvart år. IMF arbeidde frå sommaren 2014 med ei ny FSAP-vurdering av den finansielle sektoren i Noreg. Vurderinga blei publisert samtidig med rapporten for artikkel IV-konsultasjonen for 2015.

Noregs Bank har eit omfattande samarbeid med dei nordiske sentralbankane. Det årlege nordiske sentralbanksjefmøtet i 2015 blei arrangert av Noregs Bank. Tenestemenn frå ulike område i sentralbankane møtest med jamne mellomrom for å diskutere spørsmål knytte til økonomisk analyse, pengepolitikk, finansiell stabilitet, betalingssystem, juridiske forhold på sentralbankområdet, personalpolitikk og anna. Banken har òg jamleg kontakt med Den europeiske sentralbanken (ESB) og med andre sentralbankar i EU.

Etter den siste finanskrisa har EU styrkt overvakinga av truslar mot den finansielle stabiliteten. Det er oppretta eigne organ for mikrotilsyn av bankar, verdipapirmarknader og forsikring og tenestepensjon, og eit organ for makrotilsyn, European Systemic Risk Board (ESRB). Mikro-



tilsynsorgana har vedtakskompetanse som kan binde tilsynsmakter eller gjelde direkte overfor private aktørar. Både Noregs grunnlov og EØS-avtalen set grenser for å ta slike forordningar om mikrotilsynsorgana inn i EØS-avtalen. I 2014 blei EØS/EFTA-landa og EU-landa einige om eit avgrensa samarbeid som kan løyse desse utfordringane, sjå Noregs Bank si årsmelding for 2014. Noreg har vore observatør på uformelt grunnlag ved at Finanstilsynet er norsk observatør i mikrotilsynsorgana. Noregs Bank har òg delteke på møta i mikrotilsynsorganet for banksektoren, European Banking Authority (EBA). Banken har i tillegg delteke i ei arbeidsgruppe som jobbar med å utvikle nye kriseløysingsverktøy.

Noregs Bank og Finanstilsynet har sidan 2013 delteke som observatør på møta i Advisory Technical Committee (ATC), ei undergruppe i ESRB som gir råd om og assistanse i saker om makrotilsyn. Banken har delteke på møta til ATC i 2015, og i møta til fleire av undergruppene til ATC.

Leiinga i Noregs Bank deltek saman med leiinga i Finanstilsynet og Finansdepartementet i Financial Stability Board Regional Consultative Group for Europe. Det er ei gruppe som utvekslar informasjon og synspunkt mellom dei europeiske landa som deltek i Financial Stability Board, og dei som ikkje deltek. I 2015 blei visesentralbanksjef Jon Nicolaisen vald inn som éin av to likestilte leiingar av gruppa for ein periode på to år. Den andre leiaren er visesentralbanksjefen i den franske sentralbanken, Anne le Lorier.

Noregs Bank deltek i fleire møte der ein drøftar makrotilsyn og regulering og spørsmål knytte til finansiell infrastruktur med dei andre nordiske og baltiske landa. Sjølv om Noreg ikkje er med i Baselkomiteen, er Noregs Bank med i arbeidet i ei av undergruppene til komiteen, Research Task Force.

Noregs Bank har etablert ordningar med ESB, Bank of England, FED og enkelte andre sentralbankar som gir medarbeidarar sjansen til å arbeide i desse institusjonane i periodar på inntil tolv månader.

## FAGLEG BISTAND TIL SENTRALBANKANE I MALAWI OG ZAMBIA

Noregs Bank har i fleire år gitt fagleg bistand til sentralbankar i utviklingsland. I 2011 tok Noregs Bank ansvar for IMF's faglege bistand til sentralbanken i Zambia. Formelt blei bistanden frå Noregs Bank administrert av IMF, men finansiert av midlar frå Utanriksdepartementet.

Noregs Bank stiller 1,5 årsverk per år til disposisjon. Av dette går eitt årsverk til ein stadleg rådgivar og eit halvt årsverk til besøk av korttidseksperter. Sidan 10. august 2014 har seniorrådgivar Steinar Selnes vore tilsett i stillinga som stadleg rådgivar. Fase I i prosjektet blei avslutta i 2012 og fase II i august 2015. Etter ei evaluering blei det bestemt å vidareføre prosjektet. Det skal vere avslutta seinast innan 31. mars 2017, tidlegast i august 2016. Prosjektet vil då ha vart i om lag fem år.

Det er i 2015 gjennomført til saman ni korttidsbesøk à to veker. Besøka har dekt eit breitt felt av dei eksterne og interne arbeidsoppgåvene til Bank of Zambia, inkludert pengepolitikk, finansiell stabilitet, betalingsformidling, kontant-handtering og organisasjonsutvikling.

Noregs Bank hadde eit tilsvarande prosjekt i Malawi frå 2006 til 2012. Dette er dokumentert i Noregs Banks skriftserie nr. 40, Central Bank Modernization. Det blei i desember 2013 gjort avtale mellom IMF og den norske ambassaden i Malawi om eit avgrensa oppfølgingsprosjekt. Noregs Bank hadde teke på seg å stille med ekspertar. I dette oppfølgingsprosjektet er det i 2015 gjennomført eit korttidsbesøk. Prosjektet blei avslutta ved utgangen av 2015.

## KAPITTEL 6

# FORSKING

Forskinga i Noregs Bank dannar ein del av grunnlaget for dei avgjerdene banken tek. Forskingsaktiviteten er retta inn mot pengepolitikk og finansiell stabilitet og skal vere forankra i det internasjonale og norske forskingsmiljøet. Forskinga skal vere av ein kvalitet som gjer at ho kan publiserast i gode internasjonale eller nasjonale tidsskrift med fagfellelevurdering.

### FORSKINGSAKTIVITET

I 2015 fekk forskarar i Noregs Bank tolv artiklar godkjende for publisering i tidsskrift med fagfellelevurdering. Dette er færre enn dei to føregående åra, som må reknast som to svært gode år. Ein må sjå nedgangen i samanheng med at fleire seniorforskarar har gått over i akademiske institusjonar. Noregs forskingsråd deler journalar med fagfellelevurdering inn i nivå 1 og nivå 2, der 2 er best. Av dei godkjende forskingsartiklane til Noregs Bank i 2015 blei 67 prosent publiserte på nivå 2. Det er mykje høgare enn målet som blei sett i 2007 om ein prosentdel på 25. Trass i færre publiseringar har prosentdelen i nivå 2 auka frå 2014, frå 35 til 67. Temaa for publikasjonane strekkjer seg over mange område, til dømes pengepolitikk, arbeidsløyse, prognosar, bustadmarknaden, og bank- og finansmarknader. Ei oversikt over godkjende og publiserte artiklar finst på nettsidene til Noregs Bank.

Den pågåande forskingsaktiviteten blir dokumentert i serien Working Papers. I 2015 kom det ut 22 arbeid i denne serien, mens gjennomsnittet for dei tre siste åra er 23 arbeid. Talet på publikasjonar i serien Working Papers er ofte ein god indikator på framtidige publikasjonar i internasjonale tidsskrift, og såleis ser det ut til at Noregs Bank vil halde fram med ein høg publiseringssrate dei kommande åra. Working Papers er tilgjengeleg på nettsidene til banken og på Internett-portalane Research Papers in

Economics (RepEc) og Social Sciences Research Network (SSRN). I 2015 blei Noregs Banks Working Papers lasta ned 1852 gonger frå RepEc.

### KONFERANSAR, KURS OG SEMINAR

I 2015 arrangerte Noregs Bank fleire konferansar. I samarbeid med BI arrangerte forskningseininga den årlege internasjonale konferansen «23rd Annual Symposium of the Society for Nonlinear Dynamics and Econometrics». Det var om lag 120 deltakarar frå store delar av verda. I samarbeid med CEPR blei konferansen «The Third CEPR Economic History Symposium» arrangert som del av prosjektet rundt 200-årsjubileet til Noregs Bank. I tillegg arrangerte Noregs Bank konferansen «Banking and Financial Intermediation: Frictions, Regulation and Optimal Design», der verdsleiande forskarar innanfor bank- og finansøkonomi deltok. Det blei òg organisert ein konferanse i samarbeid med HEC Montreal og Bank of Canada, «New Developments in Business Cycle Analysis», og éin i samarbeid med Euro Area Business Cycle Network, «Econometric Methods for Business Cycle Analysis, Forecasting and Policy Simulations». Til sist blei det organisert to workshops med temaa «Household Debt, Credit and Demand Risk» og «Empirical Macroeconomics», den siste i samarbeid med BI.

I 2015 blei det halde eit kurs retta mot Noregs Banks eigne tilsette, der også personar frå akademiske institusjonar i Noreg og PhD-studentar i Norden deltok. Kurset tok for seg informasjonsfrikisjonar og koordinering mellom agentar i generelle likevektsmodellar. I tillegg blei det arrangert eit kurs om økonomiske metodar for å berekne framtidige valutakursar. Begge kursa blei haldne av forskarar som er verdsleiande på desse fagfelt, professor George-Marios Angeletos frå MIT i USA og professor Barbara Rossi frå University Pompeu Fabra i Spania.

Forskingsmiljøet i Noregs Bank har også i 2015 hatt omfattande kontakt med forskarar frå universitet og andre sentralbankar i det daglege arbeidet gjennom felles forskingsprosjekt, presentasjon av pågåande forskingsarbeid på norske og internasjonale konferansar og seminar, og arrangement av forskingsseminar i Noregs Bank

kvar veke. Slik kontakt bidreg til å spreie forskingskunnskap internt og styrkje det faglege omdømmet til banken i akademia og i forskings- og politikkinstitusjonar. I 2015 arrangerte Noregs Bank 42 seminar med eksterne foredragshaldarar, som presenterte forskinga si og tok del i møte og diskusjonar med dei tilsette i banken. Ei fullstendig liste over dei eksterne foredragshaldarane ligg på nettsidene til Noregs Bank. I tillegg til interne presentasjonar i Noregs Bank har forskarane til banken presentert på 70 internasjonale fagkonferansar og seminar i 2015. Til slutt må det nemnast at fleire av forskarane held kurs og gjesteforelesingar på norske universitet og høgskular, og at dei tek på seg oppdrag med å gjennomføre fagfellevurderingar av forskingsartiklar for internasjonale tidsskrift.

## STØTTE TIL ØKONOMISK FORSKING OG UTDANNING

Gjennom eit gåveprofessorat ved Universitetet i Oslo medverkar Noregs Bank til større merksemd rundt makroøkonomi og pengepolitiske problemstillingar.

I 2012 oppretta Noregs Bank ei ordning for å motivere dei beste unge norske økonomane til å ta doktorgrad ved dei beste universiteta i verda. Ordninga består av opptil tre stipend som blir delte ut til studentar ved godkjende universitet, og tilsetjing av forskarassistentar. Forskareininga støttar forskarassistentane i søkjarprosessen til godkjende doktorgradsprogram. I 2014/2015 hadde Noregs Bank to slike assistentar, og begge kom inn på leiande universitet (University of Wisconsin og Stanford University) og kvalifiserte seg for stipend.

Noregs Banks fond til økonomisk forskning gir støtte til mellom anna forskingsopphald i utlandet, deltaking på internasjonale konferansar for å presentere eigne





forskningsarbeid og arrangement av forskingskonferansar i Noreg.

### BOKPROSJEKT I SAMBAND MED 200-ÅRSJUBILEET I 2016

I desember 2007 vedtok hovudstyret at det skulle setjast i gang eit omfattande forskingsprosjekt med sikte på bokutgivingar i samband med 200-årsjubileet til Noregs Bank i 2016. Noregs Banks jubileumsprosjekt 1816–2016 blir gjennomført som eit samarbeidsprosjekt med bidrag frå både norske og internasjonale forskingsmiljø. Dei internasjonale ekspertane professor Michael D. Bordo frå Rutgers University, New Jersey, og professor Marc Flandreau frå The Graduate Institute of International and Development Studies, Genève, sit i styringskomiteen for prosjektet saman med direktør Jan F. Qvigstad og direktør Øyvind Eitrheim.

Følgjande fire bøker blir utgitte i 2016:

- *Norges Bank 1816–2016*
- *A Monetary History of Norway 1816–2016*
- *Central Banks at a Crossroads. What Can We Learn From History?*
- *Norges Bank 1816–2016. En historie i bilder*

Prosjektet skal bidra til å kaste lys over Noregs Bank si rolle som samfunnsinstitusjon i eit historisk perspektiv. Cambridge University Press gir ut dei to engelskspråklege bøkene, og Fagbokforlaget gir ut dei to andre. Biletboka skal nå

ein brei krets av lesarar og skal kunne nyttast som gåvebok.

Banken har tilsett professorane Einar Lie, Universitetet i Oslo, og Jan Tore Klovland, Noregs Handelshøgskole (saman med Øyvind Eitrheim), som prosjektleiarar for dei to første bøkene. Den tredje boka vil byggje på artiklane som blei skrivne til konferansen «Of the Uses of Central Banks: Lessons from History», som Noregs Bank arrangerte 5.–6. juni 2014. Den fjerde boka blir redigert av Harald Bøhn, Øyvind Eitrheim og Jan F. Qvigstad. Tone Svinningen og Aud Gloppen er engasjerte som redaktør for høvesvis bilete og design.

Det er i 2015 publisert eitt arbeid i Noregs Banks skriftserie om bankens rolle innanfor finanssektoren 1945–2013 med særleg vekt på finansiell stabilitet. Banken har i samarbeid med grunnlovsjubileumsprosjektet ved Universitetet i Oslo finansiert eit treårig doktorgradsprosjekt som har gitt ny kunnskap om dei første tiåra av historia. Avhandlinga blei godkjend i 2014. Universitetet i Oslo har òg godkjent ei doktoravhandling om penge- og finanspolitikk under og rett etter første verdskrigen. Begge avhandlingane vil bli publiserte i Noregs Banks skriftserie i 2016. I samband med jubileumsprosjektet til banken er det i 2015 publisert tre forskingsarbeid som Working Paper.

# KOMMUNIKASJON

Openheit og god kommunikasjon er avgjerande for at Noregs Bank skal kunne utføre kjerneoppgåvene sine på ein god måte. Det er mellom anna ein føresetnad for at pengepolitikken skal fungere effektivt, og for å sikre tillit til at Statens pensjonsfond utland blir forvalta på ein god måte.

Noregs Bank skal i formidlinga si vere korrekt, føreseieleg, open og ansvarleg. Banken varetek dette gjennom å kommunisere aktivt i form av pressekonferansar, foredrag, publikasjonar og møte med ulike grupper. All vesentleg informasjon blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til banken.

### PRESSEKONFERANSAR

Mediedekninga har mykje å seie for at budskapet til banken når offentlegheita. Pressekonferansane er ein viktig kanal for å informere om arbeidet til banken og vurderingane til hovudstyret. Alle pressekonferansar blir sende direkte på nettsidene til banken. I 2015 hadde Noregs Bank i alt ti pressekonferansar.

Noregs Bank arrangerer òg fleire presseseminar kvart år for å gi journalistane kunnskap og meir utfyllande informasjon om verksemdsområda våre. I 2015 blei det arrangert tre presseseminar: eitt i samband med utgivinga av rapporten Ansvarlig forvaltning 2014, eitt i samband med rapporten Finansiell infrastruktur 2015 og eitt i samband med rapporten Finansiell stabilitet 2015.

### TALAR OG FOREDRAG


Talar og foredrag er ein annan viktig kanal for å orientere om verksemda til banken. Talane skal nå eit breitt publikum og dekkje kjerneområda til

banken. Det er eit mål å sikre god geografisk spreing.

I 2015 heldt sentralbanksjefen, visesentralbanksjefen og leiaren for Norges Bank Investment Management totalt 32 publiserte talar og foredrag. Av desse blei fire haldne i utlandet, 15 på norske stader utanfor Oslo og 13 i Oslo. Publikum var mellom anna økonomiske fagmiljø, politiske miljø, akademia, studentar, næringsliv, interesseorganisasjonar, partar i arbeidslivet, journalistar og diplomatar. Det var svært varierte tema for foredraga, mellom anna pengepolitikk, finansiell stabilitet, forvaltning av Statens pensjonsfond utland og generelle økonomiske problemstillingar.

Årstalen til sentralbanksjefen, Økonomiske perspektiv, samla gjester frå politikk, næringsliv, offentlege verksemder, presse og akademia. Andre viktige talar er foredraga til Noregs Bank sitt nettverk i regionane og presentasjonane under høyringane i Stortingets finanskomité. I tillegg heldt sentralbanksjefen mellom anna ei forelesing ved London School of Economics. Sentralbanksjefen, visesentralbanksjefen og leiaren for Norges Bank Investment Management





heldt dessutan talar under konferansar som Noregs Bank arrangerte.

Pengepolitisk rapport blir presentert for finansnæringa og marknadsaktørar i London. Tilsette i Noregs Bank held òg jamleg foredrag om ulike delar av verksemda til banken.

## NETTSIDENE OG SOSIALE MEDIUM

Nettsidene til Noregs Bank er primærkanalen for kommunikasjonen frå banken. Nettsidene er med på å gjere informasjon frå banken open og lett tilgjengeleg for alle. På sidene legg banken ut nyheiter og informasjon om verksemda til banken i tillegg til bakgrunnsstoffet for analysar og avgjerder.

Noregs Bank bruker sosiale medium som kommunikasjonskanal og er til stades på Twitter, YouTube, Flickr, LinkedIn og Instagram. Banken har òg tre Facebook-sider om høvesvis rekruttering, den nye setelserien og 200-årsjubileet. Deltakinga i sosiale medium bidreg til at banken kan nå fleire og andre målgrupper enn gjennom dei tradisjonelle kanalane.

## PUBLIKASJONAR

Banken gav i 2015 ut følgjande publikasjonar:

- Noregs Banks årsmelding og rekneskap
- Årsrapport Statens pensjonsfond utland
- Rapport om ansvarleg forvaltningsverksemd
- Pengepolitisk rapport med vurdering av finansiell stabilitet (4 utgåver)
- Kvartalsrapportar Statens pensjonsfond utland
- Finansiell stabilitet (1 utgåve)
- Finansiell infrastruktur (1 utgåve)
- Årsrapport om oppgjerssystemet til Noregs Bank
- Årsrapport om setlar og myntar
- Noregs Banks utlånsundersøking (4 utgåver)
- Noregs Banks penge-marknadsundersøking (1 utgåve)
- Regionalt nettverk (4 utgåver)
- Månadsrapportar om Noregs Banks oppgjerssystem og tryggleik for lån
- Kvartalsrapportar valutaresservane
- Noregs Bank Memo (2 utgåver)
- Staff Memo (5 utgåver)
- Working Paper (22 utgåver)
- Aktuell kommentar (5 utgåver)
- Diskusjonsnotat (5 utgåver)
- Forvaltarperspektiv (3 utgåver)
- Posisjonsnotater (2 utgåver)
- Forventningsdokumenter (3 utgåver)



## ETABLERING AV NOREGS BANK KUNNSKAPSSENTER

I tilknytning til markeringa av 200-årsjubileet i 2016 vil Noregs Bank ta eit viktig skritt vidare i utviklinga av kommunikasjons- og kunnskapsdelinga vår gjennom etableringa av Noregs Bank Kunnskapssenter ved hovudkontoret på Bankplassen i Oslo.

Kunnskapssenteret vil vere ein permanent arena for læring gjennom oppleving, der kunnskap om heilskapen i oppgåvene og den 200-årige historia til Noregs Bank blir formidla gjennom interaktive installasjonar.

Hovudinstallasjonen i senteret vil vere eit rollespel i fire akter, der deltakarane skal løyse sentrale problemstillingar i tilknytning til verksemda til Noregs Bank. Her er nokre døme på aktuelle problemstillingar:

- Kva er pengar, og kva må til for at pengar skal fungere?
- Kva rolle har bankane i økonomien, kva er forholdet mellom bankane og sentralbanken, og korleis kan myndigheitene motverke finansiell ustabilitet?

- Korleis verkar styringsrenta, og kva faktorar tek sentralbanken omsyn til i rentesetjinga?
- Kva inneber det å investere ei stor formue globalt, og kva omsyn må ein avvege for å sikre verdiane for framtidige generasjonar?

Primærmålgruppa for Kunnskapssenteret er elevlar i vidaregåande skule. Ein kan òg få tilpassa opplegg til andre målgrupper, avhengig av kapasiteten til senteret.

# VEDLEGG

## STYRANDE ORGAN, LEIING OG ORGANISASJON 2016

### HOVUDSTYRET

**Øystein Olsen**, leiar

Tilsett som sentralbanksjef i Noregs Bank frå 01.01.2011 for eit tidsrom på inntil seks år.

**Jon Nicolaisen**, første nestleiar

Tilsett som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 01.04.2014 for eit tidsrom på inntil seks år.

**Egil Matsen**, andre nestleiar

Tilsett som visesentralbanksjef i Noregs Bank frå 18.01.2016 for eit tidsrom på inntil seks år.

**Hilde Myrberg**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2014–31.12.2017.

**Kjetil Storesletten**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2014–31.12.2017.

**Karen Helene Ulltveit-Moe**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2014–31.12.2017.

**Kathryn Moore Baker**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2016–31.12.2019.

**Steinar Juel**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2016–31.12.2019.

**Varamedlemmer**

Vil bli oppnemnd

**Representantar for dei tilsette**

**Gøril Bjerkhol Havro**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2011–31.12.2016.

**Henrik Borchgrevink** (varamedlem)

**Mona Helen Sørensen**

Oppnemnd for tidsrommet 01.01.2016–31.12.2016.

### REPRESENTANTSKAPET

**Reidar Sandal**, 2010–2013, 2014–2017

(leiar, 2010–)

**Tormod Andreassen**, 2012–2015, 2016–2019

(nestleiar, 2016–)

**Vidar Bjørnstad**, 2012–2015, 2016–2019

**Ingrid Fiskaa**, 2016–2019

**Helle Hammer**, 2016–2019

**Toril Hovdenak**, 2014–2017

**Kjetil Lund**, 2016–2019

**Morten Lund**, 2010–2011, 2012–2015, 2016–2019

**Peter Meidell**, 2014–2017

**Iver Nordseth**, 2014–2017

**Frank Sve**, 2006–2009, 2010–2013, 2014–2017

**Synnøve Søndergaard**, 2010–2013, 2014–2017

**Ingebrigt S. Sørfonn**, 2012–2015, 2016–2019

**Paul Birger Torgnes**, 2014–2017

**Randi Øverland**, 2012–2015, 2016–2019

**Varamedlemmer**

**Lars Tvete**, 2014–2015, 2016–2019

**Jonas Varhaug**, 2016–2019

### REPRESENTANTSKAPETS

#### TILSYNSSEKRETARIAT

Direktør Svenn Erik Forsstrøm

### INTERNREVISJONEN

Direktør Ingunn Valvatne

## **SENTRALBANKVERKSEMDA**

Sentralbanksjef Øystein Olsen

Visesentralbanksjef Jon Nicolaisen

Visesentralbanksjef Egil Matsen

### **Stabsfunksjonar**

Direktør Birger Vikøren

### **Kommunikasjonsdirektør**

Direktør Runar Malkenes

### **Juridisk direktør**

Direktør Marius Ryel

### **Finansiell stabilitet**

Fungerande direktør Sindre Weme

### **Pengepolitikk**

Direktør Ida Wolden Bache

### **Marknader og banktenester**

Direktør Kristin Gulbrandsen

### **Pengepolitikk**

Direktør Ida Wolden Bache

### **Konsern- og fellesfunksjonar**

Direktør Jannecke Ebbesen

### **Risiko og etterleving**

Direktør Kathrine Stang Ottesen

## **NORGES BANK INVESTMENT MANAGEMENT**

Chief Executive Officer Yngve Slyngstad

Deputy Chief Executive Officer Trond Grande

## **NORGES BANK INVESTMENT MANAGEMENT**

### **Allokering**

Chief Investment Officer Ole Christian Bech-Moen

### **Marknadseksponeering**

Chief Investment Officer Øyvind G. Schanke

### **Selskapsinvesteringar**

Chief Investment Officer Petter Johnsen

### **Risikostyring**

Chief Risk Officer Dag Huse

### **Drift**

Chief Operating Officer Age Bakker

### **Administrasjon**

Chief Administrative Officer Trond Grande

### **Kontroll og etterleving**

Chief Compliance and Control Officer Stephen A. Hirsch

## **NORGES BANK REAL ESTATE MANAGEMENT**

### **Eigedomsinvesteringar**

Chief Executive Officer Karsten Kallevig

### **Risikostyring**

Chief Risk Officer Lars Dahl

### **Drift**

Chief Operating Officer Nina Kathrine Hammerstad

### **Administrasjon**

Chief Administrative Officer Mie Holstad

### **Kontroll og etterleving**

Chief Compliance and Control Officer Jan Thomsen



